

Elveførebygging og ny gangveg.
Foto: Siv Kvalsvik Haugen.

Årsmelding 2019

Rådmannen si årsmelding datert 15. april 2020

Innhald

Viktige hendingar i året.....	3
Politisk organisering og leiing	5
Politisk leiing	6
Helsing frå ordføraren.....	6
Rådmannen har ordet: Takk for meg	10
Administrativ organisering og leiing	13
Medarbeidrarar og personalpolitikk	16
Kva har vi fått til i 2019?	20
Tenesteområda	30
Hovudtal for 2019	30
Formannskapet	30
Oppvekstutvalet.....	35
Helse- og omsorgsutvalet.....	41
Teknisk, miljø- og kulturutvalet – teknisk sektor	49
Teknisk, miljø- og kulturutvalet – kultur	58
Nøkkeltal økonomi	59
Kort om året 2019	60
Ansvarsområde	60
Resultat og aktivitet	62
Stab og støtte	69
Samarbeid og interkommunale tenester	71
Samfunnsutvikling og overordna planarbeid	72
Kven representerer Gloppe kommune?	77
Årets prisvinnarar i 2019.....	78



Ordførar Leidulf Gloppestad ved opninga av Teita bru. Foto: Per Ove Fossheim.

Viktige hendingar i året

Nytt idrettsbygg i Hyen og andre investeringar



«Nytt» basseng i Hyen. Foto: Magni Aa Berge.

Også 2019 var eit år med høge investeringar. Etter litt fram og tilbake starta bygginga av dei nye omsorgsbustadene i tilknyting til Gloppen omsorgssenter. 20 nye plassar skal vere klare til bruk i løpet av 2020, og dette prosjektet toppar investeringslista i 2019 med nesten 30,4 mill, medrekna moms. Heile prosjektet er kostnadsreknar 84 mill, pluss moms.

I Hyen vart vi på lag ferdige med istandsettinga og moderniseringa av idretts- og samfunnsbygget. Her brukte vi nesten 23 mill. i 2019, medrekna moms. Det var sjølv sagt populært og kjærkome for hyarane å få ta seg ein dukkert igjen eller fleire år med stengt basseng.

NTU-bygget på Faleideflata i Mona vart opna tidleg i mai 2019. Industribygget ligg i industriområdet i Mona, og er på heile 2700 m² i grunnflate. I tillegg til produksjons- og lagerareal er her kontor og møterom. Totalt fordelt over to etasjer er 25 kontor, fleire møterom og ei stor kantine. Strukturplast overtok bygget 1. april. Vi starta bygginga av NTU-bygget i august 2018, og det stod klart til bruk i april 2019. Gloppen kommune er eigar, men det er Strukturplast som skal fylle bygget med aktivitet, og leigeavtalen som går over 30 år inkluderer også at Strukturplast står for drift og vedlikehald. Samla kosta NTU-bygget 33,1 mill. og av dette er 14,7 mill. ført på 2019-rekneskapen.

Tar vi også med forbygginga og ny gangveg mot Holvikelva i Sandane sentrum, er alle investeringar over 5 mill. i 2019 nemnde.



NTU-bygget i Mona vart opna tidleg i mai 2019. NTU står for NordfjordTeknologiUtvikling. Foto: Knut Roger Nesdal.

Himmelén opna seg

30. juli 2019 er ein dag vi vi hugse, og ikkje med glede. Eit vanvittig regnvêr slo ned i deler av Hyen, og påførte Brødrene Aa og Hyen Fisk store skadar. I Ommedalen gjekk det verst utover bruket til Solfrid og Bjørn-Petter Rygg, som opplevde næraast ei rasering av eigedomen sin. Fleire vegar vart stengde og Ommedalen var utan vegsamband ei tid fordi Aatverrelva øydedla bruva over fylkesvegen.

Kommunen slapp ganske lett unna øydeleggingane denne gongen, og heldigvis kom ingen til skade.



På synfaring i Ommedalen i lag med NVE og vegvesenet etter uvêret. Skadane er var omfattande.
Foto: Jan Kåre Fure.

Planarbeid

Også i 2019 har planarbeidet vore i fokus, utan at vi har kome i mål med anna enn kulturminneplanen. Vi har brukta mykje tid på arealdelen i kommuneplanen og områdereguleringsplanen for Sandane, men har ikkje greidd å bli ferdige med desse i 2019, slik dei opphavlege planane var. Vi har jamt over vore for optimistiske med tidsplanane våre. Heller ikkje kommunedelplanen for ny E39 er avslutta for vårt sitt vedkomande. Planen er ikkje akseptabel slik han no ligg føre.

Reguleringsarbeidet for Sandane sentrum har fått mykje merksemd og skapt stor debatt. Særleg har dei som har engasjert seg vore opptekne av parkerings-plassane. Også plasseringa av leikeplassen var eit stort tema i 2019, med debatten stilna då den mellombelse løysinga vart teken vekk.

Val 2019

I september 2019 var det kommunestyre- og fylkestingsval. Som vanleg gjekk dette greitt føre seg i Gloppen. Vi opplevde ikkje problem med gjennomføringa av noko slag. Valdeltaking var på vel 71 %, det same som i 2015. Oppteljinga etter valet gav slikt resultat:

Parti	Røyster	Represent.	%
Senterpartiet	1 563	13	48,7
KrF	414	4	12,9
Arbeiderpartiet	369	3	11,5
Høgre	295	2	9,2
MDG	187	2	5,8
SV	161	1	5,0
Samfunnssdem.	138	1	4,3
Venstre	83	1	2,6

Det nye kommunestyret og den folkevalde leiinga er omtala på neste side.



Frå konstituerande kommunestyremøte den 25. september, der Per Jarle Myklebust tok over vervet som varaordførar etter Magni Aa Berge. Foto: Jan Kåre Fure.

Utfordrande økonomi

2019 vart eit år med store økonomiske utfordringar. Rådmannen går nærmare inn på dette på sidene 9 til 11.

Hovudproblemet vårt er at vi ikkje har inntekter nok til å halde oppe eit så godt tenestetilbod som vi har i dag. I tillegg kjem at store investeringar, som i all hovudsak er lånefinansierte, gjev oss mykje større utgifter til renter og avdrag. Vi har ikkje greidd å kutte i drifta for å få plass til dei auka finanskostnadene.

Ein attraktiv kommune

Gloppen vart i 2019 verkeleg sett på kartet som ein triveleg og attraktiv kommune. Ei heil veke sist sommar hatt NRK sitt sommarprogram frå Gloppen Camping, og vi fekk statsministeren til å opne Trivselsskogen på Sandane i beste sendetid.

Dei faste festivalane har gått av stabelen og trekt til seg glopparar og utanbygds folk i stor skala. Stor takk til alle som jamt og trutt arbeider for å gje oss ein rikare kvardag – midt i verda!

Politisk organisering og leiing

Gloppen kommune er politisk organisert etter hovudutvalsmodellen, med tre hovudutval og formannskap. Administrasjonsutvalet er no ikkje lenger hovudutval.

Alle medlemmane i kommunestyret er plasserte i formannskapet eller hovudutvala. I tillegg sit leieren og nestleieren i kontrollutvalet også i kommunestyret.

Politisk organisering

Gjeld frå 31. oktober 2019



Gloppen kommune

Til organisasjonskartet:

Formannskapet er kommunen sitt generelle klageorgan etter § 28 i forvaltningslova. Formannskapet har også kontrollfunksjonen etter alkohollova og er hovudutval for saksområde som fell utanfor dei andre hovudutvala sine saksfelt, t.d. samferdslesaker og nærings- og ressurssaker.

Formannskapet har no det daglege politiske ansvaret for alle plansaker etter plan- og bygningslova. Som ein følgje av dette er også konsesjonssakene og landbruksakene lagde til formannskapet.

Etter valet i 2019 vart ordninga med finansutval, der formannskapet i økonomisaker vart utvida med gruppeliarane i dei partia som ikkje sit i formannskapet lagt ned. Dette var ei ordning som ikkje fungerte. Formannskapet er no kommunen sitt økonomiutval.

Politiske organisasjonskartet ved årsskiftet 2019/2020.

Teknisk, miljø- og kulturutvalet er kommunen sitt organ i viltsaker og saker etter friluftslova og naturmangfaldslova.

Administrasjonsutvalet er kommunen sitt utval i organisasjonssaker. Utvalet er sett saman av fire medlemmer frå formannskapet og tre medlemmer peika ut av dei tilsette sine organisasjonar.

Desse utvala er ikkje med på organisasjonskartet:

- **Valstyret** er eit lovpålagt organ som i denne valperioden er sett saman av formannskapet og gruppeliarane i dei partia som ikkje er med i formannskapet. Leiar er ordføraren.

- **Arbeidsmiljøutvalet** er eit lovpålagt organ der arbeidsgjevar og arbeidstakarane skal ha like mange medlemmer. Etter ny kommunelov i 2019 har utvalet ikkje politiske medlemmer.

Politisk leiing



Ordførar Leidulf Gloppestad.
Foto: Siv Kvalsvik Haugen.

Ordførar Leidulf Gloppestad frå Senterpartiet vart attvalt til ordførar i 2019. Med seg i den politiske leiinga har han varaordførar Per Jarle Myklebust (Sp).

Utvalsleiarane er Monica Grov (Ap) i helse- og omsorgsutvalet, Bernt Reed (Sp) i oppvekstutvalet, Olav Klungre (KrF) i MULTEK-utvalet og Per Jarle Myklebust (Sp) i administrasjonsutvalet.

Ordføraren representerer Gloppen kommune i alle samanhengar der det ikkje er valt eigne representantar (sjå oversikta på side 76 i årsmeldinga) eller der representasjonsansvaret ligg til rådmannen.

Helsing frå ordføraren

Årsmeldinga syner ein kommune med høgt aktivitetsnivå, noko rekneskapen også gjev tydeleg uttrykk for. Og dette er kort oppsummert vår definitive hovudutfordring.

Det å arbeide med innsparinger kontinuerleg år etter år, kan vere krevjande, spesielt for dei som står ute i tenestene og som står nærmast brukarane, pasientane og dei pårørande. Det står stor respekt av det arbeidet som vert gjort og den innsatsen våre tilsette legg ned i sitt faglege virke. Mykje av den omtalen kommunen får for vårt arbeid anten det er i helse, i skulen, i flyktningarbeidet eller vår plassering i kommunebarometeret, det kjem ikkje av seg sjølv, og blir ikkje slik berre med godt planverk og politiske vedtak. Dei blir slik også fordi Gloppen kommunen har tilsette ute i alle delar av organisasjonen som legg meir i sitt arbeid enn arbeidstida si. Vi som politikarar skal vere klare over dette og det er viktig at vi også syner og verdset det arbeidet som vert gjort.

Årsmeldinga syner at nærværet er noko lavare i år enn før. Dette er kommunen klar over, ein følgjer med ser og vurderer tiltak der dette er naudsynt. Vi som politikarar også skal vere veldig klare over dette, spesielt i den tida vi no går inn i, der nedskjeringar vil prege budsjettarbeidet dei komande åra. Dette er ikkje nytt i kommunale organisasjonar, men ein skal også passe på og ha respekt for den ekstra belastning desse prosessane kan føre til for enkelte. Gloppen er ein god kommune å bu i. Gloppen har også eit veldig godt politiske klima. Eit klima prega av respekt for kvarandre sine syn og meininger og ein felles vilje til å, i stort, leite etter og finne felles løysingar for vegen framover og å bygge kommunen vidare.

Leidulf Gloppestad
ordførar

Kommunestyret - 2019-2023

Senterpartiet (Sp)

1. Leidulf Gloppestad
2. Per Jarle Myklebust
3. Magni Aa Berge
4. Jeffrey Elliott Thomas
5. Bernt Reed
6. Janne Marie Solheim
7. Solveig Lien Gusdal
8. Vegar Sårheim
9. Olaf Sigurd Gundersen
10. Eivind Reed
11. Jostein Arne Røyrvik
12. Vidar Sandal
13. Karoline Bjerkeset

Høgre (H)

1. Beate Dybendal Nordvik
2. Jan Ove Rygg

Samfunnsdemokratane (SD)

1. Gunnvor Sunde

Kristeleg Folkeparti (KrF)

1. Svein-Ottar Sandal
2. Arnfinn Jørgen Brekke
3. Olav Klungre
4. Per Ståle Husevåg

Arbeiderpartiet (Ap)

1. Arnar Kvernevik
2. Monica Grov
3. Sandra Edith Tenud

Miljøpartiet dei Grøne (MDG)

1. Mariel Eikeset Koren
2. Jørgen Dølvik Husbyn

Sosialistisk Venstreparti (SV)

1. Katrine Anita Heggelund

Venstre (V)

1. Bjarte Gangeskar

Kommunestyret er lovpålagt etter § 6 i kommunelova.

Formannskapet

Leidulf Gloppestad (Sp) - ordførar

Formannskapet er lovpålagt etter § 8 i kommunelova (for dei kommunar som ikkje har parlamentarisk styre).

Per Jarle Myklebust (Sp) - varaordførar

Magni Aa Berge (Sp)

Formannskapet er finansutval (sjå omtale på side 5), generelt klageorgan og har kontrollansvaret etter alkohollova.

Solveig Lien Gusdal (Sp)

Arnar Kvernevik (Ap)

Formannskapet er også hovudutval for saker som fell utanom dei andre hovudutvalsområda sitt ansvarsområde.

Katrine Anita Heggelund (SV)

Mariel Eikeset Koren (MDG)

Svein-Ottar Sandal (KrF)

Beate Dybendal Nordvik (H)

Helse- og omsorgsutvalet (HOU)

Monica Grov (Ap) – leiar
Arnfinn Jørgen Brekke (KrF) – nestleiar
Jostein Arne Røyrvik (Sp)
Eivind Reed (Sp)
Jeffrey Elliott Thomas (Sp)
Mariel Eikeset Koren (MDG)
Beate Dybendal Nordvik (H)

Helse- og omsorgsutvalet er styre for August Christian Mohr legat (til vanleg omtala som Mohrs legat) og Brita og Hans Thorbergens legat.

Oppvekstutvalet (OPV)

Bernt Reed (Sp) – leiar
Bjarte Gangeskar (V) – nestleiar
Janne Marie Solheim (Sp)
Magni Aa Berge (Sp)
Per Ståle Husevåg (KrF)
Sandra Edith Tenud (Ap)
Jørgen Dølvik Husbyn (MDG)

Oppvekstutvalet har ingen særfunksjonar.

Teknisk, miljø- og kulturutvalet

Olav Klungre (KrF) – leiar
Katrine Anita Heggelund (SV) – nestleiar
Karoline Bjerkeset (Sp)
Olaf Sigurd Gundersen (Sp)
Vegar Sårheim (Sp)
Arnar Kvernevik (Ap)
Gunnvor Sunde (SD)

Teknisk, miljø- og kulturutvalet er styre for Anders Klaussen og Alffrida Egges Minnelegat.

Administrasjonsutvalet (AMU)

Folkevalde
Per Jarle Myklebust (Sp) – leiar
Svein-Ottar Sandal (KrF) – nestleiar
Solveig Lien Gusdal (Sp)
Beate Dybendal Nordvik (H)
Frå dei tilsette
Tone Kristin Morken (Fagforbundet)
Anne-Grete Hoddevik (Fagforbundet)
Kirsten Sola Strand (Utdanningsforbundet)

Administrasjonsutvalet er lovpålagt etter § 25 i kommunelova viss ikkje partane lokalt avtalar andre samarbeidsordningar.

Dei folkevalde er valde for heile valperioden, medan dei tilsette sine representantar er valde for to år.

Kontrollutvalet

Jan Ove Rygg (H) – leiar
Vidar Sandal (Sp) – nestleiar
Frode Fagerli (KrF)
Charlotte R. Holtan (SD)
Marit Lysholm (SV)

Kontrollutvalet er lovpålagt etter § 77 i kommunelova.

Talet på saker i styre, utval og råd

Utval	2019	2018	2017	2016	2015	
Kommunestyret	119	73	81	108	86	
Formannskapet	161	141	132	161	149	
Helse- og omsorgsutvalet	43	41	47	44	50	
Oppvekstutvalet	36	44	46	48	42	
Teknisk, miljø- og kulturutvalet	86	128	105	137	125	* MULTEK-utvalet fram til 30. oktober 2019
Administrasjonsutvalet	13	15	15	19	22	
Kontrollutvalet	40	32	31	45	36	
Eldrerådet	21	26	22	28	24	
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	20	25	31	30	18	
Ungdomsrådet	14	29	20	27	24	



I oktober 2019 fekk leikeplassen på Heradspllassen si endelige utforming. Foto: Siv Kvalsvik Haugen.

Rådmannen har ordet: Takk for meg



2019 er det siste året med meg som rådmann i Gloppen. Eg skal ikkje gjere noko stort nummer av det, men vil likevel nytte årsmeldinga til å seie takk for meg. Eg har hatt Gloppen kommune som arbeidsgjevar i nesten 40 år, og dei siste seks åra som øvste administrative leiar. Det har vore interessant og gjevande. Mykje har skjedd sidan eg vart gloppar tidleg på 1980-talet, og alt i alt har utviklinga vore god og positiv. Eg håpar at dette vil halde fram sjølv om tidene blir tøffare.

*Jan Kåre Fure tok til som rådmann i Gloppen 1. mai 2014 og sluttar til sommaren 2020.
Foto: Inger Haldis Aske Lothe, Firda Tidend*

2019 var eit år med store økonomiske utfordringar, og rekneskapsmessig gjekk vi på ein smell med eit betydeleg underskot, eller rekneskapsmessig meir-forbruk som det formelt sett heiter. Årsakene til dette er fleire, men kort oppsummert er forklaringa at vi ikkje har inntekter nok til det drifts- og investerings-nivået no har hatt i mange år.

Også i 2019 hadde vi sjukmeldingar og fråvær i sentrale stillingar i kommunaleiinga utan at dette har ført til redusert kommunal aktivitet. Det er sjølv sagt positivt, men vi greidd å halde godt nok styr på deler av aktiviteten vår. Dette ser vi m.a. på den økonomiske styringa.

På driftssida er det store avvik til budsjettet både på utgifts- og inntektssida. Mykje av dette skuldast at vi i 2019 – og i tidlegare år – ikkje har budsjettert med sjukefråvær. Sjølv om dette framleis er ganske lavt i Gloppen kommune, gjev fråværet store budsjett-messige avvik. Avvika samla sett har vore så store at budsjettet ikkje har vore godt nok som styringsverktøy. Dette er retta opp f.o.m. 2020.

Ei kort økonomisk oppsummering av 2019-drifta

Inntektene til kommunen har stoga opp og auka berre med 0,2 % frå 2018 til 2019. I same tidsrommet auka driftsutgiftene med 0,5 %. Dette avviket på 0,3% førte til eit forverra driftsresultat på ca. 2 millionar kroner. Samla fekk Gloppen kommune eit negativt brutto driftsresultat på 1,3 millionar kroner.

På grunn av høge investeringar dei siste åra aukar netto finansutgifter med 4 millionar kroner. Samla førte dette til at kommunen enda med eit netto driftsresultat på minus 9,9 millionar kroner, ei forverring på ca. 6,1 millionar kroner frå 2018.

Den største utgifa til kommunen er lønnsutgiftene som står for 66,6 % av driftsutgiftene til kommunen. Totalt auka lønnsutgiftene med 10,4 millionar kroner, eller 2,7 % frå 2018 til 2019.

Dei frie inntektene frå staten auka med 3,12 %, eller 11,7 millionar kroner. Utfordringa til kommunen er at dei andre inntekta til kommunen stagnerer eller går ned. Det er hovudsakleg inntektene knytt til flyktningar som fører til at inntektene ikkje stig meir. Nedgangen i inntekter knytt til mottak av flyktningar gjekk ned med ca. 9 millionar kroner frå 2018.

Andre store inntektsreduksjonar var 9 millionar kroner som vi fekk i forsikringsutbetaling for å dekke utgifter knytt til brann på Heradshuset i 2018. Men dette inntektstapet vart dekka inn ved at kjøp av varer og tenester gjekk ned med same beløp.

Kommunen sine lønnsutgifter er i dag før høge i høve til dei inntektene vi har. Kommunen må gå med eit overskot på rundt 10 millionar kroner for å dekke løpende renteutgifter på til lån. Dette beløpet vil auke i takt med investeringane utover til 20 millionar kroner i året.

Investeringane

Vi har investert mykje dei siste åra, og 2019 vart eit toppår, men over 90 millionar i låneopptak til nye investeringar. Dei største prosjekta i 2019 var:

Nytt omsorgsbygg, med 30,3 mill. Prosjektet skal gjerast ferdig i 2020.

Idrettsbygget i Hyen, med 22,9 mill. Prosjektet er nesten ferdig.

NTU-bygget, med 14,7 mill. Prosjektet er ferdig og avslutta.

Forbygging og ny veg langs Holvikelva, med 7 mill. Prosjektet er ferdig.

Modulbygg ved Sandane skule, med 4,9 mill. Prosjektet er ferdig.

Gammalt ledningsnett kloakk, med 4,7 mill. Prosjektet blir «aldri» ferdig.

Sjølv om vi har blitt mykje flinkare å sluttfinansiere kommunale investeringsprosjekt, har vi ein del å gå

på når det gjeld budsjettering av slike og styring og rapportering under vegs. Særleg har rådmannen fått kritikk for budsjetteringa og rapporteringa i tilprosjektet: *Istandsettinga av heradshuset etter brannen i 2016 og utbygginga av Gloppen ungdomsskule*. Begge desse prosjekta viser store budsjettoverskridningar og undervegsrapporteringa har vore därleg. Rådmannen tar kritikken innover seg, og har lovd bot og betring.

Nordfjordsamarbeidet

har på mange måtar stått på vent i 2019. Dagleg leiar i rådet slutta etter berre eit år i stillinga. I tillegg til dette har fleire av kommunane i samarbeidet vore sterkt opptekne med kommunereforma.

Resultatet av reforma har blitt eit mindre Nordfjord. Hornindal har valt Volda og Møre og Romsdal og Vågsøy har valt Flora og kysten framfor Nordfjord. Bremanger står framleis utanfor det politiske samarbeidet i Nordfjord, men er med på alle dei administrative samarbeida.

1. januar 2020 vart vi ein del av Vestland fylkeskommune, saman med 42 andre kommunar frå Hordaland og Sogn og Fjordane. Avstandane i det nye fylket store både geografisk og mentalt, og tyngdepunktet i fylket langt vekke. Dette gjer det nødvendig for oss i nord-fylket å finne saman i eit regionsamarbeid som kan ivareta våre interesser og gje oss eit nettverk som hjelper oss i det daglege. Slik det no ser ut, er samarbeid med nye Sunnfjord kommune det mest aktuelle.

Slik rådmannen ser det, blir det ikkje ny fart i regionsamarbeidet før ein ny dagleg leiar for samarbeidet er på plass. Det er ei utfordring å gjere denne

stillinga så attraktiv og spennande at vi får tak i flinke folk – som blir sitjande.

Sjølv om Stad no har leiarskapet i Nordfjord-samarbeidet, held Gloppen fram som rekneskapsførar for dette.

Stabilt folketal

Folketalsutviklinga i Gloppen var så vidt positiv i 2019, med ein samla auke på 18 glopparar, til 5.854 ved årsskiftet 2018/2019. Vi har eit fødselsunderskot på 1 og netto tilflytting på 19.

Vi kan ikkje henge oss opp i enkeltår når det gjeld folketalsutviklinga. Gloppen er så pass liten at enkelt-hendingar, som inn- eller utflytting av ein stor familien, viser direkte igjen i statistikken.

Det er viktig at vi arbeider jamt og trutt for å sikre folketala. Ikkje noko er viktigare for kommunen sine inntekter enn folketetalet. Det gjeld både skatteinntektaene og overføringane frå staten. Vi må derfor halde fram med å bruke kommunale kroner til kultur- og utviklingsarbeid og ha folk i kommunen har dette som si hovudoppgåve. Rådmannen gjentar det eg skrev i årsmeldinga for 2018: Vi må derfor alltid legge vekt på tiltak som fører til at folk blir verande og finn seg til rette i Gloppen. Her har kommunen sjølv sagt ei viktig rolle, men det er også opp til deg og meg. Dette er framleis «gjeldande rett».

I tillegg til kommunen og kvar og ein av oss, må vi i Nordfjord bli flinkare på samarbeid om rekruttering og busetting. Store deler av Nordfjord er eitt bu- og arbeidsområde. Det må vi halde fast ved, og marknadsføre. Vi har mykje å gå på for å bli betre også på dette punktet.

Ei kort analyse over utviklinga til Gloppen kommune frå 2015 til 2019

Kva er det som fører til ei stadig forverring av drifta til Gloppen kommune? Ser vi på tabellen nedanfor, der sjølvkortområda og fondsforbruket er fjerna, får vi ei grei oversikt:

Radetiketter	B 2020	2019	2018	2017	2016	2015
+ Salsinntekter	-56 814 000	-81 759 528	-80 162 619	-75 303 597	-67 997 314	-66 414 754
+ Refusjonar	-73 716 000	-80 307 435	-85 200 175	-78 625 541	-71 129 912	-67 203 400
+ Overføringer	-409 468 000	-390 832 951	-388 688 375	-374 481 894	-361 920 764	-334 626 852
+ Lønn og sosiale utgifter	401 907 000	389 822 729	379 140 990	367 121 774	346 324 966	328 581 127
+ Driftsutgifter	67 977 000	94 430 960	107 307 308	99 138 721	95 309 308	87 254 049
+ Kjøp av andre	53 921 000	51 515 194	50 032 844	45 664 333	41 503 539	36 685 358
+ Finansieringsinntekter	-17 465 000	-11 274 755	-6 469 033	-5 521 365	-6 960 315	-5 815 067
+ Finansieringsutgifter	43 744 000	43 389 889	34 613 471	30 148 894	24 646 630	21 206 873
Totalsum	10 086 000	14 984 103	10 574 411	8 141 325	-223 862	-332 666

Utviklinga viser at nokre område skil seg ut:

Lønnsutgiftene har auka med 18,64 % frå 2015 til 2019. I same periode har gjennomsnittleg lønnsauke i kommunal sektor vore 12 %. Lønn er klart den største utgelta kommunen og står for 72,6 % av driftsutgiftene (ikkje medrekna finansutgifter).

Meirauken betyr ein auke i talet på tilsette, men den kan også vise at lønnstillegga har vore høgare hos oss enn landsgjennomsnittet på grunn av dei sentrale prioriteringane i lønnsoppgjera.

Område to som skil seg ut er utgifter knytt til kjøp av andre. Denne posten har auka med 40 % i

perioden, eller 14,8 millionar kroner. Utgiftsauken er i hovudsak knytt til barnehagar. Overføringane til private barnehagar har også med 53,32 % i perioden, noko som tilsvarar 8,3 millionar kroner.

Det tredje området som skil seg ut er *netto finans*. Totalt har netto finans forverra seg med 16,7 millionar kroner i perioden. Det betyr at kommunen burde ha forbetra driftsresultatet med dette beløpet. Ser vi på netto drift i perioden, er forbetringa berre på 1,4 millionar kroner. I 2019 var overskotet på drifta 17,1 millionar før finans, og i 2015 var dette resultatet på 15,7 millionar.

Så kjem vi til den siste utfordringa som er *tilskotsmidlar til kommunen*. I avsnittet ovanfor kan det sjå ut som om vi går med større overskot enn vi faktisk gjer. Kommunen får kvart år mange millionar kroner i tilskotsmidlar knytt til diverse prosjekt som kommunen skal utføre. Desse midlane kan ikkje nyttast til ordinær drift. Vi må jobbe aktivt med å få kontroll på desse tilskota slik dei ikkje blir rekna med i inntektsstraumen som kan nyttast fritt. Tilskot som ikkje blir nydda i det året dei blir gjevne, blir avsette til bundne fond. I 2019 er overføringar til bundne fond på 7,9 millionar kroner, ein oppgang frå gjennoms-nittlige 3 millionar kroner i året. Dette betyr at ein stad mellom 8 og 12 millionar kroner av inntektene til kommunen ikkje kan nyttast til ordinær drift.

Når vi så veit at kommunen går med eit driftsoverskot på 17,1 millionar kroner i 2019 og 7,9 av dei millionane er bundne til andre oppgåver, har vi eit problem. I 2015 var dette forholdet 15,7 millionar kroner i overskot med avsettingar på 3,3 millionar kroner. Konsekvensen er at kommunen i realiteten har mindre å rutte med enn tala viser.

Ser vi litt grundigare på *lønnsutgiftene*, får vi dette bildet: Netto lønnsutgifter for Gloppe kommune har i perioden 2015 til 2019 øka med 18,6 %, medan gjennomsnittleg månadsløn for kommunalt tilsette og politikarar i perioden øka med 12,01 %. Ser vi bort frå politikarar, introduksjonstilskotet og sosiale utgifter, er auken på 19,25 %. Avviket mellom 19,25 % og 12,01 % utgjer ca. 18,2 millionar kroner, eller 60,3 % utover «normal» lønnsauke.

Kultursektoren har i perioden redusert netto lønnsutgifter med -2,06 %, noko som betyr ei netto innsparing på 14,07 %. I kroner og øre utgjer dette ca. 1,7 millionar kroner.

Dei resterande sektorane har hatt høgre lønnsutvikling enn gjennomsnittet. Høgst ligg formannskapet sitt budsjettområdet med 25,78 % i perioden. Dette utgjer ca. 1,5 millionar kroner utover snittauken. Forklaringa på dette er at vi i 2016 henta tilbake to tilsette på IKT frå Nordfjordnett, og i 2017 kom plantenesta inn under formannskapet sitt ansvarsområdet. I 2018 kom i tillegg Nordfjordrådet inn på området. Totalt forklarar nye og utvida ansvarsområde ca. 2,6 millionar kroner av auken. IKT-auken er berre flytting av utgifter frå kjøpte tenester til lønn.


Oppvekstutvalet har hatt ei lønnsutvikling på 17,91 % i perioden, noko som tilsvarar ein meirauke på 5,4 millionar kroner utover «normal» lønnsvekst. Det er i hovudsak skule som står for meirauken. Dei har hatt ein auke på 27,93 %, eller 8,4 millionar kroner over gjennomsnittleg lønnsauke i perioden.

Helse- og omsorgsutvalet har hatt ein auke på 22,51 % i perioden. Dette er 11,7 millionar kroner utover ordinær lønnsutvikling. Auken kan i hovudsak tilskrivast heimehjelp og institusjon.



«Partileiardebatt» under Sandanedagane 2019. Ordstyrar var tidlegare banksjef i Sparebanken Sogn og Fjordane, Arvid Andenæs. Kommuneøkonomien var eit sentralt tema. Foto: Jan Kåre Fure.

Administrativ organisering og leiing



Administrativ organisering, sist oppdatert 1. september 2019.

Det vart gjort endringar i organisering av stab og støtte i 2019 ved at økonomisjefen, personalsjefen og næringssjefen no rapporterer direkte til rådmannen.

Leiing og leiilarar i Gloppen

Gloppen kommune er organisert etter sektor-modellen. Modellen har tre nivå der rådmannen er øvste administrative leiari. Under seg har rådmannen fem «rådmenn» for sine ansvarsområde: Stab og støtte, oppvekst, helse og omsorg, tekniske tenester (inkl. landbruk) og kultur. Avdelingane under dette – nivå tre – er *einingerane*, som alle er leia av ein einingsleiari.

Rådmannen si leiargruppe består av leiariane for sektorane og personalsjef, økonomisjef, næringssjef og rådmannen sjølv. Det gir ei leiargruppe på ni medlemmer. Organisasjonssjefen fungerer som rådmann i rådmannen sitt fråvær. Er begge desse vekke, fungerer teknisk sjef som rådmann. Rådmannen si leiargruppe og einingsleiariene utgjer kommunen sitt *leiarforum*. I 2019 har teknisk sjef fungert også som «einingsleiari» for plan- og byggesak. Elles er det ikkje gjort organisatoriske endringar i leiaristrukturen i 2019.



Kultursjef Jan-Kjetil Øygard døydde 6. juli 2019.
Foto: Siv Kvalsvik Haugen.

			
<p><i>Else Lundestad Bakkelid tok til som styrar i Mona barnehage 01.10.2019. Foto: Privat.</i></p>	<p><i>Eva Kristin Rønneklev starta som einingsleiar på Oreteigen 26.08.2019. Foto: Siv Kvalsvik Haugen.</i></p>	<p><i>Kjersti Rønningen vart konstituert som kultursjef 15.08.2019. Foto: Siv Kvalsvik Haugen.</i></p>	<p><i>Remi Lone Nilsen starta som økonomisjef 29.07.2019. Foto: Hallgrím Rogn.</i></p>
			
<p><i>Eva Skrivervik-Alme starta som einingsleiar på Gotatoppen 23.09.2019. Foto: Siv Kvalsvik Haugen.</i></p>	<p><i>Synnøve Marie Hestenes tok til som einingsleiar i Miljøarbeidartenesta 13.12.2019. Foto: Siv Kvalsvik Haugen.</i></p>	<p><i>Lars Berntzen vart konstituert som NAV-leiar 23.04.2019. Foto: Siv Kvalsvik Haugen.</i></p>	<p><i>John Rune Ødven vart konstituert som rektor på Gloppen kulturskule 01.11.2019. Foto: Edvin Hugvik.</i></p>

Ved årsskiftet 2019/2020 utgjorde desse leiарforumet:

Rådmannen si leiargruppe

Funksjon	Namn
Rådmann	Jan Kåre Fure
Organisasjonssjef	Geir Liavåg Strand
Oppvekstsjef	Per Arne Strand
Helse- og omsorgssjef	Gunhild Gimmestad
Teknisk sjef	Kjell Petter Solhaug
Kultursjef	Kjersti Rønningen (konst)*
Personalsjef	Rita Lilletvedt
Økonomisjef	Remi Lone Nilsen*
Næringsjef	Knut Roger Nesdal

* Ny i 2019

Einingar og einingsleiarar

Oppvekst	Tittel og namn
Breim skule	Rektor Marianne Kårstad Raad
Gloppen ungdomsskule	Rektor Ragnhild Bruvoll
Hyen skule og barnehage	Rektor Vigdis Henden

Årsmelding for 2019

Nordstranda skule	Rektor Elisabeth Sunde Andenæs
Sandane skule	Rektor Linn Kristin Øren
Breim barnehage	Styrar Anette Støyva
Mona barnehage	Styrar Else Lundestad Bakkelid*
Gloppen opplæringssenter	Rektor Sonja Jordanger Loen
PP-tenesta	PPT-leiar Hilde Nødset
Barnevernstenesta	Barnevernsleiar Gerd Ynnesdal
Helsestasjonen	Leiande helsesøster Gerd Heimsæter Aa

* Ny i 2019

Helse og omsorg	Tittel og namn
Legetenesta	Kommuneoverlege Benny Ø. Hansen
Psykisk helse	Einingsleiar Synnøve Grov
Fysio-/ergoterapi	Einingsleiar Margot Andenes
Gloppen omsorgssenter 1. etasje	Einingsleiar Iren Knutsen Utheim
Oreteigen	Einingsleiar Eva Kristin Rønneklev
Heimetenesta Gotatoppen	Einingsleiar Eva Skrivervik-Alme*
Gloppen kommunale kjøkken	Kjøkkensjef Gunnvor Sunde
Miljørarbeidartenesta	Einingsleiar Synnøve Marie Hestenes*
Breim heimeteneste	Einingsleiar Elsa Hjorteset
Hyen heimeteneste	Einingsleiar Oddrun Ommedal
Sandane heimeteneste	Einingsleiar Kari-Ann Krogh
NAV Gloppen (den kommunale delen)	NAV-leiar Lars Berntzen (konst)*

* Ny i 2019.

Teknisk sektor	Tittel og namn
Eigedomsavdelinga	Eigedomssjef Odd Arne Kolseth
Landbrukskontoret	Landbrukskjef Trine Alme
Kommunalteknikk	Leiar kommunalteknikk Per Ove Fossheim
Brann og beredskap	Brann- og beredskapskjef Runar Kleppe
Plan- og byggesak	Teknisk sjef Kjell Petter Solhaug

Kultur og næring	Tittel og namn
Gloppen folkebibliotek	Biblioteksjef Torill Berge
Gloppen kulturskule	Rektor John Rune Ødven (konst)*
Kulturhuset Trivselshagen	Dagleg leiar Ola Tarjei Kroken
Trivselshagen bad og idrett	Dagleg leiar Øystein Sundal

Medarbeidarar og personalpolitikk

Det blei utskrive 1.308 lønns- og trekkoppgåver i 2019. Dette er tal personar som har fått lønn eller godtgjersle frå Gloppen kommune dette budsjettåret.

ÅRSVERK, STILLINGAR OG TAL TILSETTE

Tabellane nedanfor inneheld ikkje støttekontaktar, folkevalde og personar med kvalifiserings- og introduksjonstilskot. Tal per 31.12.2019.

	Årsverk	Tal tilsette
Kvinner	398	497
Menn	99	118
Sum	497	616

Årsverk: Inneheld alle med ein fast stillingsprosent.

Tal tilsette: Dette er tilsette med ein registrert stillingsprosent.

Sum delstillingar og gjennomsnittleg stillingsprosent

Årsverk	Tal tilsette	Gj.snitt. stillingsprosent
Kvinner	183	283
Menn	22	41

UTVIKLINGA I TALET ÅRSVERK I KOMMUNEN


Årsverk	2019	2018	2017	2016	2015
Årsverk	497	503	503	483	463

Utviklinga i tal årsverk stabiliserte seg i 2018 og vi ser no ein liten nedgang.

Oversikta over talet på årsverk er brutto, d.v.s. at ei stilling som fullt ut er finansiert av tilskot eller refusjonar tel like mykje som ei stilling som det ikkje er inntekter på. Tala viser også vikarbruken ved sjukmeldingar m.m.

Aldersfordeling på tilsette over 50 år i Gloppen kommune

Per 31. desember 2019 har kommunen 271 arbeidstakrarar over 50 år og 192 over 55 år. Tilsvarande tal per 31. desember 2018 var 253 og 172. Fordelinga ved siste årsskiftet er slik på den enkelte alder:



Likestilling og deltid

Gjennom HTA (hovudtariffavtalen) er dei lokale partane forplikta til å drøfte likelønn kvart år på bakgrunn av tal som viser lønnsutviklinga blant anna fordelt på kjønn. Dette blir i Gloppen gjort i samanheng med drøftingar framfor lokale for-handlingar.

Etter HTA § 2.3.1 er kommunen forplikta til å arbeide for å redusere uønskt deltid. Fokus på å redusere deltidsstillinger har eit klart likestillings-perspektiv, fordi dei fleste med uønskt deltid er kvinner. Det er også eit viktig arbeid med tanke på rekruttering.

Innføring av årsarbeidsplan, bruk av frie timer og tilsetting av faste vikarar er viktige tiltak for å redusere årsverk og tal tilsette som arbeider deltid.

GJENNOMSNITTLØNN, ÅRSVERK OG STILLINGSPROSENT DELT PÅ KAPITTEL (ETTER HOVUDTARIFFAVTALEN) OG KJØNN FOR KOMMUNEN SINE TILSETTE

Kapittel	Kjønn	Tal tilsette	Årsverk	Snittst. %	Snittlønn
Kap 3.4.1	Kvinner	3	3,0	100	740.000
Toppleiarar	Menn	5	5,0	100	800.000
Kap 3.4.2	Kvinner	24	23,6	98	655.000
Einingsleiarar	Menn	6	6	100	629.000
Kap 4	Kvinner	457	364	80	470.000
	Menn	98	83	85	470.000
Kap 5	Kvinner	14	10	71	613.000
	Menn	9	7	77	670.000

- Kap 3.4.1: Årsak til lønnsskilnaden mellom kvinner og menn for denne gruppa er lønn til rådmannen.
- Kap 3.4.2: Lønn til rektorer er noko høgre enn lønn til dei andre einingsleiarane. Alle rektorane er kvinner og snittlønn for kvinner i kap 3.4.2 vert då høgre enn snittlønna for menn. Lønna til kommuneoverlegen er ikkje med i snittlønna fordi denne påverkar gjennomsnittet så mykje at tala blir misvisande.
- Kap 4: Det er ikkje lenger lønnsskilnader mellom kvinner og menn i denne gruppa
- Kap 5: På kapitlet er lønn til teknologar, ingeniørar og tilsette i administrasjonen med lokalt fastsett personleg lønn. Ulikt ansvar og jobbinnhald utgjer individuelle skilnader.

Rekruttering og kompetanse

Gloppen kommune har som overordna mål å vere ein moderne og attraktiv arbeidsgjevar som klarar å rekruttere, utvikle og behalde kompetente medarbeidarar.

Motiverte og kompetente medarbeidarar er ein føresetnad for å kunne yte gode tenester til innbyggjarane. Tilbod om lærlingplassar, etter- og vidareutdanning, intern opplæring, kunnskapsdeling og tversektorelt samarbeid, er nokre av tiltaka for å nå dette målet.

Kommunen har sidan 2012 hatt seniorpolitiske tiltak som skal stimulere tilsette til å stå lenger i arbeid. Frå fylte 62 år kan tilsette velje mellom tre ulike ordningar; pensjonsgjevande lønnsauke, redusert arbeidstid, eller noko frigjort tid til

kommunale tiltak av samfunnstenleg verdi som ikkje vert dekkja innanfor dagens tenester.

Kommunen er aktivt til stades på ulike karriermesser. Målet med denne deltakinga er å få kontakt med elevar, utflytta studentar og arbeidstakrar, og halde dei oppdaterte på utviklinga i Gloppen kommune.

Kvart år blir det invitert til samling for nytilsette, der dei får ein brei presentasjon av Gloppen kommune som organisasjon og tenesteytar. Det blir gjennomført pensjonssamtalar for seniorar i regi av våre pensjonsleverandørar, og det blir arrangert første-hjelpskurs og grunnkurs i HMT-arbeid i regi av BHT.

Helse, miljø og tryggleik (HMT)

Gloppen kommune har som arbeidsgjevar eit sterkt fokus på HMT-arbeidet og er oppteken av trivsel og tryggleik på arbeidsplassen. Vernetenesta er ein viktig ressurs i dette arbeidet, og kommunen legg vekt på å ha ei aktiv vernetenesta.

Kommunen er inndelt i 24 verneområde, der det er etablert lokale arbeidsmiljøgrupper (LAG) som består av leiar(ar), lokalt verneombod og ein eller fleire plassstillsvalde

Hovudverneombodet reiser årlig ut til alle einingane. Han har då faste møte med LAGa.

Det blir også arrangert verneombodsamling ein gong i året, for erfaringsutveksling og påfyll av aktuell kunnskap.

Alle nye einingsleiarar, verneombod, medlemmer i arbeidsmiljøutvalet og andre aktuelle gjennomfører grunnkurs i arbeidsmiljø (40-timarskurset). Andre aktuelle HMT-kurs blir arrangerte ved behov, som til dømes årlege førstehjelpskurs.

Kommunen jobbar kontinuerleg med oppdatering og fornying av HMT-arbeidet. Kommunen har ei HMT-gruppe som er samansett av personalsjef (leiar), hovudverneombodet, ein representant frå bedriftshelsetenesta og

hovudtillitsvald i Fagforbundet. Gruppa tek opp og drøftar mange ulike HMT-saker og kjem med innspel i saker som skal opp i arbeidsmiljøutvalet (AMU).

HMT-gruppa har også funksjon som sjukefråværsguppe, som skal jobbe både på system- og individnivå. Gruppa skal spesifikt jobbe med å finne årsaker til sjukefråvær i einingar der sjukefråværet er høgt, førebygge og lage strategi for arbeidet med å få ned sjukefråværet på lengre sikt.

Ei arbeidsgruppe med representantar frå arbeidsgjear og tilsetta har utarbeidd ei heilt ny og meir omfattande rutine for omstilling som vart vedteken våren 2019. Dei nye rutinane skal sikre at omstillingsprossar skjer på ein føreseieleg, ryddig og systematisk måte i tråd med lov og avtaleverk.

Kommunen sin arbeidsmiljøpris blir tildelt årleg i kommunestyret. Det er AMU som bestemmer kven som skal få prisen. I 2019 var det Ivar Arne Skeistrand, driftsleiar ved uteseksjonen, som blei heidra (sjå side 79).

Nærvær

I 2019 har nærværet vore på 93,9 %. Dette nivået er noko lågare enn 2018 då vi hadde eit nærvær på 94,3 %., og dei tre føregåande åra då vi låg på i overkant av 95 %.

STATISTIKK OVER EIGENMELDING OG SJUKEFRÅVÆR

	2019				2018				2017			
	Eig.m 1-24 d	Sj.m 1-16 d	Sj.m ≥17 d	Sj.m totalt	Eig.m 1-24 d	Sj.m 1-16 d	Sj.m ≥17 d	Sj.m Totalt	Eig.m 1-24 d	Sj.m 1-16 d	Sj.m ≥17 d	Sj.m totalt
Oppvekst	0,9	0,5	4,4	5,9	0,9	0,6	4,1	5,8	0,9	0,7	4,5	6,1
Helse	0,8	0,5	5,2	6,5	0,9	0,8	4,3	5,9	0,8	0,6	3,1	4,5
Andre	0,5	0,2	5,1	5,7	0,6	0,5	3,7	4,7	0,4	0,2	2,6	3,2

HMT-gruppa har arbeidd med ulike tiltak for å få ned sjukefråværet der det er mogleg, blant anna tilbod om leiarstøtte med aktiv oppfølging frå BHT.

BHT deltek i oppfølginga av den enkelte sjukmelde arbeidstakar etter behov. Dei underviser i ergonomi og løfteteknikk, gjev råd og tips om mellom anna trening og kosthald.

Med bakgrunn i auka sjukefråvær har AMU vedteke å gjennomføre arbeidsmiljøkartlegging i regi av bedriftshelsetenesta i einingar med høgt

BEDRIFTSHELSETENESTE (BHT)

Alle tilsette i Gloppe kommune er tilknytt bedriftshelseteneste. Sidan 2011 har vi hatt avtale med Kystbedriftenes Helsetjeneste. Dei har kontor på Sandane som er bemanna heile veka.

BHT har m.a. vore aktivt med i fornyinga av HMT-arbeidet. Dei deltek i arbeidsmiljøutvalet, HMT-gruppa og i andre aktuelle møte ved behov. BHT utfører lovpålagt arbeidshelseundersøking, føretak kartlegging og risikovurdering etter førespurnad frå einingane, arbeidsplasskartlegging, faktaundersøking i konfliktsaker, gjev opplæring i tenleg arbeidsteknikk og råd ved planlegging av nye arbeidsplassar og innkjøp av nytt utstyr med meir.

Det er BHT som held grunnkurs i arbeidsmiljø (40-timarskurset). Dei arrangerer også andre kurs etter førespurnad.

fråvær. To einingar vart plukka ut for første runde med kartlegging hausten 2019. Dette arbeidet er ikkje avslutta ved nyttår. Når desse einingane er ferdige står nye einingar for tur.

HMT-gruppa har i 2019 utarbeidd nye rutinar for førebygging og oppfølging av sjukefråvær. Dei nye rutinane har eit større fokus på førebygging og tidleg avklaring.

Organisasjonsutvikling

PERSONALREGELVERK – LOKAL PERSONALHANDBOK

Alt sentralt regelverk og lokale rutinar og dokument, er samla i KF Personalhandbok som er tilgjengeleg for alle tilsette på intranettet.

HMS-REGELVERK – LOKAL HMS-HANDBOK

Alt sentralt regelverk og lokale rutinar og dokument er samla i HMS-handboka, som er tilgjengeleg for alle tilsette på intranettet.

DIGITALISERING

I løpet av året har vi sett i drift papirlaus løysing for søknad om sosialhjelp (Digisos) og for sosialtenesta på NAV (Visma Velferd). Vi har også tatt i bruk elektronisk signering (eSignering) i saksbehandlar-systemet vårt. Det nye oppvekst-administrative systemet Vigilo er delvis sett i drift. Dette er per i dag eit papirbasert system, men det vert arbeidd med ei kopling mot WebSak saks- og arkivsystem.

Møte mellom leiing og tillitsvalde

ARBEIDSMILJØUTVALET (AMU)

AMU hadde fire møte i 2019. Aktuelle tema har vore:

- behandling av byggesaker
- oppdatering og fornying av HMT-dokument.
- tildeling av arbeidsmiljøprisen
- sjukefråvær
- avviksmeldingar

MØTE MED TILLITSVALDE

Det har i 2019 vore halde fire møte mellom kommune-leiing og organisasjonane sine hovudtillitsvalte.

Aktuelle tema har vore: Budsjett og planar, digitalisering, nytt omstillingssdokument, revidering av tillitsvaldstruktur, og innleiande drøftingsmøte før lokale forhandlingar

ADMINISTRASJONSUTVALET


Administrasjonsutvalet er kommunen sitt hovudutval i personal- og organiseringsaker. Sjå oversikta over møteaktivitet i kapitlet om politisk organisering og leiing på side 8.

Kommunen sin arbeidsmiljøpris

Arbeidsmiljøprisen for 2019 vart tildelt Ivar Arne Skeistrand, sjå side 79.

Tiltak for arbeidsmiljøet

Aktivitetsgruppa som skal motivere og skape auka fysisk aktivitet, har vore i sving sidan 2011. Målet er betre helse og lågare sjukefråvær i kommunen, kort sagt: betre folkehelse. Hovudaktiviteten har vore spinning ein ettermiddag i veka for alle tilsette på SPENST.



Frå heradshuset sin blåtur i 2019. Foto: Siv Kvalsik Haugen.

Kva har vi fått til i 2019?

Fargekodar i dokumentet

Helse og omsorg	Helse + oppvekst	Oppvekst	Kultur	Teknisk + landbruk	Næring	Overordna leiing	Plan og utgreiing	Økonomi og personal
-----------------	------------------	----------	--------	--------------------	--------	------------------	-------------------	---------------------

I FORKANT

Dette skal vi gjere i lag:

3.1.1	STRATEGIAR – Dette skal vi gjere ilag:	TIKTAK 2019
A	<i>Ta til oss impulsar frå omverda og samarbeide om å ta i bruk ny teknologi, både når det gjeld kompetansebygging og fasilitatar.</i>	
B	<i>Tilby gode og spennande arbeidsplassar, både private og offentlege, der dei tilsette har høve til å utvikle seg og ta i bruk ny kunnskap.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Synleggjere kva vi har å tilby ved å delta på karrieremesser – Fokus på vidareføring av trainee-ordninga til Framtidsfylket – Auke andelen heiltidsstillingar i kommunen – Tilby læreplassar/praksisplassar

Gloppen kommune skal:

3.1.2	STRATEGIAR – Gloppen kommune skal:	TIKTAK 2019
A	<i>Gripe fatt i utfordringar tidleg, før dei veks seg store – førebyggje framfor å reparere.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Fornye samhandlingsarenaene mellom einingane og sektorane – Styrke fokus på psykisk helse i skulane – Vidareutvikle lågterskeltilbod for dei som har lettare psykiske plager og/ eller rusproblem så tilbodet vert aktuelt å nytte for ei større brukargruppe – Utvikle felles psykolog-teneste for Nordfjord saman med dei andre kommunane – Etablere samarbeids-arenaer for å sikre god tverrfagleg innsats og samordna tiltak for dei minoritetsspråklege – Utgriene om det er aktuelt å omorganisere seg slik at tilsette frå psykisk helseteneste er tilgjengelege også på kveld og helg – Utvikle kvalitet på tenestene i miljøarbeidartenesta med fokus på kvardagsmeistring. – Informere om viktigheta av fysisk og psykisk aktivitet er for å førebygge utvikling av demens – Utarbeide gode retnings-linjer og system for oppfølging av personar med demens og deira familiar. Samarbeid mellom einingar i kommunen og med andre instansar må setjast i system – Auke kompetansen på demens blant dei tilsette i alle einingar. Vidare-utdanning innan dette feltet skal prioriterast

		<ul style="list-style-type: none"> - Vurdere å etablere ei ordning med ressurspersonar i dei ulike heimetenesteområda, jf. ressurspersonar i kvardagsrehabilitering
B	<i>Styre kommuneøkonomien slik at vi kan handtere dei utfordringane kommunen og lokalsamfunnet står overfor.</i>	<ul style="list-style-type: none"> - Følgje opp budsjettvedtaket om 0,5 % overskot
C	<i>Utvikle ein tilpassingsdyktig organisasjon, som evner å møte utfordringar og behov på nye måtar. Planlegge langsiglig, og arbeide systematisk på tvers av fag og sektorar for å levere godt samordna tenester av høg kvalitet.</i>	<ul style="list-style-type: none"> - Jobbe vidare med å sette eit større utviklingsfokus i organisasjon. Dyrke fram tverfaglege fora og jobbe heilsakapleg - Vidareføre og utvikle det systematiske tverrfaglege arbeidet/arenaene, som t.d. leiarforum, rusfagleg forum, bustadsosial styringsgruppe og politirådet
D	<i>Halde fram med å ta i bruk ny teknologi i utvikling av tenestene.</i>	<ul style="list-style-type: none"> - Ta i bruk velferdsteknologi i større omfang. - Utgreie og utvide bruken av elektronisk dørlås
E	<i>Ta initiativ og vere ei drivkraft i samarbeidet mellom Nordfjord-kommunane gjennom utvikling og marknadsføring av ein attraktiv bu- og arbeidsmarknadsregion, dele kunnskap og utvikle gode tenester på tvers av kommunegrenser.</i>	<ul style="list-style-type: none"> - Støtte opp om og delta på Framtidsfylket sine karrieremesser - messevegg med felles profilering av Nordfjord - Oppdatere profil og heimeside for Nordfjord-rådet - Vurdere oppstart av felles plansamarbeid/ planstrategi for Nordfjord. - Vidareutvikle allereie etablerte fag-/leiarnettverk i Nordfjord.
F	<i>Sørge for at berekraftig utvikling vert eit overordna prinsipp i kommunen si planlegging og verksemd, og etterspørje miljøvennlege løysingar ved kjøp av varer og tenester.</i>	<p><u>Innanfor kommunal planlegging:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - Arealdisponering som reduserer klimagassutslepp - Jobbe med tiltak som gir reduksjon i klimagassutslepp - I lag med samarbeidsparter etablere prosjekt mot innbyggjarar for gjenbruk og reduksjon av avfall - Søke midlar frå Miljødirektoratet sin klimasatsordning for å redusere klimagassutslepp i vår kommune - Etterspørje og dokumentere redusert energiforbruk på nye bygg <p><u>Innanfor kommunal verksemd:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - Vurdere alternative energikjelder ved planlegging av nye bygg. - Vurdere ein ny innkjøpsstrategi der klima- og miljø er eit av tildelingskriteria - Skifte ut 2 kommunale fossile tenestebilar til el-bilar (personbilar) - Etablere 10 ladestasjonar til kommunale tenestebilar - Som ledd i sykkelstrategien vår etablere ei utleige/leasing/abonnementssordning for elsyklar, gjerne i samarbeid med privat næringsliv. - Prosjekt i barnehagar og skular med konkrete klimatiltak i kvarldagen

G	<i>Jobbe systematisk med skade- og ulykkesførebygging på tvers av offentleg, privat og frivillig sektor. Halde fram med å vere godkjent som eit «Trygt lokalsamfunn», blant anna gjennom å bli godkjent som ein trafiksikker kommune i løpet av 2018</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Følgje opp og implementere utarbeida rutinar og strategiar i trafikktryggingsarbeidet - Trafiksikker kommune. – Utvikle samarbeidet med lag og organisasjonar omkring skade- og ulykkesførebyggjande arbeid med særleg vekt på barn og unge og eldre – Gjennomføre ein årleg Av og Til - kampanje
H	<i>Ha fokus på beredskapsmessige omsyn og samfunnstryggleik i all planlegging, og ha gode system og rutinar for oppdatering av beredskapsplanen. Sikre at beredskaps-arbeidet blir godt innarbeidd i organisasjonen, og eit godt samarbeid med andre offentlege og private aktørar.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Ferdigstille og vedta overordna beredskapsplan og ROS-analyse – I løpet av 2019 utarbeide lokale beredskapsplanar for alle barnehagane og skulane våre – Gjennomføre minimum to årlege møte i Politirådet – Gjennomføre PLIVO-øving for fleire kommunar i Gloppen – Gjennomføre eit årleg møte i beredskapsrådet – Vurdere kommunen sin branntekniske ressursar opp imot forslag til ny organisering i fylket/region

RIKE OG RAUSE LIVSMILJØ

Dette skal vi gjøre ilag:

3.2.1	STRATEGIAR – Dette skal vi gjøre ilag:	TILTAK 2019
A	<i>Ta vare på organisasjonsliv og dugnadskultur. Sye for at alle grupper vert inviterte og inkluderte.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Ha årlege møte med lag og organisasjonar, og utvikle og utfordre til dømes gjennom idrettsrådet og møteplass for kulturlivet – Fremje inkludering gjennom å tenke nytt om bruken av støtte-, fritids- og treningskontakt
B	<i>Skape gode møteplassar mellom folk frå ulike nasjonar.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Utvikle møteplassar som fremjar inkludering og fellesskap på tvers. – Vidareføre «Strikkeklubben» i regi av Frivilligsentralen som ein viktig møteplass på tvers av ulike kulturar
C	<i>Kyrkja i Gloppen er aktiv, open og inkluderande.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Sette i verk tiltak i tråd med strategiplan for Gloppen kyrkjelyd, der eit av måla er at kyrkja skal bidra aktivt i å inkludere flyktningar som kjem til Gloppen – Evaluere språkkaféen som har vore regelmessig gjennomført på open skule ved Firda vgs kvar mnd. i haust og vinterhalvåret 2017 og 2018 – Halde fram med å invitere nye glopparar inn i etablerte medliturggrupper
D	<i>Skape lokalsamfunn som styrkar og tek omsyn til familiar og einslege sine behov.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Bevistgjering omkring uønskte konsekvensar av for høgt aktivitetsnivå i familiar, og legge meir til rette for medverknad frå barn, unge og foreldre – Legge til rette for fleire uformelle møteplassar rundt om i lokalsamfunnet på tvers av alder og livssituasjon
E	<i>Sikre at alle barn har høve til å delta i fritidsaktivitetar, uavhengig av foreldra si inntekt.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Utfordre frivillige lag og organisasjonar til å sette temaet på dagsorden gjennom idrettsrådet og møteplass for kulturlivet – Evaluere ordninga med opplevelingskortet, og vurdere om vi har gode nok ordningar for familiar med låg inntekt
F	<i>Styrke og utvikle samarbeidet mellom kommunen og frivillige</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Vidareføre halvårlege møte i regi av helse og omsorg og Frivilligsentralen med frivillige lag og organisasjonar

	<i>lag og organisasjonar med fokus på innbyggjarar som treng støtte til å halde fram med å delta i sosiale aktivitetar.</i>	
G	<i>Snakke fram dei ulike lokalsamfunna sine kvalitetar, vise fram sær preg, attraksjonar og kulturminne.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Tema på halvårlege fellesmøte med utviklingslaga i kommunen – Utvikle ein samarbeidsform der representantar for planavdelinga rykker ut på etterspørsla og bistår utviklingslaga i møte med innbyggjarane
H	<i>Nyte, skryte av, dyrke og foredle det breie kultur- og idretts-tilbodet vi har i Gloppe. Både det som skjer i nærmiljøa, i Trivelshagen, i regi av lag og organisasjonar, i barnehagane og skulane – som blir utøvd av barn og vaksne, av amatørar og profesjonelle. Skape nettverk og møteplassar mellom dei ulike aktørane.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Sikre at alle innbyggjarane har tilgang på kulturtildob av høg kvalitet – Få til ei felles nettside der alt som skjer i kommunen blir lagt ut, til dømes vidareutvikle gloppen.no – Lage eit årshjul over aktivitetar og arrangement som kjem igjen kvart år på faste tidspunkt.
I	<i>Utvikle nye samarbeidsformer og idear når det gjeld tilrettelegging av naturen, -slik at merkte turstiar, stisykkel- og skiløyper, vegar og parkeringsplassar vil gjere det lett å kome seg på tur i Gloppe også i framtida.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Sette i verk tiltak i tråd med vedteken «<i>Plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet</i>». Planen legg m.a. vekt på samarbeid mellom ulike aktørar både når det gjeld anlegg og andre tiltak – Inngå avtalar om vedlikehald og rømerking av turstiar med aktuelle lag og organisasjonar
J	<i>Kommunen og utviklingslaga skal utvikle gode samarbeidsformer for å fremje utvikling i grendene.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Halvårlege fellesmøte med utviklingslaga i kommunen, og ein skildvis ved behov – Jobbe vidare med å utvikle ein kultur for samskapning med eldsjelar og utviklingslaga i kommunen
K	<i>Sikre ei heilskapleg utvikling av fjordlandsbyen Sandane, gjennom samskapning med grunneigarar, næringar i sentrum og regionale aktørar, både gjennom arbeidet med ny områdereguleringsplan og i oppfølging av den.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Vidareføre «Landsbyrådet» som eit fagleg samarbeid mellom eksterne utviklingsaktørar, og jobbe vidare med utvikling av fjordlandsbyen Sandane – Det skal lagast ein årleg aktivitetsplan for fjordlandsbyen som skal politisk vedtakast
L	<i>Fremje større variasjon i bustadmassen med tanke på pris, storleik og eigarform. Det bør vere variasjon innanfor same bustadområde for å fremje sosial utjamning, gjere det enklare å «prøvebu» og for at eldre skal få høve til bli buande lenger i nærmiljøet sitt.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Få på plass nye bustader for utleige til vanskelegstilte familiar i tilknyting til etablerte bustadområde – Ha fokus på å skaffe fleire gjennomgangsbustader og rimelige bustader til sals i alle tettstadane våre.
M	<i>Framsnakke klimasmart matproduksjon</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Vidareføre Landfrag-prosjektet

Gloppe kommune skal:

3.2. 2	STRATEGIAR – Gloppe kommune skal:	TILTAK 2019
A	<i>Gje alle barn høve til å utnytte potensialet sitt ut i frå sine</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Fremje deltaking og inkludering av barn og unge med nedsett funksjonsevne i kulturskulen.

Årsmelding for 2019

	<i>føresetnader, og styrke fokuset på inkludering i barnehagar og skular.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Meir fokus på tilpassa opplæring og mindre på spesialundervisning – Avklare om det i Gloppen skal gjennomførast forsøk med leksefrei skule
B	<i>Jobbe tverrfagleg for å redusere sosial ulikskap, særleg med tanke på barn og unges oppvekstvilkår.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Tilby foreldrerettleiing for innvandrargrupper etter ICDP metoden. Kurse og bruke innvandrarar med ulike morsmål som medkurshaldarar – Sjå spesielt på korleis vi arbeider med psykisk helse inn mot innvandarfamiliar, og korleis vi handterer barnefattigdom – Styrke det tverrfaglege samarbeidet på tvers av sektorar og tenester, og auke kjennskapen til kva dei ulike einingane kan bidra med
C	<i>Arbeide for eit ope, inkluderande og trygt arbeidsmiljø, som speglar mangfaldet i befolkninga.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Tilby arbeidsutprøving og språkpraksis – Kontinuerleg oppfølging av sjukmeldte i tråd med interne rutinar
D	<i>Sikre gode overgangar i heile livsløpet til glopparane.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Som del av at Gloppen er ein «Språkommune» skal det lagst ein ny plan for overgangane mellom helsestasjon, barnehage og skule – Utvikle samhandlings-arenaene vi har mellom einingar og sektorar
E	<i>Utarbeide ein ny helse- og omsorgsplan, som skal sikre gode og framtidsretta helse- og omsorgstenester til innbyggjarane. Planen skal òg tydeleggjere den einskilde innbyggjar sitt ansvar for eiga helse, og fremje samarbeid med ulike samfunnsaktørar.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Kommunen og leiar for Frivillesentralen skal ta ansvar for å vidareføre ordninga med faste møtepunkt med frivillige ein gong i halvåret – Vidareføre samarbeidet mellom kommunen og Frivillesentralen i nye aktuelle utviklingsprosjekt – Sikre medverknad frå dei frivillige i planlegging av aktivitetar og prosjekt
F	<i>Ta initiativ til og utvikle samarbeidet med næringsliv, utviklingslag og andre lag og organisasjonar på område der vi i lag kan skape ein rikare kvardag for alle i Gloppen.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Invitere til minimum to fellesmøte med utviklingslag i Gloppen med fokus på arealdelen og lokal tettstadutvikling – Gjennomføre 3-4 møte i arbeidsgruppa «Gloppen 2030» med representantar frå næringsliv, frivillig sektor, kulturlivet og adm. og pol. Jobbe for å få ungdomsrådet med i arbeidsgruppa
G	<i>Løfte fram og vidareutvikle samspelet mellom Gloppen kulturskule, distriktsmusikarane i Gloppen, Gloppen Folkebibliotek, Firda vgs, festivalane og det frivillige kulturlivet som ein viktig ressurs for kommunen.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – 10 år i Trivselhagen - Feire og fornye – Debatt- og arrangements-serie «Mauren i mold» – Mulig vidareføring av «Newtonklubben»
H	<i>Sikre eit breitt tilbod i kulturskulen, der barn og unge kan utvikle seg i ulike sjangrar.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Delta i samlingar lokalt og på Eid fram mot framsyninga «Fargespel 2019» i april saman med Opera Nordfjord og alle kommunane i Nordfjord – Tilsette ny distriktsmusikar i folkemusikk
I	<i>Utvikle Gloppen Folkebibliotek som møteplass og verkstad for oppleveling og læring i kvardagen, både fysisk og digitalt. Styrke arbeidet med aktiv formidling av kunnskap og kultur inn mot alle aldersgrupper.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Nye nettsider (biblioteket) – Planlegge nytt skule- og folkebibliotek i «nye Hyen skule», og fortsetje forningsarbeidet ved Byrkjelo filial – Vidareføre Bibkafé: Møteplass dagtid m/lese- og digitale tips – SommarLes: Leseaksjon for barn – Prosjekt: Bibliotekimar 1., 2., og 3. trinn grunnskule – Generelt: Fokus på kvalitet og utvikling i kvardagen
J	<i>Sette av areal til uformelle møteplassar i tettstadane våre.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Utvikle samarbeidet med landsbyrådet og utviklingslag i Breim og Hyen rundt tema tettstadutvikling

	<i>Møteplassane skal ha universell utforming, kunne brukast av folk i alle aldrar og tilretteleggast for fleir bruk. Menneske med ulik etnisk bakgrunn og livssyn skal ha gode møteplassar i Gloppen.</i>	
K	<i>Regulere for fortetta bustadbygging i nærleiken av barnehagar og skular.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Støtte opp om private reguleringsplanar som legg til rette for dette – Nye område og eventuell utviding av eksisterande bustadområde vil bli konkretisert når ny arealdelen er vedteken
L	<i>Arbeide for samanhengande gang- og sykkeltrasear mellom bustadområde, barnehage, skule og arbeidsplassar gjennom oppfølging av kommunen sin Trafikktryggingsplan og ved å utarbeiding av ein sykkelstrategi.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Midlar til planlegging av gang- og sykkelveg frå Vonheim til Fitje vedteke i fylkestinget 2017 – Gjennom arbeidet med arealdelen greie ut om det er mogleg å lage ein gang-/og sykkelveg frå Evebø til Åsen. – Utarbeide ein sykkelstrategi som tydeleggjer kommunen sine prioriteringar og beskriv tiltak som er med å bygge oppunder intensjonane i samfunnsdelen
M	<i>Kommunen skal ha ein offensiv bustad-politikk og til ei kvar tid ligge i forkant med bustadtildel i heile kommunen. Ha god oversikt over, og i samarbeid med private utbyggjarar og utviklingslag, marknadsføre ledige tomter i kommunale og private bustadfelt.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Kommunen skal gjennom arbeidet med arealdelen legge til rette for utvikling og vekst i tilknytting til alle tettstadane våre, der dette ikkje alt ligg inne i gjeldande arealdel – Sette i gang reguleringsplanarbeid for nye kommunale felt – I samarbeid med utviklingslag og utbyggjarar marknadsføre nye bustadomter, og stimulere utbyggjarar til å tilby gjennomgangsbustader/ utelege
N	<i>Investere i private bustadprosjekt i sentrum av tettstadane våre, utifrå kommunen sine behov for bustader, for å bidra til at dei blir gjennomførte og for å kunne tilby kommunale bustader i fleire av tettstadane våre.</i>	
O	<i>Planlegge langsiktig og skape føreseielege rammer for dei som vil flytte til og etablere seg i Gloppen.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Kommunen skal satse på kultur som ein viktig faktor for å få folk til å busette seg å drive nærings-verksemd, og som gjer det attraktivt og godt å bu i kommunen – Følgje opp og realisere vedtekne kommunedelplanar
P	<i>Vere pådrivar for eit betre kollektivtilbod i kommunen.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Arbeide for å få til eit korresponderande rutetilbod frå Skei til Sandane for bussar som kjem t.d. frå Oslo – Arbeide for å få tilpassa rutetider til Hyen

NÆRING OG ARBEID

Dette skal vi gjøre ilag:

3.3. 1	STRATEGIAR – Dette skal vi gjøre ilag:	TILTAK 2019
A	<i>Legge til rette for bruk av ny kommunikasjonsteknologi og ligge forkant av den digitale utviklinga i etablering og utvikling av arbeidsplassar. Teknologien skal opne for samhandling med kollegaer, kundar og marknader i</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Nordfjordrådet held fram å ha fokus på å utvikle samspelet mellom næringslivet, offentleg sektor og FOU- miljø

	<i>heile verda. Du skal kunne bu i Gloppe og jobbe kvar du vil.</i>	
B	<i>Saman med resten av Nordfjord jobbe for å behalde flyplassen vår, som er ein viktig føresetnad for vidare utvikling av kultur- og næringslivet i Gloppe og regionen, og som opnar for å bu landleg og jobbe nasjonalt og internasjonalt.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – «Flyplassgruppa» - beståande av lokale politikarar og næringsliv i Nordfjord tek initiativ til møte med Avinor når nye anbod skal lysast ut eller rutetilbod står i fare
C	<i>Jobbe for utbetring av vegar som er viktige for at Gloppe skal vere ein del av eit større og meir dynamisk bu- og arbeidsområde, som E39 på strekninga Byrkjelo-Sandane, fylkesveg 615 og bygging av bru Anda-Lote.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Kommunedelplan for E39 – Byrkjelo – Grodås skal vedtakast i kommunane – Gloppe kommune og Midtvegen 615 AS jobbar som pådrivarar for å få sette i gang arbeid med ny kommuneplan Hyen – Høgemuren – Fylkestinget har vedteke at det skal settast av planleggingsmidlar i 2019 til bygging av gang og sykkelveg mellom Vonheim og Fitje – Nordfjordbrua AS jobbar vidare med forprosjekt for teknisk bruløysing mellom Anda – Lote
D	<i>Utruste skuleelevene med kunnskap om nye teknologiar og digitalisering. Kompetansebygginga må starte tidleg i grunnskulen, og utviklast i eit tett samarbeid mellom skule og lokalt næringsliv.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Halde fram å oppgradere IKT utstyret og sikre kompetansen til tilsette i bruken – Nytt oppvekstadministrativt system som vil gje nye mogelegeheter til digitalisering – Ta i bruk Office365 for alle elevar
E	<i>Innføre mentorordning for nyetablerarar og gründerar, og skape kultur for å heie fram dei som tek initiativ og som tør å satse.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Næringslivet stiller med mentorar i ulike roller og fag, dersom nyetablerarar har behov for dette – Tilby kontorfellesskap og kompetansemiljø i nytt NTU-bygg i Mona – Vere ein aktiv vertskommune for NoMil
F	<i>Jobbe for å styrke og utvikle Firda vidaregåande skule som er svært viktig for både kommunen og næringslivet i Gloppe. Utnytte potensiale for tilflytting og rekruttering av kompetanse som ligg i både Firda vgs og Nordfjord folkehøgskule.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Styrke alle dei vidaregåande skulane i Nordfjord gjennom eit tettare samarbeid – Innføre faste årlege møte mellom kommuneleiinga og leiinga på Firda vidaregåande skule – Utvikle felles prosjekt mellom kommune og Firda – Legge felles strategi i høve utviklinga av Firda i det nye Vestland fylke
G	<i>Støtte opp om musikk - dans - drama ved Firda vidaregåande skule som einaste i fylket, og det viktige samspelet med det profesjonelle musikklivet i kommunen – kulturskulen og distriktsmusikagruppa.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Få på plass ei ny distriktsmusikar-stilling innan folkemusikk, søke tilskot frå fylket og sette av delfinansiering av stillinga frå hausten 2019
H	<i>Utvikle næringspotensialet i kulturlivet i Gloppe, og ta initiativ til nettverksbygging med andre kulturaktørar i regionen.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Bevisstgjere næringslivet på kva eit godt kulturtilbod har å seie for attraktiviteten til kommunen, både når det gjeld busetnad og etablering av næringsverksemder. – Halde fram med det gode samarbeidet mellom Nordfjordkommunane
I	<i>Styrke og marknadsføre Gloppe som ein av landets fremste kulturkommunar. Setje Gloppe</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Markere Kulturhuset Trivselshagen sitt 10 år- jubileum med jubileumskonsertar m.m. og Musikklinja sitt 40 årsjubileum

	<i>på kartet gjennom fyrtårnsarrangement.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Halde fram med støtteordningar til festivalane – Våren 2019 gjennomføre «Fargespel» i samarbeid med alle Nordfjord-kommunar og Opera Nordfjord
J	<p><i>Legge til rette for utvikling av småskalaturisme, kortreiste matopplevelingar, aktivitetar og kulturtilbod for besökande.</i></p> <p><i>Gloppen skal marknadsføre Nordfjord som aktivitets- og opplevingspark for tilreisande, og bidra med opplevelingar som styrker Nordfjord sin profil.</i></p>	<ul style="list-style-type: none"> – Vidareføre og utvikle festivalane våre – Bønder og reiselivsaktørar i Kandal samlar seg om å bygge merkevara Kandal – Reko-ringen er etablert: Lokalmatprodusentar i Gloppen styrker sin posisjon innan kortreist mat og drikke – Jobbe for å få fleire utleigeeiningar i form av utleigehytter, bil-/campingplassar og anna overnattingsskapasitet – Marknadsføring og ferdigstilling av stisykkelsenter på Vereide – Ta i bruk og marknadsføre Trivelsskog-område «Trygg i naturen» som vart opna hausten 2018 og ferdigstille fosseteater og tryggingstiltak ved Holvik-fosser – Marknadsføre Gloppen som ein turistdestinasjon – Lansere «Nordfjorddryggen» som ei vandrute frå Utvikfjellet til Sandane via Trivelsskogen
K	<p><i>Sikre verdifulle kulturminne og kulturmiljø for komande generasjonar gjennom oppfølging av kulturminneplanen.</i></p> <p><i>Det skal leggast større vekt på formidling av kulturminne, i samspel med reiselivsaktørar, privat personar, skule og frivillige lag og organisasjonar.</i></p> <p><i>I Gloppen har båtbyggjartradisjonen ein unik historisk verdi som immaterielt kulturminne.</i></p>	<ul style="list-style-type: none"> – Ferdigstille og vedta kulturminneplanen – Støtte opp om prosjektet bevaring av Holvikejekta – Gjennomføre merking av historiske bygg og stader i samarbeid med Sogelaget – Gjennomføre prosjektet bygging av Nordfjordfæring – vidareføring av kompetanse/ handverkstradisjon
L	<i>Utforske og utnytte handlingsrommet som ligg i det «grøne skiftet» og framveksten av nye teknologiar.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Fleire bedrifter i Gloppen ligg i forkant innan det grøne skifte – som t.d. Brødrene Aa, Strukturplast, Tine meierier, SFE og NoMil. – Vidareføre Energinettverk Nordfjord – Arrangere ein «Grøn næringsutviklings-konferanse» – Utviklingsprosjekt Biogass-anlegg NoMil – Landbruket som leverandør av råvarer/ husdyrgjødsel, og får i retur biorest/ biodiesel – Vidareføre landbruksprosjekt «Landfrag»
M	<i>Gjennom prosjektet «Grøn skule» skal barnehagane og skulane i Gloppen ta ei aktiv rolle i det grøne skifte i samarbeid med «Klima og miljø» ved Firda vgs og næringslivet. Målet med prosjektet er auka kunnskap om klima og klimasmart matproduksjon hos komande generasjonar.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Tydeleggjere kva som meinast med klimasmart matproduksjon – fokus på lokal mat. – Innføre kortare spreiefrist for å redusere utslepp – Vidareføre «Landfrag» - prosjektet
N	<i>Tidleg identifisere behovet for nye område eller lokale for industri og næring, gjennom tett dialog mellom kommune og næringsliv.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Vurdere behov og sjå på plassering av nye næringsareal i samband med vedtak om ny E39-trasè gjennom Byrkjelo – Drøfte eventuelle nye næringsareal i Hyen og i området rundt Gloppefjorden

Gloppen kommune skal:

3.3.2	STRATEGIAR – Gloppen kommune skal:	TILTAK 2019
A	<i>Gjennomføre kommunestyret sitt vedtak om fiber til alle i Gloppen innan 2020.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Slutføre prosjektet – «Fiber til alle» - Ferdigstille legging av fiber til resten av Sørstranda, gardane på nordvestsida av Hyefjorden og Nordstranda
B	<i>Vere ei drivkraft i samarbeid med næringslivet i å ta i bruk ny kommunikasjonsteknologi.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Ingen konkrete tiltak planlagt så langt! – Sette tema på agendaen i møte med Gloppen næringsorganisasjon i 2019
C	<i>Jobbe aktivt for å rekruttere fleire ungdomar inn i næringar som er store i Gloppen, t.d. kompositt, bygg og anlegg, landbruk og mekaniske fag.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Delta på rekrutterings-messer i lag med Nordfjordkommunane – Oppmøde lokale bedrifter i Gloppen til å ta inn fleire lærlingar
D	<i>Jobbe for at lokale vidaregåande skular på Sandane, Eid, Stryn og Førde tilbyr dei utdanningane vi treng i Gloppen.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Utvikle samarbeid mellom dei 4 vidaregåande skulane i Nordfjord – Basert på dei ulike skulane sine fortrinn, jobbe for å oppretthalde og styrke dei fire skulane i regionen. – Utgreie behovet for ein partnarskapsavtale mellom Nordfjordrådet og fagopplæringsnemnda i fylket for å auke tal læringsplassar
E	<i>Vere ein god vertskommune, og legge til rette for utvikling av nye næringar som tilfører kommunen eit større mangfold av spennande, framtidsretta arbeidsplassar.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Kommunen etablerer ein plan for opparbeiding av næringsareal (<i>Dette vil bli ivaretake i arbeidet med ny arealdel og i ny strategiplan for næring og reiseliv</i>).
F	<i>Kjempe for å få statlege arbeidsplassar til Nordfjord.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Gjennom politiske parti og felles fokus i Nordfjordrådet – Etablere ein strategi for å vere i posisjon for utflytting av statlege/offentlege arbeidsplassar
G	<i>Halde oppe og utvikle mangfaldet vi har av gode kultur- og idrettsarenaer, og sikre at Trivselshagen Bad og Idrett er ein attraktiv arena for nasjonale og regionale arrangement.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Auke stillingsprosent til gjennomføring av arrangement/aktivitet i Trivselshagen (heile Trivselshagen) – Vere ein attraktiv arena for regionale og nasjonale stemner/arrangement. – Halde fram med driftsstøtte til ulike kulturtilbod – Biblioteket og kulturskulen har jamleg samarbeidsprosjekt, og dette vil vi halde fram med
H	<i>Utnytte utviklings- og næringspotensialet som ligg i at Byrkjelo blir eit sentralt knutepunkt i fylket, og ved E39.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Følgje opp «Kommunedelplan for E39 Byrkjelo – Grodås», når traséval er gjort og planen er vedteken. – Invitere til dialog med næringar i område – Vurdere nye næringsareal i samband med revidering av arealdelen
I	<p><i>Sikre framtida gjennom å ta vare på matjord, både gjennom kommunale vedtak og i arbeidet med å påverke statlege avgjersle.</i></p> <p><i>Der dyrka jordbruksareal må takast i bruk, skal dette erstattast i form av gjenbruk av matjorda på jordbruksareal i aktiv drift eller ved nydyrkning.</i></p>	<ul style="list-style-type: none"> – Oppdatere kjerneområde landbruk i samband med rullering av arealdelen – Vurdere etablering av «jordfonn» – der reguleringsplan tek mykje jord – må det betalast for nydyrkning – Vurdere etablering av «jordpool» - fordele fulldyrka jord til andre som treng den

J	<i>Gjennom ny sentrumsplan sette av areal til framtidsretta næringsutvikling i sentrum av Sandane, i kombinasjon med bustader og nye møteplassar</i>	<ul style="list-style-type: none">– Vert ivareteke i ny «Områdereguleringsplan for Sandane sentrum», som etter planen skal vedtakast seinast juni 2019 (rekkefølgjekrav)– Ta opp utbyggingsavtaler som tema i forhandsmøte med utbyggjarar ved private reguleringsplanar
K	<i>Så langt mogleg handle lokalt og på den måten fremje lokalt næringsliv.</i>	<ul style="list-style-type: none">– Vurdere ein ny innkjøpsstrategi



Ein rikare kvardag – midt i verda... Foto: Siv Kvalvik Haugen.

Tenesteområda

Rekneskapstala som er presenterte i dette kapitlet følgjer den sektorinndelinga for hovudutvala, der formannskapet også blir behandla som eit hovudutval.

Hovudtal for 2019

Utvolsområde	Rekneskap 2019	Budsjett 2019	Forbruk i %	Rekneskap 2018
Formannskapet	29.811.805	28.315.002	105	31.413.905
Oppvekstutvalet	161.269.722	153.003.293	105	152.426.011
Helse- og omsorgsutvalet	184.769.603	177.369.954	104	182.648.450
MULTEK-utvalet	(49.076.778)	(44.277.958)	(111)	(49.651.168)
- teknisk og landbruk	31.472.337	28.381.518	111	31.972.588
- kultur og idrett	17.604.441	15.896.440	111	17.678.580
Sum hovudutval	424.927.908	402.966.207	105	416.139.534

Formannskapet

Ressursinnsats

RESSURSBRUK FOR KVART TENESTEOMRÅDE

	Rekneskap 2019	Budsjett 2019	%- forbruk	Rekneskap 2018
10000 Politisk styring				
Utgifter	2.889.329	2.784.749	104	2.630.492
Inntekter	-58.732	-124.750	47	-81.924
Sum	2.830.597	2.659.999	106	2.548.567
11000 Kontroll og revisjon				
Utgifter	810.738	1.066.900	76	910.836
Inntekter	-51.718	-56.900	91	-49.479
Sum	759.020	1.010.000	75	861.357
12010 Administrativ leiring				
Utgifter	6.592.982	6.297.192	105	6.392.201
Inntekter	-620.793	-1.017.190	61	-866.081
Sum	5.972.189	5.280.002	113	5.526.120
12020 Økonomiavdeling				
Utgifter	7.139.696	6.362.041	112	6.200.129
Inntekter	-2.219.690	-2.497.039	89	-2.051.191
Sum	4.920.006	3.865.002	127	4.148.938
12030 Servicetorg				
Utgifter	1.920.237	1.923.195	100	1.926.887
Inntekter	-34.370	-43.193	80	-40.285
Sum	1.885.867	1.880.002	100	1.886.602
12040 Felles IT-drift				
Utgifter	5.605.847	5.090.967	110	5.488.055
Inntekter	-229.865	-215.968	106	-404.530
Sum	5.375.981	4.874.999	110	5.083.525
12050 Skatteoppkrevjing				
Utgifter	1.763.482	1.749.658	101	1.686.109
Inntekter	-497.012	-464.659	107	-502.792
Sum	1.266.470	1.284.999	99	1.183.317

Årsmelding for 2019

12060 Arkivtenesta				
Utgifter	1.899.554	1.726.748	110	2.314.681
Inntekter	-238.086	-256.750	93	-526.003
Sum	1.661.468	1.469.998	113	1.788.678
12070 Personalkontor				
Utgifter	1.179.927	1.526.340	77	1.662.116
Inntekter	-99.856	-76.341	131	-64.682
Sum	1.080.070	1.449.999	74	1.597.434
12090 Anna felles drift				
Utgifter	3.343.336	2.752.076	121	3.534.544
Inntekter	-335.498	-357.075	94	-383.067
Sum	3.007.838	2.395.001	126	3.151.477
18000 Diverse fellesutgifter				
Utgifter	158.868	156.250	102	146.904
Inntekter	-4.299	-21.250	20	-13.786
Sum	154.569	135.000	115	133.118
23400 Aktivisering og støtteteneste til eldre og funksjonshemma				
Utgifter	278.729	437.500	64	288.682
Inntekter	-278.729	-437.500	64	-288.682
Sum	0	0	0	0
24200 Råd, rettleiing og sosialt førebyggande arbeid				
Utgifter	141.481	80.000	177	112.039
Inntekter	-104.882	-80.000	131	-110.310
Sum	36.599	0	0	1.728
26500 Kommunalt disponerte bustader				
Utgifter	1.772.487	3.356.250	53	2.182.922
Inntekter	-1.603.392	-3.356.250	48	-1.936.515
Sum	169.095	0	0	246.406
28300 Etablering og oppretth. av eigen bustad				
Utgifter	2.233.879	1.974.777	113	2.780.172
Inntekter	-1.655.851	-1.354.778	122	-2.244.902
Sum	578.028	619.999	93	535.270
28500 Tenester utanfor ord. komm. ansvarsområde				
Utgifter	9.401.106	5.994.569	157	7.917.791
Inntekter	-11.134.724	-5.984.569	186	-7.902.563
Sum	-1.733.618	10.000		15.229
29000 Interkommunale samarbeid (§ 27 samarbeid)				
Utgifter	3.617.629	963.198	376	825.919
Inntekter	-3.617.629	-963.198	376	-825.919
Sum	0	0	0	0
30100 Behandling av plansaker				
Utgifter	2.003.519	1.987.301	101	2.079.630
Inntekter	-349.871	-637.299	55	-289.940
Sum	1.653.649	1.350.002	122	1.789.690
32500 Tilrettelegging og hjelp for næringslivet				
Utgifter	1.040.299	1.000.000	104	1.301.022
Inntekter	-996.322	-1.000.000	100	-748.104
Sum	43.977	0	0	552.918
33000 Samferdslebedrifter/transporttiltak				
Utgifter	187.500	187.500	100	454.031

Årsmelding for 2019

Inntekter	-37.500	-157.500	24	-90.500
Sum	150.000	30.000	500	363.531
T O T A L T	29.811.805	28.315.002	105	31.413.905

- er lik inntekter.

Merknader til rekneskapen

SAMLA SETT

viser rekneskapen eit meirforbruk på vel 1,5 millionar. Dette er sjølv sagt eit alt for stort avvik. Det er eit generelt problem med 2019-budsjettet at dette ikkje er godt nok oppsett, jfr det rådmannen tidlegare har sagt om manglane ved budsjettet. 2018-rekneskapen er derfor eit meir realistisk samanlikningsgrunnlag for 2019-tala. Samanlikna med 2018 viser 2019-rekneskapen ein nedgang i utgiftene på 1,6 mil. Denne nedgangen kan tilskrivast overskotet på fiber-prosjekta i 2019 (teneste 28500). Noko av meirforbruket i 2019 i forhold til budsjettet er:

- Betydelege kostnader knytt til rekruttering av ny kommunedirektør og økonomisjef, der vi engasjerte hovudjegerar til å hjelpe oss
- Mindre lønnsføring på prosjekt enn rekna med i budsjettet på tenestene 12010 og 30100

TIL KVAR TENESTE

10000 Politisk styring har eit meirforbruk på ca 170 000. Dette er innanfor det påreknelege. Tenesta er vanskeleg å budsjetttere først og fremst fordi utgiftene varierer med talet på møte, kva som blir kravd i tapt arbeidsforteneste og ikkje minst kor ofte dei folkevalde sender inn sine refusjonskrav. Det er uråd å budsjetttere med kva endringar som kjem med nye folkevalde etter eit val når det gjeld kostnadene til tapt arbeidsforteneste og refusjon av utgifter. Direkte utgifter til gjennomføring av valet i 2019 var ca. 110 000 kroner. I denne summen ligg ikkje lønn til eigne tilsette i samband med valet.

11000 Kontroll og revisjon har eit mindreforbruk på ca 250 000. Årsaka til dette er ei vakant stilling i revisjonen. Hovudutgiftene på denne tenesta er betaling til kommunerevisjonen (ca kr 535 000) og betaling for sekretariatet til kontrollutvalet (ca kr 205 000).

12010 Administrativ leiing har eit meirforbruk på vel 500 000. På denne tenesta blir lønna til rådmannen og sektorleiarane (oppvekstsjefen, helse- og omsorgssjefen, teknisk sjef og kultursjefen) ført, til saman 5 årsverk. Hovudårsaka til meirforbruket er mindre lønnsføring på prosjekt enn rekna med i budsjettet (375 000) og rekrutteringskostnader til ny kommunedirektør ca (170 000).

12020 Økonomiavdelinga har eit meirforbruk på vel 473 000. På denne tenesta er lønna 9 stillingar i til saman 7,7 årsverk. Vi har brukt om lag 150 000 til rekruttering av ny økonomisjef.

12030 Servicetorget er som budsjettert. På denne tenesta er lønna 4 stillingar i til saman 3,8 årsverk.

12040 Felles IT-drift har eit meirforbruk på vel 500 000 som skuldast feilbudsjettering når det gjeld utgifter til Nordfjordnett. På denne tenesta er 2 ordinære stillingar og ei tilrettelagt stilling i til saman 2,7 årsverk.

12050 Skatteoppkrevjing er på budsjett. På denne tenesta er lønna ei stilling i 0,7 årsverk.

12060 Arkivtenesta har eit meirforbruk på vel 200 000. Dette skuldast deponering av papirarkiv til fylkesarkivet. På denne tenesta er lønna 2 stillingar i 2 årsverk.

12070 Personalkontor har eit mindreforbruk på vel 350 000 då vi held ei stilling vakant. På denne tenesta er lønna 1 stilling i 1,0 årsverk.

12090 Anna fellesdrift har eit meirforbruk på vel 600 000. Dette skuldast feilbudsjettering.

18000 Diverse fellesutgifter har eit lite meirforbruk. Dette er ein «ymse-post» der vi m.a. fører utgiftene med dei tre råda i kommunen, helsingar frå ordføraren, felles opplæring og uføresette utgifter som ikkje høyrer heime andre stader.

23400 Aktivisering og støtteteneste til eldre er her transporttilbod til eldre og menneske med nedsett funksjonsevne, til vanleg omtala som drosjekort-ordninga. Servicetorget administrerer denne. Ordninga er finansiert av fylkeskommunen og går i 0.

24200 Råd, rettleiing og sosialt førebyggande arbeid er her kontrollarbeidet med sal- og skjenkestadane for alkohol og røyk. Utgiftene blir stort sett finansierte av sals- og skjenkeavgiftene. Det er Nordfjeldske Kontroll AS som utfører kontrollarbeidet. Servicetorget administrerer tenesta.

26500 Kommunalt disponerte bustader er her utleige av bustadar. Tenesta har eit meirforbruk på 170 000, og forklaringa på dette er tomleige. Servicetoget administrerer tenesta.

28300 Etablering og oppretthaltering av eigen bustad er kommunen sitt «bustadkontor», som er ein del av servicetoget. På denne tenesta er ein tilsett i eitt årsverk. Tenesta har eit lite mindreforbruk. Utanom lønnsutgifter blir her ført renteutgifter og rente-inntekter på startlåna og formidling av stats-tilskot til bustadformål. Denne tilskotsordninga blir lagt om frå 2020.

28500 Tenester utanfor ordinær kommunalt ansvarsområde Netto er denne tenesta i balanse, og nettoutgifa er først og fremst tilskot til TV-aksjonen. På denne tenesta fører vi utbygginga av breiband til alle innbyggjarane i Gloppe. Kommunen sine utgifter frå år til år blir dekka av disposisjonsfondet. I 2019 er inntektene 1.7 mill kr større enn utgiftene. Det skuldast at mesteparten av utgiftene kom i 2018, medan inntektene, statsstøtte og utvida brukarbetaling, kom i 2019.

Kort om året 2019

2019 var eit arbeidsamt år for kommuneleiinga. Vi har hatt langtidssjukmelding i to sentrale leiarstillingar. Dessverre enda eine sjukmeldinga med at kommunen sin kultursjef dei siste 28 åra, Jan-Kjetil Øygard, døyde sist sommar. Med han miste kommunen ein særdeles god mann.

I fjorårets årsmelding skreiv rådmannen om den andre ledige leiarstillinga: «Stillinga som økonomisjef vart lyst ledig første gong i november 2018, men først etter tre utlysingar – der vi siste gongen engasjerte eit rekrutterings-selskap – lukkast vi med å tilsette. Vi var då komne til mai 2019.» Først etter sommarferien var den nye økonomisjefen på plass. Remi Lone Nilsen kom frå stillinga som økonomisjef i Vang kommune i Valdres, og hoppa rett inn i jobben i Gloppe utan nærmere opplæring.

Ny organisering

Etter valet i 2109 vart kommunen omorganisert politisk. Dei største endringane samanlikna med før var

- at formannskapet tok over planarbeidet frå MULTEK-utvalet. Dette utvalet fekk nytt namn: teknisk, miljø- og kulturutvalet og
- og at leiarane i hovudutvala ikkje lenger sit i formannskapet.

I tillegg var administrasjonsutvalet lagt ned som hovudutval, og arbeidsgjever sine representantar i utvalet sit no i formannskapet.

I samband med skifte av rådmann i 2020 vedtok kommunestyret på slutten av 2019 å endre stillings-tittelen til kommunedirektør. Ny kommunedirektør vart tilsett i november, og Anders Skipenes tar til i stillinga sommaren 2020.

Rådmannen tilsette hausten 2019 Liv Jorun Andenes som ny kultursjef i Gloppe. Ho kjem frå stillinga som avdelingsdirektør for gange og sykkel i bymiljøetaten i Oslo kommune, og starta i jobben som Gloppe sin kultursjef frå nyttår 2020.

29000 Interkommunale samarbeid er vår versts-kommuneoppgåve for Nordfjordsamarbeidet. Denne tenesta skal gå i 0. Gloppe kommune sin del av utgiftene er ca 237 000, og dette er ført med 50 % på teneste 10000 og 50 % på teneste 12010.

30100 Behandling av plansaker er plan- og utgreiings-avdelinga i staben, med tre tilsette i 2,6 årsverk. Tenesta har eit meirforbruk på nesten 350.000 og dette skuldast at vi ikkje har hatt nok prosjekt i 2019 å fordele lønn på, slik vi la opp til i budsjettet.

32500 Tilrettelegging og hjelp for næringslivet er innanfor budsjett.

33000 Samferdslebedrifter/transporttiltak viser eit meirforbruk på vel 120 000. Dette skuldast at vi ikkje hadde fondsmidlar til å dekke tilskotet til Nordfjord-brua AS slik det var lagt til grunn i budsjettet.

Saman med den nye økonomisjefen, utgjer ho ei vesentleg fornying av kommuneleiinga.

Fiberutbygging

I februar 2017 vedtok kommunestyret breiband-planen for Gloppe. Målet i denne planen er at alle innbyggjarane i kommunen skal ha tilgang til breiband med god kvalitet (som oftast fiber) innan utgangen av 2019. Basert på denne planen sokte kommunen staten (NKOM) og fylkeskommunen om støtte til å byggje ut breiband til dei delane av kommunen som ikkje alt har eller har inngått avtale om slik utbygging. Gloppe fekk dei midlane vi sokte om, nesten 8 millionar frå staten og fylkeskommunen.

Status for dei prosjekta som er finansiert er slik: Utbygginga som skulle vore ferdig på Breim til års-skiftet 2017/18 er no fullført. Utbyggingsprosjekta i Sørstranda/Bukta og Hope og Byrkjelo sør er fullført. Utbygginga av resten av kommunen er starta opp og planen er at kommunen får 100 % fiberdekning innan sommaren 2020, som er ei forseinking på 4 månader i høve vedtekne framdriftsplana.

Ny kommunelov

Den nye kommunelova vart gjort gjeldande frå konstituering av nytt kommunestyret. For Gloppen sin del vil dette seie frå 25. september 2019. Sjølv om lova er ny, er dei praktiske endringane små. Vi har alt omtala namneendringa frå rådmann til kommunedirektør. Ei mykje viktigare endring er at kommunedirektøren etter den nye lova er tillagt personalansvaret i kommunen. Tidlegare var dette ei delegert oppgåve frå kommunestyret.

Som følgje av den nye lova er alle dei inter-kommunale samarbeida våre blitt endra. Det nye omgrepene «kommunalt oppgåvefellesskap» erstattar samarbeidet om IKT, kommunearkiv, revisjon og sekretariat for kontrollutvala.

Den nye lova pålegg også kommunane å vedta økonomiske måltal for drifta. Dette gjorde vi i vedtaket om økonomiplan for perioden 2020-2023. Måltala våre er ambisiøse, og vil ikkje blir nådde på fleire år.

Samarbeid

Med unnatak av Bremanger og Stryn har kommunane rundt oss vore mykje opptekne med å slå seg saman. Samarbeidet i Nordfjord har av den grunn ikkje teke noko steg framover i 2019. Det hjelpe heller ikkje på at dagleg leiar i Nordfjordrådet gav seg etter berre vel eitt år i stillinga. Det uklare no med samarbeidet i Nordfjord er kva det blir til med Kinn. Så langt har dei ikkje greidd å lande sitt tilhøyr er den interkommunale flokken.

Nytt omsorgsbygg

var den store investeringssaka i 2019. Fleire rundar i kommunestyret måtte til før startsignalet vart gjeve. Dette er den største kommunale investeringa nokon sinne.

Kva slags bad-løysing skal veljast i det nye bygget? Dette vart tema etter at BANO på Sandane lanserte ei baderomsløysing, som alle var begreistra for, men som ikkje oppfylte Husbanken sine krav. Og det skulle vise seg at krava ikkje var så lette å endra på, trass i klare politiske signal frå øvste hald om dette måtte vi kunne løyse. Saka vart ikkje løyst i 2019, i alle fall.



Rivinga av det gamle omsorgsbygget kom i gang sommaren 2019. Foto: Jan Kåre Fure.

Ei anna sak som sette sinna i kok var søknaden om auka driftstilskot til Firda fysikalsk-medisinske senter. Kommunestyret vedtok til slutt å utvide driftstilskotet til private fysioterapeutar med ei 80 %-stilling, og etter dette roa saka seg.

Arealplan og reguleringsplan for Sandane

Arbeidet med arealdelen av kommuneplanen har teke lengre tid enn rekna med. Årsakene er både at arbeidet er utfordrande og at vi ikkje har hatt nok plankapasitet i 2019.

Ei av dei store utfordringane i arealdelen er å finne gode plassar til nye bustadfelt. I Hyen er dette like vanskeleg og uløyst i dag som for 40 år sidan.

Etter omorganiseringa ved valet i 2019 tok formannskapet over det politiske ansvaret med områdereguleringsplanen for Sandane. Forhåpentlegvis har vi eit vedtak på planen i løpet av 2020. I tillegg til den – i alle fall tilsynelatande store usemja om parkeringsplassar – har vi også ei motsegn frå NVE som vi må finne ut at. NVE meiner vi ikkje har undersøkt godt nok om det er fare for kvikkleire på Sandane.

Arbeidet med kommunen sin kulturminneplan vart avslutta med kommunestyret si godkjenning av denne den 28. august. Dette er ein plan vi har lagt mykje arbeid i, og som mange har engasjert seg i. Planen viser at Gloppen er rik på kulturminne, og vi har mykje å ta vare på.

Oppvekstutvalet

Ressursinnsats

RESSURSBRUK FOR KVART TENESTEOMRÅDE

	Rekneskap 2019	Budsjett 2019	%- forbruk	Rekneskap 2018
20100 Barnehage				
Utgifter	55.710.633	52.764.835	106	51.079.239
Inntekter	-7.581.398	-5.891.750	129	-7.010.106
Sum	48.129.235	46.873.085	103	44.069.133
20200 Grunnskule				
Utgifter	93.377.382	82.550.108	113	88.324.126
Inntekter	-11.834.922	-6.889.560	172	-11.784.358
Sum	81.542.460	75.660.548	108	76.539.768
21100 Styrka tilbod til førskulebarn				
Utgifter	5.600.435	5.454.791	103	6.423.248
Inntekter	-227.228	-33.200	684	-230.452
Sum	5.373.207	5.421.591	99	6.192.796
21300 Vaksenopplæring				
Utgifter	7.494.293	7.214.141	104	7.604.715
Inntekter	-3.933.687	-2.319.350	170	-4.231.615
Sum	3.560.607	4.894.791	73	3.373.100
21500 Skulefritidstilbod				
Utgifter	4.069.997	3.618.726	112	3.984.302
Inntekter	-1.811.477	-1.707.525	106	-2.041.962
Sum	2.258.520	1.911.201	118	1.942.340
22200 Skulelokale				
Utgifter	5.185.148	4.327.500	120	4.190.364
Inntekter	-1.035.630	-865.500	120	-838.073
Sum	4.149.518	3.462.000	120	3.352.291
22300 Skuleskyss				
Utgifter	3.019.395	3.511.250	86	3.001.411
Inntekter	-332.030	-636.250	52	-332.498
Sum	2.687.365	2.875.000	93	2.668.913
23200 Førebygging - helsestasjons- og skulehelseteneste				
Utgifter	5.968.660	5.422.847	110	5.234.205
Inntekter	-1.394.796	-1.231.225	113	-1.450.582
Sum	4.573.864	4.191.622	109	3.783.624
24400 Barnevernstenesta				
Utgifter	3.783.140	3.222.569	117	3.433.659
Inntekter	-1.023.733	-811.425	126	-929.541
Sum	2.759.408	2.411.144	114	2.504.118
25100 Barnevernstiltak i familien				
Utgifter	2.585.962	1.976.947	131	2.037.026
Inntekter	-1.058.642	-1.107.575	96	-987.529
Sum	1.527.321	869.372	176	1.049.496
25200 Barnevernstiltak utanfor familien				
Utgifter	5.245.261	5.129.877	102	7.728.709
Inntekter	-534.832	-310.425	172	-778.277
Sum	4.710.429	4.819.452	98	6.950.432

29000 Interkommunale samarbeid (§ 27 samarbeid)

Utgifter	3.280.346	1.097.862	299	3.154.430
Inntekter	-3.282.558	-1.484.375	221	-3.154.430
Sum	-2.212	-386.513	1	0
T O T A L T	161.269.722	153.003.293	105	152.426.011

- er lik inntekter/mindreforbruk.

SAMLA SETT

Samla sett er det eit for dårlig resultat i oppvekstsektoren, med meirforbruk på mange områder. Det tyder på for dårlig og urealistisk budsjettering, samt for dårlig oppfølging. Lønsutbetalingane i oppvekst auka med 3,2% samla som er innanfor lønsveksten. Det er i tillegg ein auke på overføringer til bunde fond med 2,2 millionar som er med å bidra til eit rekneskapsmessig overforbruk. Det skyldast interkommunale samarbeid, der Gloppen har økonomien på felles tilskot frå staten.

20100 Barnehage

Det er drifta av kommunale barnehagar og driftstilskot til dei private barnehagane. Dei kommunale barnehagane har drifta godt innanfor sitt budsjett og har eit mindreforbruk. 40% av PPT ligg under denne tenesta og har og eit mindreforbruk som følgje av stillingskutt. Budsjettsprekkene ligg i feilbudsjettering i forhold til at det vart kjøpt fleire plassar hjå dei private barnehagane. Kostnaden her er auka med 10,9%.

20200 Grunnskule

Grunnskulane er Breim, Nordstranda, Sandane, Hyen og Gloppen ungdomsskule. Alle skulane har hatt eit meirforbruk i 2019 som i stor del skuldast auka sjukefråvær og mange saker og vedtak knytt til einskildevar. I tillegg har det vore budsjettet urealistisk i 2019.

21100 Styrka tilbod til førskuleborn

Området omhandlar ressursar til dei som treng spesialpedagogisk hjelp eller tilrettelegging i barnehagane både dei kommunale og private. Samla sett er rekneskapen på budsjett. Inntektene er høgare og det skyldast nokre feilutbetalingar for 2018 som vart justert i 2019.

21300 Vaksenopplæring

Området er drifta av Gloppen opplæringssenter (GOS). Her skuldast underforbruket høgare inntekter (norsktilskot frå staten) enn budsjettet. Utgiftene var omtrent i tråd med budsjett. GOS har svært gode rekneskapstal i 2019. Forbruket er litt over budsjett, men inntektene har auka. Dette er på grunn av sal av undervisning til andre kommunar, sal av undervisningstimar til betalingselevar, samarbeid om lærarressursar med Firda vidaregåande skule og høgare norsktilskot frå staten enn budsjettet på grunn av busetjing av fleire nye flyktingar.

21500 Skulefritidstilbod (SFO)

Det er SFO på Nordstranda, Sandane, Breim og Hyen. På dette området er det vanskeleg å budsjetttere og skilje det frå den ordinære skuledrifta, overforbruket er innanfor normal løns og prisvekst, men utgiftene har auka meir enn inntektene.

22200 Skulelokale

Området her er kostnaden med Trivselshagen for oppvekst sin bruk av anlegget. Auken her er endra fordelingsnøkkelen internt i Gloppen kommune, utan at budsjettet er endra. Endringa av fordelingsnøkkelen handla om momsrefusjon og at kommunen totalt sett ville kome betre ut.

22300 Skuleskyss

Det er kommunen sin del av skuleskyssen, både for dei som får skyss fordi vi har definert skulevegen som farleg, og den satsen som vi betalar for alle som har skuleskyss avhengig av avstand til skulen. Her er forbruket mindre enn budsjettet.

23200 Førebygging, helsestasjons- og skulehelseteneste

Er drifta av Helsestasjonen. Her er det for første gang på lenge eit overforbruk. Det skuldast høgare kostnader til kjøp av jordmortenester frå Helse Førde enn det som låg i budsjettet og lågare bruk av fondsmidlar enn det som låg til grunn i budsjettet.

Barnevernstenesta (24400, 25100, 25200)

Området er delt i tre. Sjølvé barnevernstenesta som omfattar sakhandsamarstillingane, barnevernstiltak i familien som er tiltak i familiene etter vedtak og siste området er barnevernstiltak utanfor familien. Det som er meirforbruk her er spesielt kjøp av tenester frå private.

Kva har vi fått til i 2019?

Kommunen sitt handlingsprogram som er knytt til samfunnssdelen i kommuneplanen har mange områder som kryssar inn på eller er oppvekstsektoren sitt ansvar.

Frå handlingsprogram 2019:

Gripe fatt i utfordringar tidleg, før dei veks seg store – førebygge framfor å reparere.

Det grunnleggande prinsippet i Gloppen skal vere BTI, Betre Tverrfagleg Innsats og i det ligg det tidleg innsats. Gloppen er med i prosjektet og brukar ressursar på å utvikle system og rutinar for å klare å jobbe etter dette. Samarbeid er likevel vanskeleg både internt og mellom tenester, så her er framleis ein jobb å gjere.

Gje alle barn høve til å utnytte potensialet sitt ut i frå sine føresetnader, og styrke fokuset på inkludering i barnehagar og skular.

Oppvekstsektoren er med på prosjektet Inkluderande barnehage og skulemiljø (IBOS). Det har fokus på nettopp målet som står over.

Sikre gode overgangar i heile livsløpet til glopparane.

Utruste skuleelevarane med kunnskap om nye teknologiar og digitalisering. Kompetansebygginga må starte tidleg i grunnskulen, og utviklast i eit tett samarbeid mellom skule og lokalt næringsliv.

Jobbe for å styrke og utvikle Firda vidaregåande skule som er svært viktig for både kommunen og næringslivet i Gloppen.

Gloppen kommune har gjennom GOS eit kompetansesenter for norskopplæring og grunnskule for vaksne. GOS har samarbeidd godt med Firda vidaregåande skule i høve utdanningsløp på grunnskulenivå og vidaregåande nivå.

NAV / flyktningtenesta fekk prosjektmidlar for å forske på Gloppen-modellen. Denne modellen er no kjend over heile Noreg og har bidrege til svært positiv omtale av kommunen vår.

Gjennom prosjektet «Grøn skule» skal barnehagane og skulane i Gloppen ta ei aktiv rolle i det grøne skifte i samarbeid med «Klima og miljø» ved Firda vgs og næringslivet. Målet med prosjektet er auka kunnskap om klima og klimasmart matproduksjon hos komande generasjonar.

Vi har nok ikkje vore flinke nok til å bruke dette prosjektet i barnehagar og skular. Likevel tenker vi at det grøne skifte er godt forankra i rammeplan og fagfornyinga, slik at dei unge får god kunnskap om temaet.

Jobbe for at lokale vidaregåande skular på Sandane, Eid, Stryn og Førde tilbyr dei utdanningane vi treng i Gloppen.

Er i første rekkje ei politisk sak, men rådgjeving og informasjon og samarbeid med dei vidaregåande skulane skjer og administrativt.

Stikkord frå aktivitetar som har vore gjennomført for å nå overordna mål

Skulane

Fagfornyinga

- Foredrag i nettverksmøter for alle tilsette
- Nettverk Nordfjord med fagsamlingar lærarar
- Satsing lokalt utviklingsarbeid med planane på skulane

Skulemiljø:

- IBOS, Inkluderande barnehage og skulemiljø
- Felles FAU møte i mars og november, saman med FAU, politikarar og leiarar i oppvekst.
- Tverrfagleg foredrag frå lensmann og psykisk helse ved skulestart for ungdomsskule
- Kripos-patruljen foredrag for elevar og foreldre om nettbruk
- Møte med frivilligsektor med tema BTI og miljø

Overgangar

- Eigen plan overgangar frå helsestasjon til ungdomsskule, for å sikre elevane i størst mogleg grad tilpassing og trygge rammer.

Barnehagane

- Avslutta Språkkommuneprosjektet våren 2019.
- Kvalitetsikra felles rutinar for overgangar. Fokus på å tidleg fange opp barn med lese- og skrivevanskjar.
- Oppstart IBOS prosjekt med fokus inkluderande barnehage- og skulemiljø.

- Tilsyn barnehagelova §19g – tidlig inn. Barn med nedsett funksjonsevne.

- ASK nettverk og opplæring

- Resultatleiring med utarbeidning av beste praksis i

forhold til fokusområde «Formidling i

hentesituasjon».

- Det har vore fokus på tidleg innsats og arbeid med

mangfold og inkludering.

- Samarbeid med andre barnehagar og skule er i

stadig god utvikling, med fleire møtepunkt og tettare

samarbeid som gjer til at barna vert trygga og rusta til

overgangen.

- Tok i bruk Vigilo /oppvekstadministrativt system.

Viktige hendingar og nøkkeltal i 2019.

For meir detaljar og statistikk viser vi til oppvekstmeldinga som vart behandla i kommunestyre desember 2019.

Skulane

Hyen skule:

Hyen skule har 55 elevar fordelt på 10 årstrinn. Det betyr at skulen er fådelt med litt ulik organisering i ulike fag. Barnehagen har ansvaret for SFO tilbodet i Hyen. Idrettsbygget i Hyen vart opna i september 2019 til stor glede å endeleg kunne ta i bruk bassenget igjen. Elles har det vore brukt mykje tid på planlegging av ny skule i Hyen.

Sandane skule:

Sandane skule hadde 2019 eit elevtal på 250 elevar. 14 klassar fordelt på 1.-7. trinn med to parallellear på kvart trinn.

Sommaren 2019 blei det sett opp nytt modulbygg på skulen som inneholdt klasserom og arbeidsrom til tilsette. Dette vart tatt i bruk ved skulestart hausten 2019.

Dette året nytta skulen TinCamp til blime-dansen og påskesamlinga. 250 elevar var på påskeeggjakt i Trivselsskogen og litt seinare på våren dansa alle elevane og tilsette i strålende sol og med ei fantastisk utsikt til årets Blime-låt.

Breim skule:

Elevtalet på Breim skule har vore 111 elevar, der klassesettørelsen har variert mellom 12 til 21 elevar. Frå mars 2019 blei 3. og 4. kl. samanslått i 12 t/v., med til saman 24 elevar. Denne organiseringa vart vidareført skuleåret 2019/2020 med omlag 8 t/v. Endringa i organiseringa blei gjennomført som eit tiltak for å spare inn lønsutgifter i 2019 og 2020. Vi har så langt gode erfaringar med denne organiseringa Den økonomiske vinninga og læringsutbytte til elevane, både fagleg og sosialt tilseier at organiseringa held fram skuleåret 2020/2021.

«Gjer mot andre det du vil at dei skal gjere mot deg!» Med denne gyldne regelen som utgangspunkt, arrangerte Breim skule og FAU i nov 2019, ein temakveld for elevar og føresette i 4.-7.kl. om inkludering og førebygging av mobbing og krenking. Temakvelden var ein oppfølgar av møtet oppvekstutvalet arrangerte våren 2019. Her møttest eleven i 4. kl. til samtale med t.d. mor til ein annan elev i klassen. Gjennom dialogspelet (påstandspel) sette elevar og vaksne ord på haldingar og tankar. Her var det gode refleksjonar og diskusjonar rundt om i gruppene! Vi fekk mange positive tilbakemeldingar som gjer at vi ynskjer å vidareføre liknande temakveldar som ein del av skulen sine førebyggande tiltak i arbeidet mot mobbing. Alle må ta ansvar, vi må bry oss, og vi må møtast og snakke ilag! Slik kan vi vere med på å endre åtferd, så alle kan ha ein trygg og god kvardag, fri for mobbing, krenking og utanforskap!

Nordstranda skule:

Skulen hadde 105 elevar fordelt på 7 klassetrinn.

I 2019 vart det sett i gang arbeid med ny klatrepark og oppgradering av uteområde. Elevråd, FAU, elevar og tilsette har vore aktive i prosessen, og FAU har spesielt vore gode pådriverar for å få til dette. No håpar vi at vi snart kan opne den slik at elevane kan ta den i bruk i løpet av våren 2020.

Kvar haust i november har Nordstranda skule den store framsyninga Putti Plutti Pott! Denne framsyninga er viktig for heile skulen. Den er viktig for identitet, samhald og meistring. I den nye læreplanen som trer i kraft frå hausten 2020, er folkehelse og livsmeistring eit tverrfagleg tema som skal vere gjennomgående i fleire fag. I musikk handlar dette om at eleven utviklar evne til å uttrykke seg gjennom spel, song og dans. Fellesskapet rundt musikk bygger relasjonar mellom menneske, gir mestringsfølelse og bidreg til eit positivt sjølvbilde. Musikk er ei mulighet til å forstå både eigne og andre sine følelsar betre, og dette legg grunnlag for god psykisk helse. Putti Plutti Pott er derfor ein sentral arena for at elevane skal få kjennskap til dette!

Gloppen ungdomsskule

Skulen hadde hausten 2019, 231 elevar. Dei var fordelt på 10 klassar: 8abc, 9abc, 10abcd. Totalt 41 tilsette med vikarar. Elevundersøkinga hausten 2019 synte svært gode mobbetal: GU: 2,6% som er lågare enn både Sogn og Fj og nasjonalt.

Gloppen ungdomsskule markerte 50-års jubileum hausten 2019 som var eit stort høgdepunkt. 13.november inviterte vi kommunen til fest med eigeprodusert program, med festtalarar. Vi hadde nesten full kultursal. Etter festprogrammet vart det servert rømegraut og kaker på skulen. Der var også laga til utstillingar av klassane, med tema rundt 1969-2019. Vi fekk veldig gode tilbakemeldingar både på programmet og opplegget etterpå. FAU var sentrale medhjelparar, og foreldre stilte villig opp.

I samband med bispevisitasen hadde biskopen ei spørjerunde med elevane og møte med nokre lærarar då han var på besøk. Det var opna for mange gode spørsmål og svar, både i kollegiet og elevflokkene. Juleballet er eit anna årleg arrangement som vart gjennomført med godt program og flott arrangement av 10.klassingane.

Gloppen opplæringssenter:

Elevtalet ved skulen held seg stabilt på i underkant av 100 elevar, og håpet er at busetjing av flyktningar vil vere med å sikre elevgrunnlaget. GOS har arrangert 4 kveldskurs i norsk i 2019. Det har vore god interesse for desse kursa, og vi har hatt fulle klasser.

Vi har godt samarbeid med Eid kommune, og vi selde grunnskuleopplæring til 5 elevar busette i nabokommunen. Elles samarbeider vi med andre skular i høve opplæring. Vi hadde som tidlegare år

også i 2019 ei samarbeids-klasse i høve grunnskuleopplæring for minoritetsspråkleg ungdom ved Firda vidaregåande skule. Vi tilbyr grunnleggande norskopplæring til elevar på ungdomsskulen og vi har elevar frå Nordfjord folkehøgskule.

Vi har vidareført arbeidet med språkpraksismodellen, der vi kombinerer klasseromsundervisning med undervisning og oppfølging av elevar på ulike arbeidsplassar. Ein har som i fjar, hatt to faste dagar per veke med språkpraksis, og tre faste dagar med undervisning på skulen. Resultata på norskprøvene våren 2019 var over snittet gode. Ein av grunnane til dette kan vere at denne modellen har gjeve eit auka læringsutbytte, slik vi håpa på.

Vi hadde internasjonal fest våren 2019. Her var det utdeling av vitnemål til elevane som hadde fullført grunnskuleopplæring. Skulen har inngått samarbeidsavtale med STIL fotball. Dei ønskjer å setje eit ekstra fokus på integrering gjennom idrett.

Vi har i haust nytta «Myra» aktivt i høve friluftslivaktivitetar og vinteraktivitetar, og ein har teke med element frå desse aktivitetane og lært språk med utgangspunkt i det ein har opplevd. Å gå på skøyter var ei ny erfaring for deltakarane våre på GOS. Det blei ein del knall og fall i starten, og mykje god latter. Mange meistra etterkvart skøyterne, andre lærte seg å sparke.

Ordførar og kjøpmennene i Gloppe kom på besøk til GOS 9.september. Det var stort engasjement, når elevane våre vart inviterte til å kome med innspel om kva matvarer dei ynskjer å finne i daglegvarebutikkane i Gloppe.

Barnehagane

Hyen barnehage har hatt 9 barn i barnegruppa. Det har vore problem med å innfri pedagognorma i barnehagen i 2019 på grunn av sjukmeldingar og vanskar med å rekruttere pedagog. Det vart sett opp nytt dissestativ i barnehagen i 2019.

Breim barnehage:

Hadde lågare barnetal ved oppstart av nytt barnehageår. Tre avdelingar hadde redusert ordinær bemanning, med til saman 2 stillinger hausten 2019. Ved suppleringsopptak medio oktober vart det auka tal barn, slik at begge stillingane er inne att frå årsskifte. Barnehagen er organisert i fem avdelingar.

Barnetal pr. august: 74 plassar / 53 barn
Barnetal etter suppleringsopptak: 87 plassar / 61 barn

Utbetring av leikeplass sluttført sommaren 2019.
Lågast sjukefråvær i 2019 så lenge Breim barnehage har eksistert. Ny runde med arbeidskle til alle tilsette.
Logo frå eigen barnehage som ledd i
omdømmebygging /synliggjering av kommunale
barnehagar.

Mona barnehage:

Mona barnehage hadde i 2019 plass til 84 barn. Samarbeid med nærmiljøet har vore i fokus. Inkludering og mangfold på tvers av alder har vore eit gjennomgående arbeid med faste turar til sjukeheimen. Små barn og eldre har fått både tid og gode opplevelingar saman.

For Mona barnehage var det stort å få el-sykkel. Denne har vore mykje i bruk og har gjort sitt til at eit personale og barn i mindre grupper har kome seg rundt omkring i nærmiljøet og eit stykkje lenger enn ein elles hadde gjort utan sykkel.

Pedagogisk psykologisk tenestekontor (PPT)

PPT hadde i 2019 203 aktive saker mot 216 i 2018, 185 av desse sakene jobbar sakshandsamarane aktivt med. Team for Tidleg Innsats (TTI) jobbar med 29 saker mot 31 saker året før. Dei er aktivt inne med rettleiing til barnehage, foreldre og barn i 11 saker.

PPT har 5 fagstilling i 100%. Fram til hausten 2019 hadde PPT og ei merkantil stilling i 50% og Logoped i 20%. Dei stillingane er lagt ned i samband med pensjon.

Det er i 2019 saman med Statped sett i gang ei opplæring i alternativ supplerande kommunikasjon (ASK). Det var arrangert fagdag for dei fleste tilsette i barnehagen i Gloppe, i tillegg er det etablert eit fagnettverk som har faste møte på tvers av barnehagane drifta og under rettleiing av Statped og PPT. Det var og sett i gang eit kurs i tegn til tale som 30 personar deltek på. Tilsett på PPT har vorte sertifisert som rettleiar i foreldrerettleiingsprogrammet ICDP. Det har vore gjennomført foreldregruppe saman med tilsette frå helsestasjon og barnevern. Ein av dei tilsette har i 2019 helde på med utdanning som logoped og vil vere ferdig med det i 2020. Då får vi erstatta litt av den kompetansen som er i ferd med å pensjonere seg.

Barnevernstenesta

Talet på meldingar syner ein nedgang frå 49 i 2018 til 27 i 2019. Det er ikkje grunnlag for å meine at det er spesielle grunner til dette utover normale svingingar. Sakene er like fullt ofte komplekse og krev stor grad av samarbeid med andre instansar. Tenesta har hatt fokus på å sette inn tilstrekkelege tiltak tidleg for å unngå plasseringar i fosterheim og institusjon. Dette gjer at forbruket på tiltakssida aukar. Høgt forbruk på tiltak i familien skuldast innkjøp av private hjelpestiltak i fleire familiar i perioden 2018 – 2019. 6 barn er i fosterheim og ein ungdom på institusjon.

Helsestasjonen

Helsestasjonen har hatt same bemanning i 2019 som før. Ei av stillingane er knytt til prosjektmidlar vi har fått frå Helsedirektoratet og starta hausten 2019.

Årsmelding for 2019

Jordmøtenesta kjøper vi frå Helse Førde og har vore ei 30% stilling i 2019. Det var berre 24 fødande som nyttar barseltilbodet God Start på sjukehuset på Eid i 2019.

Saman med barnevernet og PPT er to av dei tilsette sertifisert i foreldrerettleiingsprogrammet ICDP. Hausten 2019 vart to minoritetsspråklege utdanna og

sertifisert i ICDP for minoritetspråklege. Programmet går over 12 ettermiddagar/kveldar for dei minoritetsspråklege på deira morsmål. Det har vore gjennomført to slike grupper i haust/vinter.

	2019	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009
Nyfødde	61	54	67	59	60	67	48	70	57	67	63

Tabell fødselstal, siste 10 år.



Elevar på friluftstur ser ned på Hyen skule. Foto: Hyen skule.

Helse- og omsorgsutvalet

Ressursinnsats

RESSURSBRUK FOR KVART TENESTEOMRÅDE

	Rekneskap 2019	Budsjett 2019	%- forbruk	Rekneskap 2018
23200 Førebygging - helsestasjons- og skulehelseteneste				
Utgifter	265.830	265.785	100	264.753
Inntekter	-81.299	-81.200	100	-42.444
Sum	184.531	184.585	100	222.309
23300 Anna førebyggande helsearbeid				
Utgifter	1.179.897	1.234.098	96	939.808
Inntekter	-594.229	-588.580	101	-345.624
Sum	585.668	645.518	91	594.183
23400 Aktivisering og støtteteneste til eldre og funksjonshemma				
Utgifter	11.305.852	14.666.095	77	12.507.745
Inntekter	-5.017.642	-6.747.675	74	-5.202.533
Sum	6.288.210	7.918.420	79	7.305.213
24100 Diagnose, behandling og re/habilitering				
Utgifter	19.070.981	18.590.323	103	18.174.238
Inntekter	-3.405.267	-3.376.525	101	-3.731.370
Sum	15.665.715	15.213.798	103	14.442.868
24200 Råd, rettleiing og sosialt førebyggande arbeid				
Utgifter	5.765.347	5.179.680	111	5.182.055
Inntekter	-155.727	-14.500	1074	-42.913
Sum	5.609.619	5.165.180	109	5.139.142
24300 Tilbod til personar med rusproblem				
Utgifter	10.540	15.625	67	63.613
Inntekter	0	-3.125	0	0
Sum	10.540	12.500	84	63.613
25300 Pleie, omsorg, hjelp og rehabilitering i institusjon				
Utgifter	33.737.879	29.234.388	115	35.434.029
Inntekter	-8.579.151	-4.044.975	212	-8.756.279
Sum	25.158.728	25.189.413	100	26.677.750
25400 Pleie, omsorg og hjelp i heimen				
Utgifter	141.031.888	121.159.012	116	134.864.025
Inntekter	-22.195.872	-12.575.329	177	-19.811.461
Sum	118.836.016	108.583.683	109	115.052.564
25600 Akutt hjelp, helse- og omsorgstenester				
Utgifter	1.733.489	1.920.419	90	1.615.715
Inntekter	-122.057	-21.250	574	-238.435
Sum	1.611.432	1.899.169	85	1.377.280
26500 Kommunalt disponerte bustader				
Utgifter	273.254	468.800	58	359.123
Inntekter	-269.663	-75.000	360	-163.771
Sum	3.591	393.800	1	195.352
27300 Kommunale sysselsetting tiltak				
Utgifter	1.646.660	1.567.000	105	1.715.249
Inntekter	-15.000	0	0	0

Årsmelding for 2019

Sum	1.631.660	1.567.000	104	1.715.249
27500 Introduksjonsordninga				
Utgifter	5.560.522	6.594.024	84	6.071.158
Inntekter	-1.211.184	-5.000	2422	-8.352
Sum	4.349.338	6.589.024	66	6.062.806
27600 Kvalifiseringsprogrammet				
Utgifter	291.617	507.864	57	101.255
Sum	291.617	507.864	57	101.255
28100 Yting til livsopphold				
Utgifter	4.042.009	3.600.000	112	3.980.708
Inntekter	-178.071	-100.000	178	-281.841
Sum	3.863.938	3.500.000	110	3.698.867
38500 Andre kulturaktivitetar og tilskot til andre				
Utgifter	679.000	0	0	0
Sum	679.000	0	0	0
T O T A L T	184.769.603	177.369.954	104	182.648.450

- er lik inntekter.

Samla sett

Rekneskapet visar eit forbruk på 104% som utgjer eit overforbruk på om lag 7,4 millionar i helse- og omsorgssektoren. Det er naudsynt å få fram at lønnsveksten i sektoren var ca 3%. Dette betyr at veksten frå 2018 til 2019 skuldast lønnsvekst og ikkje auka i årsverk. I realiteten betyr dette ei innsparing då auken samla sett er mindre enn inflasjon. Sjukefråværet i sektoren har auka dei siste åra. Dette gjev høgre lønnskostnader og er del av årsaka til overforbruket. Dette kan forklare ca 1 mill i ekstra utgifter frå 2018 til 2019. Vi har 1 mill meir i inntekter på ressurskrevjande tenester enn budsjettet.

Under vert det kommentert vesentlege avvik frå budsjett.

23400 Aktivisering og støtteteneste til eldre og funksjonshemma

Forbruk på 79% (underforbruk ca. 1600.000 kr): Støtte på kr 680 000 til Frivilligentralen var budsjettet her men er ført på 38500. Utgifter og inntekter på det kommunale kjøkkenet er budsjetterte på 23400 (aktivisering og støtteteneste til eldre og funksjonshemma), men nokre av utgiftene skal utgiftsførast på 25300 (institusjonstenester). For å slepe mykje ekstra arbeid gjennom heile året blir kjøkkenet budsjettert under eitt og så splitta på dei to tenestene, 25 % (25300-institusjon) 75 % (23400-støttetenester) i rekneskapet. Dette utgjer ca 400 000 Når dette er korrigert ved årsavslutninga, viser det eit underforbruk på teneste 23400 og eit overforbruk på teneste 25300.

I eininga psykisk helse har ein eit underforbruk på støttekontakt og ei feilføring av lønn på teneste 25400 som gav eit overforbruk der.

24100 Diagnose, behandling og re/habilitering

Eit forbruk på 103% (overforbruk 450 000 kr) på legesenteret. Ca 100 000 skuldast auka i pris på kjøp av legevaks-telefon. Resten skuldast mindre refusjon enn budsjettet.

24200 Råd og rettleiing og sosialt førebyggande arbeid

Forbruk på 109% (overforbruk kr 450.000) Hovudgrunnen til meirforbruket er at refusjonskravet frå staten vart større enn budsjettet. Dette er kommunen sin del av drifta av Nav-kontoret inklusiv 50% løn til leiar, jf. samarbeidsavtalen. For 2019 var det budsjettet med en større nedgang (180.000) i forhold til rekneskapet for 2018. I realiteten auka utgiftene med 245.000.

25400 Pleie, omsorg og hjelpe i heimen heimen

Eit forbruk på 109 %, (overforbruk ca. 10 mill.) som har fleire årsaker.

I Sandane heimeteneste er der eit overforbruk på kr 5 mill. Der er som i fjord, fortsatt eit stort press på tenestene. Det har vore nødvendig å ha ei høgre bemanning enn budsjettet for å kunne yte fagleg forsvarlege tenester, hindre overbelastning for personalet og til leige av vikarar ved sjukmeldingar. Dette skuldast därlege pasientar som gjev behov for å bemanne opp nokre av bukollektiva våre. Det har også vore fleire og därlegare pasientar som har hatt rett til tenester i eigen heim.

På Gotatoppen har vi eit overforbruk på ca 1,2 mill som skuldast behov for ekstra bemanning i periodar for å yte fagleg forsvarlege tenester og ta i vare dei tilsette i eininga. I tillegg var det behov for vikarbyrå for å avvikle ferien.

På Oreteigen er der eit overforbruk på ca 1 million. Dette skuldast delvis ekstra nattevakt i forbindelse

med bygging av nytt omsorgsbygg grunna beredskap. Resten skuldast bruk av ekstra-hjelp i avdelinga grunn tungt belegg.

I eininga psykisk helse er det eit overforbruk på ca 1 mill grunna enkeltbrukar som fekk eit stort auka behov for tenester dette året.

I Miljøarbeidertenesta eit overforbruk på 2,2 mill som skuldast enkeltbrukarar som har eit stort behov for tenester, sjukefråvær og stort forbruk av overtid grunna sjukefråvær. Etter omorganisering tok det også tid å omdisponere og utnytte ressursane som planlagt. Det er budsjettert med lågare inntekter enn rekneskapet viser på ca 10 mill kr, dette er sjukelønnsrefusjonar som ikkje er budsjettert.

25600 Akutt hjelp, helse- og omsorgstenester

Forbruk på 85% (underforbruk ca. 300 000) skuldast i hovudsak at lønnsutgifter er ført på feil teneste på Gløppen omsorgssenter 1. etasje.

26500 Kommunalt disponerte bustader

Eit forbruk på 1 % (mindreforbruk 390 000). Midlane går til innkjøp av innbu og utstyr i samband med busetjing av flyktninger. Utgiftene speglar kor mange flyktningar vi har teke imot og om det er familiarar eller einslege vi skal busetje. Hovedårsaken her er at det er ført store inntekter på denne posten som ikkje var forutsatt og budsjettert. Det er ført nesten like store inntekter (269.000) som utgifter (273.000). Inntektene er statlig refusjon for 2 AMOT-plasser som kom i 2019.

27300 Kommunale sysselsetjingstiltak

Eit forbruk på 104 % (overforbruk 60.000). Årsaka er høgre utgifter til Mona Vekst enn budsjettert.

27500 Introduksjonsordninga

Eit forbruk på 66 %. I hovudsak lønnsutgifter til deltakarar i introduksjonsprogrammet for nytilkommne

flyktningar. Talet speglar kor mange flyktningar vi busette i åra 2017-2019. Underforbruket her skuldast at av dei flyktningane vi har mottatt den siste tida er det no ein større andel store barnefamiliarar. Ein større andel er for unge, og i nokre tilfelle for gamle, til å delta på introduksjonsprogrammet. Dette forklarer deler av underforbruket.

I tillegg har vi hatt tekniske problemer med å få utbetalt introduksjonslønn til nyankomne flyktningar som ikke har personnummer, slik at disse har fått forskuttet sosialhjelp som lån isteden (siden september og ut året). Det har tatt lengre tid enn normalt i den nye flyktninggruppa. Her er det ei kommunal løysing på vei.

27600 Kvalifiseringsprogrammet

Eit forbruk på 57 % (underforbruk 320.000). Vi hadde budsjettert med 3 deltakarar heile året. Vi har hatt 3 deltakarar, men dei har delteke berre delar av året.

28100 Yting til livsopphold

Eit forbruk på 110 % (overforbruk 269.000). Det er vanskeleg å budsjetttere utgifter til økonomisk sosialhjelp då mange faktorar spelar inn på behovet, samt at uføresette ting kan oppstå i løpet av eit budsjettår. Talet mottakarar av økonomisk sosialhjelp har over mange år vore stabilt. I 2018 fekk 116 personar/familiarar innvilga denne ytinga. I 2019 er tal mottakarar av sosialhjelp 110. Likevel aukar utgiftene. Noko av forklaringa er at for flyktningegruppa har vi no ein større del store barnefamiliarar/familiarar som kun har introduksjonslønn og som trenger/fyller vilkåra for supplering på sosialhjelp. Anna forklaring er innstramming av statlig regelverk. Endring i Folketrygdlova sitt regelverk for maks lengde på vedtak om AAP og innskjerping av inngangsvilkår har medført nokre få enkeltsaker der brukarar har blitt gåande på sosialhjelp i staden for.

Spesielle hendingar i 2019

Prosjektilskot til "Gloppen-modellen"

I 2019 mottok Gloppen kommune 1,2 million kroner i tilskot frå IMDI (integrerings- og mangfoldsdirektoratet) til prosjekt "Gloppen-modellen" - ein utdanningsmodell for framtida.

Hausten 2013 starta samarbeidsprosjektet om utdanning som helsefagarbeidar for minoritetsspråklege i Gloppen kommune på Firda vidaregåande skule. Samarbeidspartane var NAV Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Gloppen kommune. Bakgrunnen for prosjektet var at mange vaksne minoritetsspråklege i kommunen ynskte seg utdanning som helsefagarbeidar, samt at behovet for framtidig arbeidskraft innan fagfeltet vil bli stor. Erfaringane er svært positive og det har starta nye klassar kvart år med unntak av 2014. Fleire kommunar i Nordfjord har no med elevar.

Etter nokre års erfaring, treng vi no å få uhilda forskrarar til å vurdere resultata av "Gloppen-modellen". I tillegg treng modellen å utviklast vidare og bli mindre "personavhengig". Målet er å få utarbeidd ein standardisert fagutdanningsmodell for minoritetsspråklege som kan overførast til alle deler av landet.

Gloppen kommune er prosjekt-eigar. Fylkeskommunen og Nav er samarbeidspartar i prosjektet. Forskningsinstituttet NORCE vil følgje prosjektet. Styringsgruppe og prosjektgruppe er etablert. Prosjektleiar er tilsett.

Måla med prosjektet er:

1. Effektane av "Gloppenmodellen" er dokumentert gjennom forsking
2. Det er utarbeidd ein modell for fagutdanning som eit tilbod for heile regionen
3. Det er utarbeidd eigen rettleiar for den nye utdanningsmodellen
4. Fagutdanning er integrert i introduksjonsprogrammet

Det skal lagast ein forskingsrapport og handlingsrettleiar for utdanningsmodellen. Handlingsrettleiaren skal innehalde rollebeskrivingar og tilrådingar. Dette vil bidra til betre avklaringar rundt finansiering, rekruttering og oppfølging undervegs, og ikkje minst sikre at utdanningsmodellen står seg betre inn i framtida.

Vi har søkt om støtte til eit 3-årig prosjekt. I fyrste omgang er vi tildelt midlar i eit år, men har god tru på finansiering frå IMDI også dei neste 3 åra



Deltakarar i prosjektet. Foto: Anita Lothe.

Årsturnusar

Stadig fleire einingar tek no i bruk årsturnus. Dette er ynskt og er eit uttalt mål i arbeidsgjevarstrategien som var vedtatt i 2018. Dette bidreg til fleire i heiltidsstillingar og betre planlegging av behovet for arbeidskraft gjennom året.



Breim heimeneste har teke i bruk årsturnus. Foto: Marit Våtevik.

Velferdsteknologi

Gloppen har arbeidd med velferdsteknologi (VT) sidan 2015. Vi er framleis med i Fylkesprosjektet og det Nasjonale velferdsteknologiprogrammet. Her vert det arbeidt med ulike forhold kring velferdsteknologi som gevinstrealisering, tenestereiser, forankring m.m.

I 2019 har det også vore arbeidt for å sikre Alarmsentralen i Florø (som er eigd av kommunane i Sogn og Fjordane) som responsenter for velferdsteknologi. Det er eit krav at alle kommunar har ei responsenterløysing for å nytte velferdsteknologi i åra framover.

I Gloppen har vi arbeidd for å ta i bruk kamera-tilsyn som erstathning for fysiske tilsyn. Det har vore mykje førebuande arbeid og «regelverks-studie», men vi er no klare til å teste det ut. Vi er også i gang med bruk av GPS. Fleire tilsette har teke opplæringa velferdsteknologiens ABC. Dette er med på å styrke kompetansen innan velferdsteknologi. Elektroniske dørlåsar er framleis eit sterkt ynskje å starte med. Det må gjerast ei investering, men det

vart ikkje funne plass til dette i investeringsbudsjettet.

Demensomsorg – arbeidet med dette

I tråd med helse- og omsorgsplan har området demensomsorg hatt fokus. Mange fleire eldre i kommunen vil også medføre at fleire får diagnosen demens. Hausten 2018 vart det sett ned ei arbeidsgruppe som skulle planlegge korleis ein skal arbeide med tiltaka som er sett opp knytt til området demens. Arbeidsgruppa fekk og i oppdrag å utarbeide ein søknad om tilskot til utviklingsarbeid. Vi fekk tildelt kompetanse- og innovasjonstilskot 2019 frå fylkesmannen til prosjektet «utvikling og implementering av modell for heilsakapleg demensomsorg i Gloppen kommune».

Vi har i prosjektet arbeidd med dagaktivitetstilbod i samarbeid med frivillige, auka kompetanse og etablere ordning med ressurspersonar i demens. Dette er i tråd med tiltaksdelen i helse- og omsorg. Vi arrangerte i desember fagdag innan demens for tilsette og frivillige som gjer ein viktig innsats på området.

Arbeidet i prosjektet vil fortsette i 2020 og deler av prosjektmidlane er overført til 2020.

Arbeidsgruppe i vidareutvikling av frivillig innsats

Stortingsmelding 15 (2017-18) «Leve hele livet» legg føringar for at eldre kan mestre livet lenger, ha tryggleik for at dei får god hjelp når dei treng det, at pårørande og frivillige kan bidra utan at dei blir utslitne og at tilsette kan bruke sin kompetanse i tenestene. Gloppen kommune sin vedtekne Helse og omsorgsplan seier at vi skal halde fram med å utvikle det gode samarbeidet mellom Gloppen kommune, frivillige og Gloppen frivillig sentral. Det vart i 2018 etablert ei arbeidsgruppe som skal arbeide med å vidareutvikle frivillig arbeid og samarbeid med Gloppen kommune. Arbeidsgruppa består av tilsette frå helse- og omsorgssektoren, frivilligentralen og to representant frå helse- og omsorgsutvalet. Det var søkt prosjektmidlar for å kunne ha tilsett prosjektleiar til å drive utviklingsarbeidet, men vi fekk ikkje dette innvilga. Vi vil sokje igjen og på andre tilskotsordningar.

I 2019 har gruppa møttest til 3 møte, men av ulike årsaker har ein ikkje hatt stor framdrift i arbeidet. Det har i lag med frivilligentralen vore arrangert møte med frivillige lag, organisasjoner og enkelpersonar etter same mal som tidlegare. Det er elles verdt å nemne at vi i helse- og omsorg har mange frivillige som gjer ein stor innsats i einingane. Vi har tilsette som er frivilligkontakter og mange av desse gjer ein viktig innsats.

Oppstart bygging av nytt omsorgsbygg

Bygging av nytt tilbygg på omsorgssenteret er starta, og det «ytre skalet» er no reist!

Prosjektet blei lyst ut som totalentreprise og Åsen og Øvreli vart vald som entreprenør. Dei 20 nye omsorgsbustadane er planlagt for å gje fleksibilitet i forhold til ulike pasientgrupper, då spesielt med tanke på bebuarar som har utvikla demens. Tal plassar er dimensjonert for å møte den store auken i tal eldre fram mot 2030. Dette ligg også inne som eit tiltak i ny helse- og omsorgsplan.

Det er tenkt å auke kapasiteten på heildøgns-bemannana omsorgsbustader med 4 nye plassar i 2021 når nybygget står ferdig. I praksis betyr det at ein flyttar over 16 pasientar frå det eksisterande omsorgssenteret og tek inn 4 nye pasientar. Finansiering av drift av nytt omsorgsbygg er fortsatt utfordrande og skal arbeidast vidare med.

Ei utfordring som har dukka opp i haust, er størrelsen på boda i det nye bygget. Vi skal ha Bano-bad. Bano har den seinare tid utvikla ei kompakt baderomsløysing som er innreia for å gje optimale arbeidsforhold for dei tilsette og gjere brukarane mest mogleg sjølvhjulpne. Denne løysinga har mindre areal enn dagens godkjende bad og har vendbart toalett. Dette er ei løysing vi ynskjer. Problemet er at denne løysinga ikkje er endeleg godkjent av Husbanken. Vedtaket om tilskot på omsorgsbygget er basert på bad av den opprinnelige godkjende størrelsen. For å halde framdrifta på omsorgsbygget må endeleg størrelse på boda straks bestemmas og då vert vi nøydde å bygge med opprinnelig planlagd størrelse på boda. Vi får likevel godt tenelege bad i det nye bygget!



Foto: Illustrasjon av fasade

Frisklivssentralen

Frisklivssentralen har ein jamm auke i deltakarar. Tilboda og aktiviteten ligg tilgjengeleg på Gloppen kommunen si heimeside. Frisklivssentralen tilbyr helsesamtalar, «kom i gang» med fysisk aktivitet, aktiv ung, sterk og stødig(gruppentreningar med fokus på fallførebygging), bassengtrening, bra mat-kurs, diabetes-kurs, kne/hofte/handartrose –kurs.

Deltakarar i Frisklivsentralen har utvikla seg slik:

2017 : 81 deltagarar

2018: 116 deltagarar

2019: 134 deltagarar

I tillegg kjem tala frå sterk og stødig gruppene frå bygdene; 10-15 på Breim, 10-15 på Rygg og 25-30 på Nordstranda. I 2019 har dei frivillede instruktørane fått tilbod om å delta på fyrstehjelpskurs, dessverre fekk ikkje alle plass, så dei skal få tilbod igjen når det skal arrangerast nye kurs.

Vi fekk utviklingsmidlar til å starta opp med å planlegge diagnoseuavhengige «Meistringstreff» Formålet er å gje informasjon, kunnskap og bistand, førebyggje eller hindre utvikling av sjukdom og funksjonsnedsetjing, gje støtte til endring av levevaner og understøtte pasient og brukar sin eigen læringsprosess. Dette vert arbeidt vidare med i 2020.



Bassengtrening i regi av Frisklivssentralen. Foto: Jannike Felde.

Fokus på ernæring og måltid



Besøk av statsministeren og eldre- og folkehelseministeren på Gloppen kommunale kjøkken. Foto: Renate Ryssdal.

Stortingsmelding «leve heile livet» er ei kvalitetsreform med mål om at alle eldre skal få betre

hjelp og støtte til å mestre livet. Reforma omhandlar dei grunnleggande forholda som oftast sviktar i tilbodet til eldre: mat, aktivitet og fellesskap, helsehjelp og samanheng i tenestene. Målgruppa er eldre over 65 år, både dei som bur på institusjon og heime. Målet er gode kvardagar også når helsa sviktar og det offentlege skal inn med eit omsorgstilbod. I Gloppen kommune har vi på mange områder vore i forkant av denne reforma. Vi har gjennom utviklingsarbeid og prosjekt i sektoren arbeidt systematisk med mange av utfordringane som er beskrivne. Helse- og omsorgsplan 2018-2030 beskriv strategiar og satsingar som er i tråd med føringane i denne stortingsmeldinga.

Fokus på kommunen si satsing på lokal-produsert mat, matombringning og samarbeid med frivillig er omtala i stortingsmeldinga og vår satsing er i tråd med intensjonane i meldinga.

Vi er også i gang med å lage systematikk og rutinar kring ernæringsarbeidet i sektoren. Gloppen kommunale kjøkken har vore med og undervist i eigne einingar og undervisningsnettverket i Sogn og Fjordane. I 2019 fekk vi besøk av statsministeren og eldre- og folkehelseministeren. Dei ynskte å høre om vår satsing på området. Kjøkkensjef Gunnvor Sunde var også invitert til Arendalsveka for å fortelje om arbeidet som vert gjort i kommunen.



Arendalsveka. Foto: Georg Mathiesen.

Rehabiliteringsprosjekt

Vi fekk i 2018 prosjektmidlar frå fylkesmannen til å starta opp med utviklingsarbeid for å styrke habiliterings- og rehabiliteringstilbodet til pasientane i Gloppen kommune. Vi fekk overført deler av midlane til 2019 og har arbeidt med dette i tråd med planlagt framdrift. Aktivitetane har vore:

- Rutinar og avklaringar som gjeld samarbeid og overgangar mellom ulike nivå/tenester i kommunen og mellom kommune og spesialisthelsetenesta.

- Felles fagdagar med kompetanseheving og kompetansemobilisering på tvers av einingane i kommunen.

- Det er laga plan for habiliterings- og rehabiliteringsarbeidet i kommunen. Denne er straks klar til politisk handsaming.



Fagdag slagrehabilitering. Foto: Anita Lothe.

Helse- og omsorgsplan – korleis føl vi opp denne?

Vi er i gang med å gjennomgå status ism tiltaksdelen i helse- og omsorgsplanen. Mange av tiltaka er i gang (og omtala over), men vi ser at det lenger tid en først planlagt å fullføre dei endeleg. Mange av tiltaka må ein også arbeid med kontinuerlig for å sikre at ny praksis vert etablert. På nokre områder er vi ikkje i mål med det som var planlagt:

- Vi ser at det er behov for ein ny kompetanse-plan i sektoren for å få oversikt og sikre god oversikt over kompetansebehovet i åra framover.
- Arbeidet med kommunepsykolog må landast i 2020.
- Innan området rus har vi ikkje kome godt nok i gang med tiltaka som er definert i planen.
- Innan området minoritetshelse har vi heller ikkje klart å følgje opp slik vi planla.

Arbeidet med å følgje opp helse- og omsorgsplanen vidare må halde fram i 2020.

2018

Kommunedelplan – Helse og omsorg
2018 – 2030 for Gloppen kommune

Versjon 1.0 Kommunestyret 25. april 2018

Utvikling over tid

Tilsyn i helse og omsorg

Fylkesmannen gjennomførte tilsyn med Gloppen kommune, Gloppen omsorgssenter i oktober 2019. Dei undersøkte om leiinga i kommunen sørger for at helsetenester med tvang til personar utan samtykkekompetanse vert utført i samsvar med pasient- og brukarrettslova kapittel 4A. Dei undersøkte om leiinga i kommunen har lagt til rette for at pasientar utan samtykkekompetanse som motset seg helsehjelp, kan få nødvendig somatisk helsehjelp utan unødig bruk av tvang, i samsvar med pasient- og brukarrettslova kapittel 4A.

Konklusjon etter tilsynet var at vi ikkje sikrar at samtykkekompetansen vert vurdert og at helsefaglege vurderingar vert gjort hos pasientar som motset seg helsehjelp. Dette er brot på helse- og omsorgstjenesteloven § 4-1, jf. § 4-2 og forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten §§ 6 til 9, jf. § 5.

Dette er eit systemavvik kor overordna leiing ikkje har sikra seg at tilsette er kjent med lovverket, og overordna leiing har ikkje eit styringssystem for å følgje opp praksisen i eininga. Det kjem fram i intervju med tilsette at det blir gjort mykje bra, men at det er usikkerhet kring vesentlege punkt som må sikrast via opplæring.

Tilsynet viser at vi har forbetringspotensiale knytt til dette området. Vi har ikkje hatt klare og tydelige rutinar og system for opplæring og oppfølging på dette området. Dette er det laga ein plan for, og det er forholdsvis enkle grep som skal til for å løyse dette. Rådmannen ynskjer også å påpeike at sjølv om tilsynet konkluderte med lovbroter så er det i samhandlinga med pasientane gjort mykje godt arbeid for å unngå at helsehjelp vert gitt med tvang, men at dette ikkje er godt nok dokumentert. Det er heller ikkje mange pasientar dette gjeld. Tilsyn gjev oss utgangspunkt for å verte betre på ulike områder, og det er positivt.

Teneste	2019	2018	2017	2016	2015	2014
Mottakarar av heimesjukepleie og praktisk hjelp	427	413	416	398	380	359
Mottakarar av støttekontakt	61	57	55	58	66	60
Mottakarar av omsorgslønn	11	12	12	13	12	13
Bebuarar i bustader disponert til omsorgsføremål inkludert heildøgnsomsorg	156	156	156	150	150	150
Bustader med bemanning heile døgnet	73	73	73	67	67	67

Tala i statistikken over viser at kommunen stadig får fleire pasientar. I tillegg til at tal pasientar vert fleire, er det i tillegg pasientar med meir komplekse sjukdomsbilde, som krev store ressursar for å følgje opp.

Statestikken er tatt frå KOSTRA rapport 6. Det omfattar registreringar på dei som har både heimeteneste og praktisk bistand og dei med kunn heimeteneste og dei med kunn praktisk bistand.

Det er store avvik i talla mellom rapporten henta frå KOSTRA og det som er rapportert i profil (pasientjournalsystemet). Registreringane i profil viser at vi har ein auke i tal pasientar som motteke tenester og tal timar tenestar som er tildelt, dette finn vi ikkje igjen i KOSTRA rapporten. Årsaka til denne forskjellen har vi ikkje funne, men vil søkje å finne ut av dette i 2020.

Utvikling i liggedøgn

	2019	2018	2017	2016	2015	2014
Korttid/rehab.	3261 (74,45%)	4030 (92,01%)	3856 (88,04%)	3.390 (77,17%)	3.977 (90,8 %)	3.889 (88,8 %)
Langtidsplassar	2858 (97,88%)	2749 (94,14%)	2771 (94,90%)	2.521 (86,10%)	2.753 (94,3%)	2.920 (93,1 %)

I 2019 er beleggsprosenten på korttidsplassane lågare enn tidlegare år. Vi har periodevis opplevd stort press på korttidsplassane, men på det jamne har vi klart å tildele korttidsplass etter behov og har hatt svært få liggedøgn vi har betalt for i spesialisthelsetenesta (14 døgn i 2019). Det er tilfeldig om det er mange pasientar som vert utskrivingsklare og har behov for korttidsplassar på same tid gjennom året. Behovet for korttidsplassar og avlastning vil variere og fordeler seg ikkje jamt utover året.

Institusjonsplassar og ulike butilbod med og utan fast personale

Institusjonsplassar

Vi har 20 institusjonsplassar i 1. etasje på Gloppen omsorgssenter. I tillegg har vi to plassar til KAD (Kommunal akutt døgneining). Situasjonen for 2019 har vore betre enn i 2018. Presset på korttids-plassane i 2019 har vore stort gjennom deler av året, men vi har i stor grad klart å tildele plass til dei som har hatt behov.

Gloppen kommune har også i 2019 redusert liggedøgn som kommunen har betalt for til spesialist-helsetenesta til kun 14 i 2019. (177 i 2018, 71 i 2017 og 108 i 2016).

Bustad med personale tilgjengeleg heile døgnet

73 bustader på Sandane.

Bustad med personale tilgjengeleg deler av døgnet

50 bustader fordelt på Sandane, Hyen og Breim.

Avlasting for barn og unge

Gloppen kommune har 4 avlastingsplassar på Sol-sikka, som er ein «institusjon» for barneavlasting. Plassane er jamleg i bruk, ca anna kvar helg og 1-2 døgn på kvardagar.

Leilegheiter ved aktivitetsavdelinga

Ved oppussing av aktivitetssenteret 2018, vart det bygd fire nye leilegheiter i same bygget. Tenester vert gjevne frå ulike eininger.

Venteliste til langtidsopphold eller omsorgsbustad med bemanning gjennom heile døgnet.

Pasient/brukar som med forsvarleg hjelp kan bu heime i påvente av langtidsopphold i sjukeheim eller tilsvarannde bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester, men som oppfyller kriteria for tildeling av langtidsopphold etter helse- og omsorgstenestelova § 3-2 a, vert sett på venteliste. I Gloppen hadde vi 1 på venteliste ved utgangen av 2019.

Teknisk, miljø- og kulturutvalet – teknisk sektor

SAMLA RESSURSBRUK FOR HEILE SEKTOREN (UTVALET)

	Rekneskap 2019	Budsjett 2019	Forbruk i %	Rekneskap 2018
T O T A L T	49.076.778	44.277.958	111	49.651.168

Ressursinnsats teknisk sektor

RESSURSBRUK FOR KVART TENESTEOMRÅDE

	Rekneskap 2019	Budsjett 2019	%- forbruk	Rekneskap 2018
12010 Administrativ leiing				
Utgifter	323.561	375.966	86	1.301.896
Inntekter	-287.441	-197.800	145	-1.203.024
Sum	36.120	178.166	20	98.872
12100 Egedomsforvaltning				
Utgifter	2.586.025	3.005.257	86	3.439.207
Inntekter	-1.266.892	-1.395.625	91	-1.271.299
Sum	1.319.133	1.609.632	82	2.167.908
13000 Gloppen heradshus				
Utgifter	1.228.906	1.357.250	91	13.488.164
Inntekter	-112.512	-136.750	82	-12.617.807
Sum	1.116.394	1.220.500	91	870.357
19000 Interne serviceeininger				
Utgifter	20.845.576	19.602.276	106	21.819.082
Inntekter	-20.845.576	-20.122.944	104	-21.819.082
Sum	0	-520.668	0	0
21300 Vaksenopplæring				
Utgifter	121.874	125.750	97	116.775
Inntekter	-4.094	-4.750	86	-3.116
Sum	117.780	121.000	97	113.660
22100 Barnehagelokale og skyss				
Utgifter	2.433.357	2.613.125	93	2.463.359
Inntekter	-207.132	-245.625	84	-212.042
Sum	2.226.225	2.367.500	94	2.251.317
22200 Skulelokale				
Utgifter	12.309.971	11.910.250	103	12.142.467
Inntekter	-899.889	-817.250	110	-840.177
Sum	11.410.082	11.093.000	103	11.302.290
23200 Førebygging - helsestasjons- og skulehelseteneste				
Utgifter	190.307	208.000	91	200.550
Inntekter	-26.649	-26.000	103	-27.852
Sum	163.658	182.000	90	172.698
23400 Aktivisering og støtteteneste til eldre og funksjonshemma				
Utgifter	397.177	102.500	387	61.389
Inntekter	-69.167	-10.500	659	-2.395
Sum	328.010	92.000	357	58.994
24100 Diagnose, behandling og re/habilitering				
Utgifter	522.912	567.375	92	513.246
Inntekter	-86.089	-83.875	103	-81.840
Sum	436.824	483.500	90	431.406

Årsmelding for 2019

24400 Barnevernstenesta				
Utgifter	75.448	81.875	92	79.533
Inntekter	-10.580	-10.375	102	-11.061
Sum	64.868	71.500	91	68.473
25300 Pleie, omsorg, hjelp og rehabilitering i institusjon				
Utgifter	-15.000	-15.000	100	-15.000
Sum	-15.000	-15.000	100	-15.000
25400 Pleie, omsorg og hjelp i heimen				
Utgifter	133.720	148.250	90	141.954
Inntekter	-163.198	-163.250	100	-162.769
Sum	-29.479	-15.000	197	-20.815
26100 Gloppe omsorgssenter				
Utgifter	6.279.577	5.977.000	105	6.096.492
Inntekter	-2.674.974	-2.863.371	93	-2.811.718
Sum	3.604.603	3.113.629	116	3.284.774
26500 Kommunalt disponerte bustader				
Utgifter	4.349.696	4.383.375	99	4.436.669
Inntekter	-11.626.103	-11.779.101	99	-10.750.730
Sum	-7.276.407	-7.395.726	98	-6.314.061
30100 Behandling av plansaker				
Utgifter	1.696.520	461.858	367	1.522.620
Inntekter	-457.931	-279.000	164	-217.005
Sum	1.238.589	182.858	677	1.305.615
30200 Bygge- og delesaksbehandling og seksjonering				
Utgifter	1.326.916	1.767.725	75	1.227.484
Inntekter	-1.148.823	-891.450	129	-587.870
Sum	178.093	876.275	20	639.615
30300 Kart og oppmåling				
Utgifter	958.444	997.068	96	1.043.154
Inntekter	-406.492	-608.750	67	-850.279
Sum	551.952	388.318	142	192.875
31500 Bustadbygging og fysiske bomiljøtiltak				
Inntekter	-42.080	-33.700	125	-33.700
Sum	-42.080	-33.700	125	-33.700
32000 Kommunal næringsverksemد				
Utgifter	36.571	31.500	116	30.147
Inntekter	-255.075	-255.000	100	-252.839
Sum	-218.503	-223.500	98	-222.692
32500 Tilrettelegging og hjelp for næringslivet				
Utgifter	394.173	254.500	155	357.716
Inntekter	-817.065	-203.900	401	-187.241
Sum	-422.892	50.600	-836	170.475
32900 Landbrukskontoret og landbruksnæringer				
Utgifter	4.762.070	4.735.631	101	3.521.150
Inntekter	-2.140.691	-1.773.850	121	-888.164
Sum	2.621.379	2.961.781	89	2.632.986
33000 Samferdslebedrifter/transporttiltak				
Utgifter	256.733	228.125	113	211.866
Inntekter	-390.338	-265.625	147	-358.371
Sum	-133.605	-37.500	356	-146.505

33200 Kommunale vegar, miljø- og trafikksikringstiltak og parkering				
Utgifter	9.758.342	7.394.400	132	9.481.928
Inntekter	-3.323.911	-2.172.400	153	-2.708.638
Sum	6.434.431	5.222.000	123	6.773.290
33500 Parkar, torg og idrettsanlegg				
Utgifter	1.124.764	1.003.125	112	1.285.448
Inntekter	-142.879	-176.925	81	-166.850
Sum	981.885	826.200	119	1.118.598
33800 Førebygging av brann og andre ulukker				
Utgifter	1.751.098	1.749.039	100	1.960.195
Inntekter	-1.073.621	-1.160.850	92	-1.249.511
Sum	677.477	588.189	115	710.684
33900 Beredskap mot brann og andre ulukker				
Utgifter	5.643.234	5.054.209	112	4.350.962
Inntekter	-312.660	-536.250	58	-439.064
Sum	5.330.574	4.517.959	118	3.911.898
34000 Produksjon av vann				
Utgifter	1.759.255	1.519.917	116	1.744.650
Sum	1.759.255	1.519.917	116	1.744.650
34500 Distribusjon av vann				
Utgifter	5.362.099	5.153.531	104	4.820.569
Inntekter	-7.121.353	-6.673.451	107	-6.565.219
Sum	-1.759.255	-1.519.920	116	-1.744.650
35000 Avløpsrensing				
Utgifter	7.760.166	5.909.094	131	6.976.864
Inntekter	-244	0	0	-1.953
Sum	7.759.922	5.909.094	131	6.974.911
35300 Avløpsnett/innsamling av avløpsvatn				
Utgifter	6.537.230	6.984.703	94	6.302.890
Inntekter	-14.297.152	-12.893.795	111	-13.277.801
Sum	-7.759.922	-5.909.092	131	-6.974.911
35400 Tøming av slamavskillarar og septiktankar				
Utgifter	1.849.369	471.909	392	1.849.291
Inntekter	-1.849.369	-475.000	389	-1.849.291
Sum	0	-3.091	0	0
36000 Naturforvaltning og friluftsliv				
Utgifter	556.096	480.597	116	398.375
Inntekter	-439.373	-476.500	92	-416.108
Sum	116.723	4.097	2849	-17.733
38000 Idrett og tilskot til andre sine idrettsanlegg				
Utgifter	11.583	18.000	64	11.219
Inntekter	-1.263	-2.500	51	-1.227
Sum	10.320	15.500	67	9.992
38100 Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg				
Utgifter	463.665	459.250	101	457.798
Inntekter	-2.470	-1.250	198	-1.480
Sum	461.195	458.000	101	456.317
38500 Andre kulturaktivitetar og tilskot til andre sine kulturbrygg				

Årsmelding for 2019

Utgifter	1.049	1.500	70	0
Sum	1.049	1.500	70	0
TOTALT	31.289.397	28.381.518	110	31.972.588

- er lik inntekter.

Merknader til rekneskapen

SAMLA SETT

Teknisk sektor hadde i rekneskapsåret 2019 eit overforbruk på 3,0 mill. ca. 50 % av dette beløpet, eller rettare sagt 1,2 mill. er knytt til drifta av dei kommunale vegane våre. Utover dette har det vore større lønnsutgifter til brannvesenet, ca. 0,7 mill. Det meste heng saman med ein overgang til ein ny måte å utbetale lønningar til brannmannskapet på. På fleire sjølvkostområder blir det framleis arbeids med å tilpasse storleiken på gebryra, slik at vi nærmar oss eit nivå opp imot 100%. I 2019 kom det inn mindre pengar på feiegebyr og på oppmåling enn det som var planlagt

TIL KVAR TENESTE

Ansvar 4100, kommunalteknikk

For alle tenestene som ligg innanfor sjølvkostområda har det vore eit normalt driftsår, der vi prøvar å få til ein god balanse mellom inntektene og utgiftene. Det er ikkje berre positivt å gå med for mykje i overskot, då dette må settast av i fond eller at avgiftene blir redusert. Det er heller ikkje bra å gå i for mykje underskot, sidan det vil føre til ei avgiftsauke eller bruk av fond dersom kommunen har det. Dei tenestene som kjem under her er følgjande; **34000** produksjon av vatn, **34500** distribusjon av vatn, **35000** avløpsreinsing og **35300** avløpsnett og innsamling av avløpsvatn. Det er verdt å kommentere at vi ser ei svært positiv utvikling i redusert overtidsbruk etter oppgraderinga av Byrkjelo reinseanlegg (teneste 35000). NOMIL har tatt over ansvaret for teneste 35400 töming av slamavskillarar og septiktank, og her har vi overført det som stod igjen av fondsmidlar til NOMIL.

Teneste 33200 kommunale vegar, miljø og trafikksikring hadde eit overforbruk på ca. 1,2 mill, og dette er stort sett knytt til kostnadene på vintervedlikehald. Kommunen gjennomførte i 2019 mindre av ein del av dei oppgåvane som naturleg ligg til denne tenesta, t.d. kantklipping og vedlikehaldsgrusing, og dette hang saman med ressurssituasjonen på avdelinga.

Teneste 33500 park, torg og idrettsanlegg hadde eit overforbruk på ca. kr. 160.000 i 2019, der kr. 115.000 var direkte knytt til ekstraordinære utgifter på gjestebrygga i Sandane sentrum. Dersom dette arbeidet ikkje hadde blitt utført, måtte gjestebrygga blitt stengt.

Nedanfor er det lista opp litt av dei prosjekta som er gjennomført innanfor sjølvkostområda og vanleg drift:

- Eidsmona industriområde, omlegging av veg og VA
- Omlegging av vatn ved NTU-bygget på Faleideflata
- Opprusting av Firdavegen, VA, gatelys og asfalt
- Holvikelva, gangveg, lysanlegg og bru ved Extra
- Arbeid med vatn og avløp ved Eidsfossen og ny etablering av ein beredskapskum for vassforsyning ved krysning av Leirelva
- Utbetring av Storesvingen i Kandalen for å hindre utrasing av vegen
- Lyngvegen i Åsen, Utskifting av vatn og avløp under svært krevjande forhold
- Ferdigstilling av Hauge bru, inkl. asfaltering
- Vegopprusting av vegen i Fjellbygda opp til Solheim kor 2/3 av masseutskifting ferdig og klargjort for asfaltering
- Vegopprusting av vegen på Hope, klargjort for asfaltering
- Utviding av VA Kattahamrane og Austrheim
- Ferdigstilling av gangveg ved Gloppe omsorgssenter
- Nytt lysanlegg ved Breim skule

Etter at kommunen tok over Eikenes og Hestenes vassverk er det blitt jobba aktivt med å finn ei alternativ vasskjelde til det overflatevatnet som blir brukt i dag. Det er her bora tre testbrønnar i tillegg til at det blei montert ei pumpe i ein eksisterande brønn. Det kan sjå ut til at brønnane vil kunne gje tilstrekkeleg med vatn, slik at vi kan få ei vasskjelde som ikkje har utfordringar med fargetalet i vatnet.

Om kvart ansvarsområde

LANDBRUK

Sidan 2016 har vi hatt felles landbrukskontor i Eid og Gloppen. Tilbakemeldingane frå brukarane har berre vore positive og det er nok ei av årsaken til at denne ordninga blei utvida til også å gjelde nye Stad kommune. Ny vertskommuneavtale blei godkjent i kommunestyret på desembermøtet.



Endringa med at vi utvida arbeidsomfanget til også å omfatte gamle Selje kommune, fører også til at landbrukskontoret blei utvida med ein ny medarbeidar, Anne Berit Hauge. Ho var i store delar av 2019 vikar for utmarksforvaltaren som var i foreldrepermisjon.

Anne Berit Hauge. Foto: Siv Kvalsvik Haugen.

Produksjonstilskot (p-tilskot)

Samanlikna med tala frå 2018 er det ei stabil utbetaling i produksjonstilskot i storleik på kr. 59.200.197. Av denne summen utgjer avløysartilskot kr. 9.024.477.

Vi ser ei positiv utvikling blant søkerane at overgangen til digital søking går betre og betre, noko som fører til at landbrukskontoret får frigjort tid som kan nyttast til andre arbeidsoppgåver.

Regionalt miljøtilskot (RMP)

Utbetalt kr 4.281.638,- til 192 søkerarar, som er ei auke på 11 stk. frå 2018.

Organisert beitebruk (OBB)

Kr 311.754 (19 søkerarar). Dette er ein auke på 120.000 frå 2017, noko som tyder på auka beitebruk i utmark.

Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL)

I fjor hadde kommunen totalt 19 søkerarar knytt til denne ordninga, og det blei delt ut kr. 520.000,-. Det var ingen midlar som blei inndregne i 2019.

Grøftetilskot

Fylkesmannen delte ut totalt kr. 290.000 i 2019 som grøftetilskot. Det kom inn lite tal søkerarar, slik at den totale summen som blei delt ut var kr 62.000. Dette er ein kraftig nedgang i høve til førra år kor det blei delt ut midlar for kr. 226.340.

Det var stor aktivitet i skogen gjennom 2019, med ei samla innmålt kvarntum på 20.405 kbm, noko som er over ei dobling samanlikna med 2018 som hadde eit kvarntum på 10 157 kbm. Samla verdi på det som blei hogt var 8.1 mill., med ei fordeling på 19 357 kbm gran og 1048 kbm furu.

Det blei også eit toppår i skogen knytt til hjortejakt, med ei fellingsprosent på 82%, tilsvarande 709 dyr. Vidare blei det i 2019 bestemt av kommunen skal delta i eit merkeprosjekt knytt til hjort, som over ein periode på 5 år skal merke 11 hjortar i Gloppen. Dei første hjortane vil bli merka vinteren 2020.

Brann og redning (ansvar 4300)

Gloppen Brann og Redning er organisert som eit deltidsbrannvesen. I tillegg til hovudstasjonen på Sandane, har vi understasjonar på Byrkjelo og i Hyen. Mannskap på stasjonane etter brannordning skal vere:

- Sandane, 20 mann
- Byrkjelo, 10 mann
- Hyen, 10 mann

Sandane har for tida 2 stillingar som konstablar og som ikkje er erstatta i skrivande stund. Ved stasjonen på Byrkjelo er det utskifting av 2 konstablar og Hyen er det 1 ny det siste året. For å sikre framtidig rekruttering til brannvesenet blei det gjennomført ei rekrutteringssamling på stasjonen på Byrkjelo, og her blei alle invitert, men vi ynskte spesielt å få kvinner til å kome på denne samlinga. Dei to nye konstablane på Byrkjelo, blei plukka ut etter denne samlinga.

Aktivitet 2019

Tal på oppdrag i 2019. Alle prøvealarmane er ikkje med:

Oppdragstype	Antall oppdrag
Unødvendig kontroll av melding	6
Trafikkulukke	20
Naturhending vind	1
Naturhending anna skred	2
Intern hjelpeteneste	1
Helseoppdrag, bære/løfte	1
Helseoppdrag anna	1
Falsk melding	1
Brann i skorstein	1
Brann i personbil	1
Brann i fritidsbåt	1
Brann i bygning	2
Bistand politi	1
Avbroten utrykning	1
Andre oppdrag	2
Akutt forureining	1
ABA teknisk/ukjent	6
ABA feil plassert detektor	1
ABA feil bruk	4
Totalt	54

Vi har hatt ei eller fleire hendingar i kvar månad. Tabellen viser 54 hendingar. I tillegg til dette vore ein del mindre hendingar takla av befalsvaka. Befalsvaka fungerer òg som ein vakttelefon for hendingar i kommunen og som ikkje er registrerte her. I tillegg har vakthavande befal også politiet si oppgåve på ein skadested når politiet ikkje er kome fram eller er fråverande.

Alle stasjonane har ein øvingsplan som standard på åtte øvingar gjennom året. I tillegg er det sett opp liste der 2 -3 mann får tildelt kvar sin månad med utstyrssjekk. Meininga her er at i løpet av året skal alle mannskapa vore gjennom ein slik grunding utstyrssjekk. I tillegg skal røykdykkarane ha fire øvingar, der den eine skal vere varmddykk. Den 18. oktober hausten 2019 hadde vi slik øving. Vi fekk løyve til å brenne ned eit hus på Eide. Røykdykkerane fra alle stasjonane fekk fleire dykk og fekk føle på varmen og korleis slokke og ventilere. Nedbrenninga var gjennomført med lokale instruktørar og det var Runar Stensaker Kleppe og Joar Flølo som hadde hovudansvaret.

Vi har ein avtale med eit hus på Råd som skal rivast. Dette huset har vi hatt som øvingshus, der vi har øvd med kald røyk. Dette huset er planlagt som varmøving hausten 2020.

Øving på flyplassen vart halde den 28. mai. Dette var ei samøving med beredskapen på flyplassen, politi, legar, ambulanse, brann og Røde Kors. Rescue-helikopteret fra Florø var òg med.

Det er eit sterkt behov for utskifting av bilar. Vi har fleire veteranbilar og spesielt bilane i Hyen og på Breim. Desse er fleire gonger sette opp på investeringslista, utan å kome i prioriteten. På biletet under syner dei to eldste bilane i Hyen, ein Dodge 1977 modell og ein nyare Mercedes 1982 modell.



Vi prøver å nytte oss av dei moglegheita vi kan for å skaffe utstyr. Førre år fekk vi etter søknad tre brannbekledningsett til kvar stasjon og ein overflateredningspakke frå «Gjensidigestiftelsen».

Det har gått med mykje tid i 2019 til planlegging av dei nye stasjonane på Sandane, samt Hyen og Byrkjelo, etter at Arbeidstilsynet har hatt tilsyn med Gloppe Brann og Redning. Dei har sett fokuset på kreftfaren ved arbeidet med brann og eksponering av gassar og røyk, og det er m.a. dette som er bakgrunnen for at det er gjennomført planlegging for bygging av reine og ureine soner på alle stasjonane.

Eigedomsavdeling (ansvar 4400)

Tenesta 12100, eigedomsforvaltning, omfattar drift av eigedomsavdelinga, deriblant kjøp av maskiner og utstyr, drift av alle bilane. Vedlikehaldspotten på 800.000 som skal nyttast til ekstraordinært vedlikehald av kommunale bygg ligg også inne i denne tenesta. Lønn til avdelingsleiar ligger under denne tenesta, og her blir 60% av hans lønn fordelt ut på ulike investeringsprosjekt.

Teneste 19000, interne serviceeininger er ei teneste som blir nytta til mellompostering av lønn, før lønnskostnadane blir fordelt ut på dei ulike tenestene etter forbruk og avtalt fordelingsnøkklar. Denne tenesta vil bli avvikla frå 2020. Det var eit lite overforbruk på denne tenesta knytt til meir bruk av vikarar på reinhold.

Teneste 13000, Gloppe heradshus, og teneste 21300, Vaksenopplæring, betre kjent som Gloppe opplæringssenter (GOS) sine lokale. Under disse tenestene utfører vi reinhold, og på heradshuset blir det også utført ordinært vedlikehald. Lokala til GOS er leigelokale som vi ikkje har ordinære vaktmeisteroppgåver i, men leiger oss ut.

Knytt til teneste 22100 Førskulelokale og skyss (Barnehagane) og teneste 22200 skulelokale ligg ordinær drift og vedlikehald av dei kommunale barnehagane og dei 5 kommunale skulane. I tillegg ligg det inne kostnader til vedlikehaldsutgifter til Nesjane skule og Vestre Hyen skule i teneste 22200.

Det har vore litt høgt forbruk på nokre område (reinhaldsmateriell, straum og serviceavtalar), men ikkje noko dramatisk. Utover det er der ingen avvik.

Under teneste 23200, Førebygging- helsestasjons- og skulehelseteneste, som omfattar drift og vedlikehald av helsestasjonen som er lokalisert på Grandane, er det ikkje noko avvik å melde når drifta blir samanlikna opp imot budsjettet.

Teneste 23400 Aktivisering og støtteteneste til eldre og funksjonshemma, omfattar drift og vedlikehald av aktivitetssenteret (dagtilbodet). Etter totalrenoveringa vart der montert eigen straummålar på Dagsenteret. Denne har før vore felles med Nordtun, Midttun og Sørtun og derfor ikkje spesifisert. Der er ved ein feil ikkje budsjettert inn straumutgifter på denne tenesta, dette må rettast ved neste budsjettjustering. Straumkostnaden er på 261.000.

Kommunen har fleire ulike tenester samla på Grandane, i lokale som vi leiger og der vi ikkje har ordinære vaktmeisteroppgåver, kun reinhold. Følgjande tenester er samla på Grandane; 24100 Diagnose, behandling og rehabilitering, teneste 24400 barnevernstenesta og 25400 Pleie, omsorg og hjelp i heimen (Sandane heime-teneste). Drifta har vore ism. budsjett.

25300 Pleie, omsorg, hjelp og rehabilitering i institusjon, omfattar vaktmeistertenester med hjelpemidlar som rehabiliteringstenesta på organiserer. Drifta er her ism. Budsjett.

Teneste 26100 Gloppe omsorgssenter, omfattar og drift og vedlikehald av Gloppe omsorgssenter. For 2019 har det vore eit avvik i drifta då vi vil fekk mindre inntekter på grunn av at 5 bebarrom på Hyblane er lagt ned og skal erstattast med sporadisk utleige. Dette utgjer omlag 240.000 kroner. Litt høgt forbruk på art 11200 reinhaldsmateriell, på 11800 straum og på 12400 serviceavtalar, men ikkje noko dramatisk. Utover det er der ingen avvik.

Teneste 26500 Kommunalt disponerte bustadar, Omfattar drift og vedlikehald av kommunale bustader og bukollektiva, inkludert husleigeinntekter. Det har her ikkje vore avvik på drifta, bortsett frå at vi har eit meirforbruk på art 11300 telefon – internett. Vi er i ferd med å etablere fiber (Eninvest) inn i alle bueiningane våre. Dette medfører ein etableringskostnad som vi ikkje kan ta innatt på husleiga. Der er tydelegvis ikkje teke tilstrekkeleg høgde for dette i budsjettet, så vi ligg om lag 130.000 over i forbruk. Vi har hatt forholdsvis lite tomleige i år, så husleigeinntekta er om lag som budsjettert (om lag 200.000 mindre)

Teneste 32000 Kommunal næringsverksemd omfattar drift og vedlikehald samt utleige av lagerhall på Kattahamrane (Bano-hallen) har hatt eit lite overforbruk på drita knytt til ei utbetring på brannvarslingsanlegget etter ein årskontroll.

Teneste 32500 Tilrettelegging og hjelp for næringslivet, omfatta utleige av NTU-bygget. Ved utarbeidning av budsjettet for 2019, var det ikkje tatt høgde for at inntektene på kr. 680.000 skulle kome inn på denne tenesta. Dette er justert for 2020-budsjettet.

32900 Landbrukskontoret og landbruksnæringer omfatta forsikring av kommunegarden i Bukta.

33900 Beredskap mot brann og andre ulukker, omfattar drift og vedlikehald av brannstasjonane i Hyen og på Sandane. Vi leiger også ut ei bueining i 2. etasje i brannstasjonen på Sandane og her var det eit lite overforbruk på straum.

Teneste 38000 Idrett og tilskot til andre sine idrettsanlegg, omfatta forsikringar og avgifter på speakerbygget på Byrkjelo stadion og Myklebustflata i denne tenesta, og teneste 38100 Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg, omfatta avgifter og vedlikehald på Stadionbygget på Byrkjelo stadion. Det har ikkje vore noko avvik mellom drift og budsjett for disse to tenestene gjennom året.

Teneste 38500 Andre kulturaktivitetar og tilskot til andre sine kulturbygg, omfattar forsikringar på stallane på Øyrane, og det har ikkje vore nokon nemneverdige avvik knytt til drifta av denne tenesta.

Plan, byggesak og oppmåling (ansvar 4500)

Tenestene 30100 (behandling av plansaker), 30200 (bygge- og delesaksbehandling, seksjonering) og 30300 (kart og oppmåling) ligg alle under ansvar 4500, og når det er lite folk som jobbar på kryss og tvers med arbeidspørgåvæne, blir dette ansvaret sett på samla. Det ein skilnad mellom budsjett og rekneskap for dette ansvaret. Som nemnd tidlegare er det kome inn mindre inntekter knytt til gebyr på oppmåling enn kva som var budsjettert. Målet er å få på plass eit justert gebyrregulativ i løpet av 2020, for å dekke opp dette. Vidare har vi noko høgare kostnadar knytt til lisensutgifter enn budsjettert, og då er det spesielt kostnadane knytt til Komtek og Gisline.

Arbeidet med områdereguleringsplanen for Sandane sentrum blei heller ikkje avslutta i 2019. Det er sit stort engasjement for innhaldet i planen og mange meininger om kva som er viktig å fokusere på. I tillegg blir det arbeida med å få avklart ei motsegn som NVE har kome knytt til kartlegging av kvikkleire innanfor planområdet.

Vidare blei det gjennomført meklingsmøte med fylkesmannen for å få avklart reguleringsplanane for Elvaneset og Søreide, og for begge planområda har arbeidet starta opp. Når utbygginga på Elvaneset er ferdig og vi får på plass gang- og sykkelveg til sentrum, vil dette være eit godt prosjekt opp imot det tankane som er lagt i samfunnssdelen i kommuneplanen.

I tillegg til dette er det varsla oppstart av reguleringsarbeidet på Evebø/Åsavegen, samt at det blir satt av ressursar til arbeidet med rullering av kommuneplanen sin arealdel.



Fjellbygda – opprusting av vegen mot Kleivane.
Foto: Ivar Arne Skeistrand.



Utbetring av Storesvingen i Kandalen. Foto: Ivar Arne Skeistrand.

Investeringsprosjekt:

Elveførebygging langs Holvikelva

Gjennom arbeidet med områdereguleringsplanen for Sandane sentrum, er det gjennomført flaumanalyse for Holvikelva, som synar at store delar av sentrum vil bli overfløymd i ein 200-års flaum. Gloppen kommune søkte om bistand til sikring av Sandane sentrum hjå NVE, basert på flaumsonekart og fikk tilsegn om dette i 2017. Dei fysiske arbeida starta opp i 2018 og arbeidet blei overlevert frå NVE til kommunen den 6. desember 2019. Arbeidet omfattar sikring av Holvikelva frå bruva ved Trivselshallen og ned til bruva ved Grandaparken. I tillegg til arbeidet med elveførebygging, søkte Gloppen kommunen om midlar til tettstadsutvikling for å etablere ein gang og sykkelveg langs elva, og fikk tilskot på kr. 740.000. Prosjektet med gang og sykkelveg inneholdt også asfaltering og lyssetting langs elva.



Asfaltering av Firdavegen ved STIL-stova – ein del av elveførebygginga langs Holvikelva. Foto: Ivar Arne Skeistrand.

Utleigebygg til Strukturplast, NTU bygget

Dette bygget blei ferdigstilt i mars 2019, Strukturplast starta umiddelbart med innflytting. Dette bygget er eit godt eksempel på korleis Gloppen kommune legg til rette for næringslivet i kommunen.



NTU-bygget i Mona. Foto: Kjell Petter Solhaug.

Teknisk, miljø- og kulturutvalet – kultur

Ressursinnsats kultursektor

RESSURSBRUK FOR KVART TENESTEOMRÅDE

	Rekneskap 2019	Budsjett 2019	%- forbruk	Rekneskap 2018
23100 Aktivitetstilbod barn og unge				
Utgifter	576.769	552.702	104	635.142
Inntekter	-228.405	-17.300	1320	-172.876
Sum	348.364	535.402	65	462.266
32000 Kommunal næringsverksemd				
Utgifter	3.759.720	3.837.307	98	3.906.116
Inntekter	-2.402.081	-2.763.550	87	-2.710.635
Sum	1.357.639	1.073.757	126	1.195.480
32500 Tilrettelegging og hjelp for næringslivet				
Utgifter	1.124.954	1.098.123	102	1.143.563
Inntekter	-135.524	-35.000	387	-32.752
Sum	989.430	1.063.123	93	1.110.811
36000 Naturforvaltning og friluftsliv				
Utgifter	819.785	110.000	745	122.713
Inntekter	-768.957	-18.000	4272	-3.552
Sum	50.828	92.000	55	119.161
36500 Kulturminnevern				
Utgifter	64.201	26.250	245	29.845
Inntekter	-107.958	-25.250	428	-17.147
Sum	-43.757	1.000	-4376	12.698
37000 Bibliotek				
Utgifter	3.874.304	3.760.963	103	3.632.009
Inntekter	-1.089.409	-811.216	134	-895.298
Sum	2.784.895	2.949.747	94	2.736.711
37300 Kino				
Utgifter	1.527.308	1.669.992	91	1.620.409
Inntekter	-706.115	-1.001.750	70	-757.622
Sum	821.193	668.242	123	862.788
37500 Museum				
Utgifter	519.648	473.750	110	454.419
Inntekter	-52.506	-13.750	382	0
Sum	467.142	460.000	102	454.419
37700 Kunstformidling				
Utgifter	122.425	108.300	113	
Inntekter	-120.051	-98.300	122	-122.085
Sum	2.374	10.000	24	82.949
38000 Idrett og tilskot til andre sine idrettsanlegg				
Utgifter	4.947.360	200.000	2474	6.332.585
Inntekter	-4.818.076	-10.000	4818	-6.064.882
Sum	129.284	190.000	68	267.703

Årsmelding for 2019

38100 Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg				
Utgifter	6.851.032	7.284.576	94	7.482.699
Inntekter	-3.203.620	-5.436.000	59	-4.011.673
Sum	3.647.412	1.848.576	197	3.471.027
38300 Kulturskulen				
Utgifter	10.674.557	10.085.051	106	10.179.884
Inntekter	-4.988.114	-4.317.100	116	-4.708.725
Sum	5.686.443	5.767.951	99	5.471.159
38500 Andre kulturaktivitetar og tilskot til andre sine kulturbrygg				
Utgifter	679.064	675.000	101	1.027.511
Inntekter	-71.380	-15.000	476	-443.807
Sum	607.684	660.000	92	583.704
38600 Kommunale kulturbrygg				
Utgifter	4.378.158	3.552.092	123	3.524.202
Inntekter	-3.622.647	-2.975.450	122	-2.676.496
Sum	755.511	576.642	131	847.705
T O T A L T		17.604.441	15.896.440	111
				17.678.580

- er lik inntekter.

Nøkkeltal økonomi

23100 BARN OG UNGE

Mindreforbruk av lønsmidlar fordi fritidsleiaren vikarierte i anna stilling frå 15. august til 31. desember.

32000 KOMMUNAL NÆRINGSVERKSEMD

Avvik skuldast feil i budsjettinger av mellom anna lønskostnader og momskompensasjon, samt ei overbudsjettinger av omsetnad i kantina. Aktivitetsauken i kulturhuset har også ført til høgare lønskostnadar.

TENESTE 36000 NATUR OG FRILUFTSLIV

Rekneskapen viser større aktivitet enn venta. Dette skuldast investeringsprosjektet Vereide stisenter og spelemidlar knytt til dette. Avvik skuldast manglende utbetaling av vedtekne tilskot til løypekøyring, som følge av ein sakhandsamingsfeil.

36500 KULTURMINNEVERN

Avvik skuldast større aktivitet enn forventa. Dette skuldast arbeid med kulturminneplanen, og bruk av fondsmidlar til dette arbeidet. Overskotet kjem frå sal av bygdebøker.

37000 BIBLIOTEK

Avvik skuldast ubrukte lønsmidlar.

37300 KINO

Avvik skuldast feil i budsjettinger av mellom anna lønskostnader, og ei overbudsjettinger av inntekter. Inntektssvikt skuldast primært færre store filmar i 2019 enn normalt.

38000 IDRETT OG TILSKOT TIL ANDRE SINE IDRETTSANLEGG

Avvik skuldast i hovudsak endra interne rutinar for betaling av festeavgifter/leige. Dei høge tala for inntekter og utgifter kjem i samband med inn- og utbetaling av spelemidlar.

38100 KOMMUNALE IDRETTSBYGG

Avvik skuldast feil i budsjettinga av lønskostnadar og momskompensasjon, samt overbudsjettinger av billettinntekter i badeanlegget. Nedgang i billettinntektene kan skuldast mykje godt vær, t.d. i påskeferien.

38500 ANDRE KULTURAKTIVITETAR OG TILSKOT TIL ANDRE SINE KULTURBYGG

Mindreforbruk skuldast færre søknadar om tilskot til særskilte kulturarrangement/prosjekt enn budsjettert.

Kort om året 2019

Gloppen kommune hamna i 2019 på ein 6. plass på Norsk kulturindeks, øvst av kommunane i Sogn og Fjordane. Årsakene til at Gloppen gjer det godt på indeksen, er mellom anna eit breitt og godt kulturtilbod i kommunen, mange sysselsette innan kulturfeltet og høg kunstnartettleik. Gloppen folkebiblioteket skårar særleg høgt når det gjeld både besøks- og utlånstal.

2019 vart eit spesielt år for kultursektoren i kommunen. Etter 28 år som kultursjef, døyde Jan-Kjetil Øygard rett før han skulle gå av med pensjon. Gravferda i Vereide kyrkje synte kor høgt verdsett Øygard var i kulturlivet i Gloppen. Kjersti Rønningen vart konstituert som kultursjef i 50 prosent stilling i perioden august til desember. Ein ny kultursjef vart tilsett i denne perioden, Liv Jorun Andenes, med oppstart 2. januar 2020.

Kulturhuset Trivselshagen sitt 10-årsjubileum vart markert dette året, mellom anna med ein storstilt jubileums-konsert med Sogn og Fjordane symfoniorkester og ei rekke lokale artistar. Firda vidaregåande skule si musikklinje feira 40 år, og markerte også med ein jubileumskonsert. I løpet av året stod fleire kjende artistar på scena, inkludert islandske Mezzoforte, Halvdan Sivertsen og Kari Bremnes. Den største stjerna i Gloppen var det likevel Norsk Country Treff som sytte for, med Emmylou Harris på plakaten.

Kulturkommunen Gloppen fekk utstrakt nasjonal marknadsføring gjennom ei rekke innslag i NRK, då programmet *Sommeråpent* flytta studioet sitt til Gloppen Camping i ei veke. Statsminister Erna Solberg vitja også Gloppen, og bidrog mellom anna til ei storstilt opningsmarkering av Trivselsskogen turområde. Nordfjord stisenter er eit anna populært friluftsanlegg som opna i 2019. Anlegget kom i stand som eit samarbeidsprosjekt mellom kommunen og ei rekke aktørar.

Kultursektoren samarbeidde også godt på andre område; etter iherdig innsats frå både kommunens eige tilsette, Nordfjord folkemuseum og frivillige eldsjeler i Gloppen sogelag, vart Gloppen sin første kommunedelplan for kulturminne vedteken av kommunestyret i august 2019.

Også dette året husa Trivselshagen Bad og idrett eit nasjonalt idrettsmeisterskap, då Breimsbygda IL arrangerte NM i 5-kamp i Trivselshallen. Julie Jordanger, ei av Breimsbygda ILs eigne utøvarar, tok sigeren i klasse 17-18 år.

Ansvarsområde


Kultursektoren forvaltar det kommunale kultur- og idrettstilbodet, samt kommunens arbeid med mellom anna kulturminnevern, friluftsliv, stadnamn og tilskotsordningar til kultur og idrett. Sektoren har også ansvar for dei fleste av kommunen sine prisar; Årets gloppar, Gloppen kulturpris og byggeskikkprisen. Den kommunale kultursektoren har tett samarbeid med andre offentlege kulturinstitusjonar, samt det frivillige og det fire kulturfeltet.

Under kultur ligg einingane **Gloppen folkebibliotek**, **Gloppen kulturskule**, **Trivselshagen Bad og idrett** og **Kulturhuset Trivselshagen**. Fram til hausten 2019 var næring også underlagt kultursektoren. Næringsjefen er no direkte underlagt rådmannen.



Sommarles-festen 2019. Foto: Kultur.

Organisering per 31.12.19



Gloppen folkebibliotek består av eit hovudbibliotek i Kulturhuset Trivselshagen på Sandane og to filialar, ein på Hyen skule og ein i leigd lokale på Byrkjelo. Biblioteket sel tenester til Firda vidaregåande skule, i form av skulebibliotekfunksjon. Som eit innsparingstiltak vart filialen i Hyen stengt ned mellombels i 2. kvartal 2017, og er framleis stengt.

Gloppen kulturskule held også til i Kulturhuset Trivselshagen. Skulen driv primært med undervisning, men har også mykje anna aktivitet. Kulturskulen sel undervisningstenester til grunnskulane, og har ein intensjonsavtale med Firda vidaregåande skule om sal av tenester for kring 1 millionar kroner per år. Kulturskulen sel også tenester til ei andre kulturaktørar, som Gloppen janitsjar, Opera Nordfjord mfl. Skulen har tilsett ei rekke distriktsmusikarar, som er delfinansierte av fylkeskommunen mot at dei yter visse regionale tenester. Distriktsmusikarane utgjer difor ein grunnstamme i fylkesorkesteret, og er kvart år med på Gloppen Musikkfest.

Trivselshagen Bad og idrett består av eit badeanlegg, to fleiridrettshallar, turnhall, klatrevegg, diverse friidrettsanlegg og ein resepsjon/kiosk. TH Eigedom eig og driftar anlegget, inkludert reinhald, vaktmeister- og badevakttenester. Gloppen kommune er medeigar i selskapet og leigetakar, og kultursektoren er ansvarleg for aktiviteten i huset. Same fordeling gjeld for kulturhuset.

Eininga **Kulturhuset Trivselshagen** har ansvar for kultursalen, drifta av **Gloppen kino**, samt drift av kantina/kiosken i kulturhuset. Eininga disponerer også andre rom i huset, som også Firda vidaregåande skule nyttar i undervisning. Kantina fungerer som elevkantine for Firda og kafé/kiosk for kulturhuset, i tillegg til å produsere og levele mat til kiosken i Trivselshagen Bad og idrett, og drive med catering internt for kommunen.

I tillegg har kultursektoren ein **kultursjef** i 100 prosent stilling, og ein **fritidsleiar** i 50 prosent stilling. Sistnemnde har eit særskilt ansvar for aktivitetstilbod for barn, ungdom og funksjonshemma (teneste 23100).

Bemanning i 2019

Sjukefråværet var på 9,7 prosent totalt for sektoren i 2019.

Eining	Tal faste tilsette	Tal årsverk (ca)
Gloppen folkebibliotek	5	3,1
Gloppen kulturskule	14	11
Kulturhuset Trivselshagen	5	3,2
Trivselshagen Bad og idrett	5	2
<i>Kultursjef og fritidsleiar</i>	2	1,5
Totalt	31	21,8
* inkl. kino og kantine		

Resultat og aktivitet

Trivselshagen Bad og idrett

Trivselshallen hadde i 2019 eit belegg på mellom 90-95 prosent måndag-torsdag i skuleåret, med faste aktivitetar i regi av skulane, idrettslaga og ein del private aktivitetsgrupper. Taekwondo og bogeskyting dukka opp som nye, faste aktivitetar. Grunna plassmangel i turnsalen er halve Firdahallen no fast møblert med STIL sitt turnutstyr. Det er likevel framleis eit unytta potensial for aktivitet i anlegget, spesielt på fredagar.

Det vart arrangert 15 regionale arrangement i løpet av året, mellom anna KM i Futsal 13-19 år og KM i futsal senior, og eit norgesmeisterskap i 5-kamp. Anlegget husa også ei rekke andre store arrangement, som Trivselshall-leikane i friidrett, gloppemeisterskap i klatring, KRIK-leir, Idrettens møteplass, handballskule, minihandballturnering og dei tradisjonsrike julecupane.

Besøkstala i badeanlegget svingar i stor grad med været, og låg i 2019 noko lågare enn fjoråret (sjå nøkkeltal).

Gloppen folkebibliotek

Biblioteket markerte Nasjonalt bokår 2019 med ei rekke arrangement og aktivitetar, mellom anna leseaksjonen *Sommarles*, *Bibkafé*, debatt- og arrangementsserien *Mauren i mold* og *Newton-klubben*. Biblioteket lanserte også nye nettsider. Utlånstala var dei høgaste i Gloppen på ti år, og det vart også sett besøksrekord.

Gloppen kulturskule

Kulturskulen hadde stor aktivitet gjennom heile skuleåret. I tillegg til elevundervisning, var skulen bidragsytar på mange konserter og arrangement. *Sommarfesten* på Heradspllassen og *Den store julekonserten* er blant årlege produksjonar som er særskilt populære. Distriktsmusikarane var på turné i Sogn og Fjordane med Den kulturelle skulesekken, og var elles med på dei fleste store produksjonar i fylket. Fleire av musikarane hadde ei viktig rolle i lokale amatørproduksjonar, og vart elles flittig brukt som musikarar i gravferd, bryllaup, festmiddagar og ulike representasjonar.

Kulturhuset Trivselshagen

I kulturhuset vart husets 10-årsjubileum markert, noko som bidrog til omsetnadsrekord i billettsalet. Fleire nasjonale namn var innom kultursalen i jubileumsåret. For første gong var det eit internasjonalt namn på scena, då Mezzoforte spelte for full sal på hausten. Musikklinja på Firda videregående skule hadde også mange arrangement i kulturhuset, inkludert deira eigen 40-årsjubileumskonsert. Kulturhuset hadde dessutan fleire teaterframstillingar med både Riksteatret og Sogn og Fjordane teater. Liv Ullmann var mellom dei som stod på scena. Saman med lokale arrangørar, som Fjæra Bluesklubb og Norsk Country Treff, vart det arrangert fleire gratiskonserter for barn.

Gloppen kino

Lik den nasjonale trenden gjekk besøkstala på kino noko ned i 2019. Dette kan knytast til færre store filmar i løpet av året enn normalt. Kinoen hadde til gjengjeld ei god breidde i filmprogrammet, og filmane som vart vist som Go'bit har blitt eit populært tilbod for filminteresserte. Skulekino, Den kulturelle skulesekken og Vinterfest er døme på andre arrangement kinoen var bidragsytar til.

Aktivitetar for ungdom

UKM Gloppen vart avlyst grunna få påmelde. Dei påmelde fekk tilbod om å delta på UKM på Nordfjordeid saman med ungdomar frå Eid og Selje. Det årlege 16. mai-arrangementet i kulturhuset samla mykje ungdom. Arrangementet er eit samarbeid mellom kommunen, frivilligentralen, lag og organisasjoner.

Aktivitetar for funksjonshemma

Det vart arrangert fleire faste og sporadiske aktivitetar i 2019 for personar med funksjonshemminger:

- Roseklubben kvar måndag i kulturhuset
- Friluftsaktivitetar ved Veslevatnet i samarbeid med Gloppen Jeger og Fisk
- Aktivitetstilbod i Trivselshallen våren 2019
- Sommarfest i Jølet med 110 deltakrar frå heile Nordfjord
- To veker med tilrettelagde sommaraktivitetar i juli
- Deltaking på Gloppetrimmen gjennom året

Spelemediar til idrett og fysisk aktivitet

Eit godt og tett samarbeid mellom kommunen, idrettslag og andre frivillige aktørar er avgjerande for å få fram prosjekt som blir godkjende for spelemidlar, og, ikkje minst, som kjem innbyggjarane til gode. Dei siste åra har næringslivet i større grad enn tidlegare bidrege til både finansiering og dugnadsarbeid i desse prosjekta. Dette er særskilt positivt, og i tråd med kommuneplanens mål om samskaping. For søknadsåret 2019 vart det sendt og godkjent totalt 17 søknadar om spelemidlar; 12 til ordinære idrettsanlegg og fem til nærmiljøanlegg. Med unntak av Trivselshagen og bassenget i Hyen, er det lagt inn ein stor dugnadsinnsats frå frivillige i søknadane. I 2019 vart det tildelt over ni millionar kroner i spelemidlar (sjå fordeling i tabell under).

Tiltak	Tiltakseigar	Tildelte spelemidlar i 2019
Nærmiljøanlegg, Gloppen ungdomsskule	Gloppen kommune	123 000
Friidrettsstadion, Hyen	Gloppen kommune	1 000 000
Rehabilitering av svømmebasseng, Hyen	Gloppen kommune	2 500 000
Trippelhall i Trivselshagen Bad og idrett	Trivselshagen IKS	5 000 000
Turveg og sanitæranlegg, Trivselsskogen	Trivselsskogen AS	530 000
Totalsum		9 153 000

Kulturmidlar og andre kommunale tilskot

Samla delte Gloppen kommune ut kring 550 000 kroner i driftstilskot til lag og organisasjoner, festivalstønad og tilskot til ulike kulturarrangement og prosjekt. Av totalsummen gjekk 200 000 kroner til Norsk Country Treff. Grunna ein sakshandsamingsfeil vart det vedtekne tilskotet på 60 000 kroner til oppkjøring av skiløyper ikkje utbetalt. Tilskotet for 2019 blir difor utbetalt i 2020.

Nordfjord stisenter

Fase 1 av investeringsprosjektet Nordfjord stisenter opna i 2019, med kring to kilometer med stiar for terrengsykling. I 2020 skal fase 2 ferdigstilla. Stisenteret er eit samarbeidsprosjekt mellom Gloppen kommune og ei rekke andre aktørar, mellom andre Nordfjord folkehøgskule. Prosjektet og er i hovudsak er finansiert av spelemidlar og dugnadsinnsats.

Kulturminneplan

Gloppen kommunes kommunedelplan for kulturminne 2019-2029 vart vedteken av kommunestyret i 2019. Planen skal mellom anna gjere politikarane medvitne om verdifulle kulturminne, og hjelpe dei i prioriteringar som sikrar at kulturarv vert teken vare på. Planen inneheld ein handlingsdel for åra 2020-2023, denne skal rullerast kvart fjerde år.

Nøkkeltal kultur

Trivselshagen Bad og Idrett

	2019	2018	2017	2016	2015
Besøk i badeanlegget	38.649	42.126	38.947	594	25.695
Selde årskort*	113	124	144		
Selde halvårskort*	66	71	85		
Selde klippekort	294	275	272		
Regionale arrangement	15				
Nasjonale arrangement	1				
Faste leidgetakrarar	26				

* gjeld alle typar (vaksne, barn, familie, student/honnør) med unntak av elevar på Firda vgs og Nordfjord folkehøgskule, då desse skulane har eigne avtaler.

Gloppen folkebibliotek

	2019	2018	2017	2016	2015
Utlån Sandane	43.241	42.071	36.566	37.919	37.155

Årsmelding for 2019

Utlån Byrkjelo	5.165	5.178	4.938	4.624	5.107
Utlån Hyen	0*	0*	1.647*	3.176	3.923
Totalt utlån	49.725	48.711	44.888	47.447	47.392
Besøk Sandane	55.666	58.516**	***	36.336	34.698
Fjernlån (innlån)	1.295	1.076	1.019	1.005	1.089

*) Mellombels stengt frå 2.halvår 2017
 **) noko usikre tal
 ***) manglar besøkstal grunna feil i dørteljar.

Kulturhuset Trivselshagen

	2019	2018	2017	2016	2015
Besøk kultursal	20.500	19.000	20.500	21.000	15.500
Tal arrangement	84	90	86	85	67

Gloppen kino

	2019	2018	2017	2016	2015
Tal publikum	8.202	9.364	9.463	9.819	9.822
Tal framsynningar	259	286	298	261	241
Snitt publikum per framsynning	31	33	32	38	41

Gloppen kulturskule

	2019	2018	2017	2016	2015
Elevplassar	360	350	366	345	344
Venteliste	60	83	89	84	107
Sal av undervisningsårsverk	3	3,2	3,5	3,1	3
Tal arrangement totalt	120				

Kva har vi fått til i 2019? Rapportering på handlingsprogram

Sektoren har i stor grad jobba i tråd med handlingsprogrammet til kommuneplanen sin samfunnsdel. Noko av det ein ikkje har fått gjennomført, er å auke bemanninga i Trivselshagen for å skape meir aktivitet. Årsaken til dette er at det ikkje har vore rom i budsjettet til ei bemanningsauke.

3.2.1	STRATEGIAR – DETTE SKAL VI GJERE ILAG:	TILTAK 2019	RAPPORTERING 2019
B	<i>Skape gode møteplassar mellom folk frå ulike nasjonar.</i>	– Utvikle møteplassar som fremrar inkludering og fellesskap på tvers.	Landsbylaurdag, Bibkafé på m.fl. arr.
E	<i>Sikre at alle barn har høve til å delta i fritidsaktivitetar, uavhengig av foreldra si inntekt.</i>	– Utfordre frivillige lag og organisasjonar til å sette temaet på dagsorden gjennom idrettsrådet og møteplass for kulturlivet	Gjennomført møte med idrettslaga i kommunen. Prosjektarbeid : Aktiv fritid.

Årsmelding for 2019

		<ul style="list-style-type: none"> – Evaluere ordninga med opplevelingskortet, og vurdere om vi har gode nok ordningar for familiar med låg inntekt 	Evaluering pågår
H	<i>Nyte, skryte av, dyrke og foredle det breie kultur- og idretts-tilbodet vi har i Gloppe. Både det som skjer i nærmiljøa, i Trivselshagen, i regi av lag og organisasjoner, i barnehagane og skulane – som blir utøvd av barn og vaksne, av amatørar og profesjonelle. Skape nettverk og møteplassar mellom dei ulike aktørane.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Sikre at alle innbyggjarane har tilgang på kulturtilbod av høg kvalitet – Få til ei felles nettside der alt som skjer i kommunen blir lagt ut, til dømes vidareutvikle gloppen.no – Lage eit årshjul over aktiviteter og arrangement som kjem igjen kvart år på faste tidspunkt. 	Gjennomført/pågående Gloppen.no er vidareutvikla og samlar no all aktivitet i kommunen. Nettside etablert på gloppen.kommune.no
I	<i>Utvikle nye samarbeidsformer og idear når det gjeld tilrettelegging av naturen, -slik at merkte turstiar, stisykkel- og skiløyper, vegar og parkeringsplassar vil gjere det lett å kome seg på tur i Gloppe òg i framtida.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Sette i verk tiltak i tråd med vedteken «Plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet». Planen legg m.a. vekt på samarbeid mellom ulike aktørar både når det gjeld anlegg og andre tiltak. – Inngå avtalar om vedlikehald og remering av turstiar med aktuelle lag og organisasjoner. 	Gjennomført, sjå avsnitt «Spelemidlar til idrett og fysisk aktivitet» i årsmeldinga for kultur. Ingen merkeprosjekt i 2019. Nærare 30 ruter er merkt/remerka i perioden 2014-1018, i samarbeid med idrettslag og turlag.

3.2.2	STRATEGIAR – GLOPPEN KOMMUNE SKAL:	TILTAK 2019	RAPPORTERING 2019
G	<i>Løfte fram og vidareutvikle samspelet mellom Gloppe kulturskule, distriktsmusikarane i Gloppe, Gloppe Folkebibliotek, Firda vgs, festivalane og det frivillige kulturlivet som ein viktig ressurs for kommunen.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – 10 år i Trivselhagen - Feire og fornye – Debatt- og arrangements-serie «Mauren i mold» – Mulig vidareføring av «Newtonklubben» 	Gjennomført Gjennomført Gjennomført
H	<i>Sikre eit breitt tilbod i kulturskulen, der barn og unge kan utvikle seg i ulike sjangrar.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Delta i samlingar lokalt og på Eid fram mot framsyninga «Fargespel 2019» i april saman med Opera Nordfjord og alle kommunane i Nordfjord. – Tilsette ny distriktsmusikar i folkemusikk 	Gjennomført Gjennomført
I	<i>Utvikle Gloppe Folkebibliotek som møteplass og verkstad for</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Nye nettsider (biblioteket) – Planlegge nytt skule- og folkebibliotek i «nye Hyen 	Gjennomført

	<i>oppleving og læring i kvardagen, både fysisk og digitalt. Styrke arbeidet med aktiv formidling av kunnskap og kultur inn mot alle aldersgrupper.</i>	<ul style="list-style-type: none"> skule», og fortsetje fornyingsarbeidet ved Byrkjelo filial. – Vidareføre Bibkafé: Møteplass dagtid m/lese- og digitale tips – SommarLes: Leseaksjon for barn – Prosjekt: Bibliotektimar 1., 2., og 3.trinn grunnskule – Generelt: Fokus på kvalitet og utvikling i kvardagen 	<p>På vent i Hyen Oppussing på Byrkjelo gjennomført Gjennomført</p> <p>Gjennomført Gjennomført Gjennomført, sjå skildring under «Resultat og aktivitet» i årsmeldinga om kultur.</p>
O	<i>Planlegge langsiktig og skape føreseielege rammer for dei som vil flytte til og etablere seg i Gloppen.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Kommunen skal satse på kultur som ein viktig faktor for å få folk til å busette seg å drive næringsverksemد, og som gjer det attraktivt og godt å bu i kommunen. – Følgje opp og realisere vedtekne kommunedelplanar. 	<p>Kulturtildøtet i Gloppen vart i 2019 utvida med fleire nye og rehabiliterte anlegg, mellom anna Nordfjord stisenter og basseng i Hyen.</p> <p>All aktivitet i kultursektoren er i tråd med gjeldande kommuneplanar</p>

3.3.1	STRATEGIAR – DETTE SKAL VI GJERE ILAG:	TILTAK 2019	RAPPORTERING 2019
G	<i>Støtte opp om musikk - dans - drama ved Firda vidaregåande skule som einaste i fylket, og det viktige samspelet med det profesjonelle musikklivet i kommunen – kulturskulen og distriktsmusikargruppa.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Få på plass ei ny distriktsmusikar-stilling innan folkemusikk, søke tilskot frå fylket og sette av delfinansiering av stillinga frå hausten 2019. 	Gjennomført
H	<i>Utvike næringspotensialet i kulurlivet i Gloppen, og ta initiativ til nettverksbygging med andre kulturaktørar i regionen.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Bevisstgjere næringslivet på kva eit godt kulturtildøtet har å seie for attraktiviteten til kommunen, både når det gjeld busetnad og etablering av næringsverksemد. – Halde fram med det gode samarbeidet mellom Nordfjordkommunane 	<p>Kulturtildøtet i Gloppen er sentralt i alle presentasjonar av kommunen til næringsliv, gründercampar og generell kommunikasjon overfor potensielle etablerarar/tilflyttarar.</p> <p>Gjennomført</p>
I	<i>Styrke og marknadsføre Gloppen som ein av landets fremste kulturkommunar. Setje Gloppen på kartet gjennom fyrtårnsarrangement.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Markere Kulturhuset Trivselshagen sitt 10 år-jubileum med jubileumskonsertar m.m. og Musikklinja sitt 40 årsjubileum. – Halde fram med støtteordningar til festivalane – Våren 2019 gjennomføre «Fargespel» i samarbeid med alle Nordfjord-kommunar og Opera Nordfjord 	<p>Gjennomført</p> <p>Gjennomført</p> <p>Gjennomført</p>

J	<p><i>Legge til rette for utvikling av småskalaturisme, kortreiste matopplevelingar, aktivitetar og kulturtilbod for besökande.</i></p> <p><i>Gloppen skal marknadsføre Nordfjord som aktivitets- og opplevingspark for tilreisande, og bidra med opplevelingar som styrker Nordfjord sin profil.</i></p> <p><i>Forts. Legge til rette for utvikling.....</i></p>	<ul style="list-style-type: none"> – Vidareføre og utvikle festivalane våre. – Bønder og reiselivsaktørar i Kandal samlar seg om å bygge merkevara Kandal. – Reko-ringen er etablert: Lokalmatprodusentar i Gloppen styrker sin posisjon innan kortreist mat og drikke – Jobbe for å få fleire utleigeeiningar i form av utleigehytter, bobil-/campingplassar og anna overnattingskapasitet – Marknadsføring og ferdigstilling av stisykkelsenter på Vereide. – Ta i bruk og marknadsføre Trivelsskog-område «Trygg i naturen» som vart opna hausten 2018 og ferdigstille fosseteater og tryggingstiltak ved Holvik-fossen – Marknadsføre Gloppen som ein turistdestinasjon. – Lansere «Nordfjordryggen» som ei vandrerute frå Utvikfjellet til Sandane via Trivelsskogen. 	<p>Gjennomført (tilskot til festivalane og samarbeid)</p> <p>Gjennomført</p> <p>Gjennomført</p> <p>Under arbeid</p> <p>Gjennomført, del 2 under arbeid</p> <p>Gjennomført</p> <p>Gjennomført</p> <p>Under utvikling. Ruta er lansert og vil bli jobba meir med i tida framover.</p>
K	<p><i>Sikre verdifulle kulturminne og kulturmiljø for komande generasjonar gjennom oppfølging av kulturminneplanen.</i></p> <p><i>Det skal leggast større vekt på formidling av kulturminne, i samspel med reiselivsaktørar, privat personar, skule og frivillige lag og organisasjonar. I Gloppen har båtbyggjartradisjonen ein unik historisk verdi som immaterielt kulturminne.</i></p>	<ul style="list-style-type: none"> – Ferdigstille og vedta kulturminneplanen – Støtte opp om prosjektet bevaring av Holvikejekta – Gjennomføre merking av historiske bygg og stader i samarbeid med Sogelaget – Gjennomføre prosjektet bygging av Nordfjordfæring – vidareføring av kompetanse/handverkstradisjon. 	<p>Gjennomført</p> <p>Kommunen har satt av 10 millionar kroner til nytt verne- og formidlingsbygg i økonomiplanen</p> <p>Gjennomført</p> <p>Gjennomført av Nordfjord folkemuseum i samarbeid med Nordfjordbåtlaget</p>

3.3.2	STRATEGIAR – GLOPPEN KOMMUNE SKAL:	TILTAK 2019	RAPPORTERING 2019
G	<i>Halde oppe og utvikle mangfaldet vi har av gode kultur- og idrettsarenaer, og sikre at Trivselshagen Bad og Idrett er ein attraktiv arena for nasjonale og regionale arrangement.</i>	<ul style="list-style-type: none"> – Auke stillingsprosent til gjennomføring av arrangement/aktivitet i Trivselshagen (heile Trivselshagen). – Vere ein attraktiv arena for regionale og nasjonale stemner/arrangement. – Halde fram med driftsstøtte til ulike kulturtildel. – Biblioteket og kulturskulen har jamleg samarbeidsprosjekt, og dette vil vi halde fram med. 	<p>Ikkje mogleg å gjennomføre innanfor vedtekne budsjetttramme for tenestene</p> <p>I 2019 vart det arrangert KM i Futsal 13-19 år, KM i futsal senior og NM i 5-kamp Gjennomført (kulturmidlar)</p> <p>Kulturskulen har brukt biblioteket som konsertarena ved fleire høve</p>



Valfag friluftsliv Hyen skule. Foto: Hyen skule.

Stab og støtte

«Stab og støtte» er økonomiavdelinga, skatteoppkrevjaren, personalavdelinga, servicetorget, arkivtenesta, plan- og utgreiingsavdelinga og IT-avdelinga. Eininga har vore i drift sidan august 2014.

SERVICETORGET

Servicetorget har vore i drift sidan 2001 og er kommunen sitt kontaktpunkt mot publikum. Servicetorget har ansvar for startlån, bustøtte, utleige av kommunale bustader, borgarleg vigsel og gjennomføring av val. I tillegg ivaretok servicetorget desse interne funksjonane: politisk sekretariat, saksbehandling, kommunen si postteneste og innkjøp av rekvisita. 2

Servicetorget har fire tilsette (3,8 årsverk). Servicetorget driftar både kommunen si heimeside og kommunen sitt intranett og legg til rette for dei folkevalde sin bruk av nettbrett i kommunale møte. I tillegg driftar vi heimesidene: trivselshagen.no,

heimesida til kyrkja i Gloppe og nettsida til Sandane-dagane.

Servicetorget samarbeider både med dei andre kommunane i Nordfjord om nett-tenester og data-løysingar og med det lokale næringsliv om marknadsføring og profilering av Gloppe.

Servicetorget er samlokalisert med kommunen si arkivteneste. Servicetorget er sentralbord for heradshuset og tenestene i helse og omsorg, unntake legekontoret.

Servicetorget legg til rette for borgarleg vigsel. Det er ordførar og varaordførar som har vigselsrett. Det vart gjennomført 7 vigslar i 2019.

Nøkkeltal	2019	2018	2017	2016	2015	2014
Søknader om bustøtte	72	69	78	78	**	**
Sum bustøtte i 1.000 kroner		1.100	844	1.752	1.523	1.860
Innvilga startlån til	9	9	10	9	9	14
Innvilga søknader om tilskot til etablering av bustad til TT-ordninga (drosjekort)*	2	3	5	4	5	5
Parkeringsløyve*	242	248	268	251	242	237
Utskrivne følgjekort* (nye kort)	6	10	4	7	5	2
Ambulerande skjenkeløyve/løyve for eit enkelt høve*	6/29	5/21	1/16	1/15	0/15	3/18
Billettsal* (tal selde og utleverte billettar)	1.641	888	896	1.580	5.003	2.497
Tildeling av kommunal tomt*	11	11	13	7	6	7
Førehandsrøysting	1.169 ¹		1.265 ¹		854 ¹	
Talet på journalførte inngående brev	9.038	8.423	7.389	7.166	7.491	7.490
Talet på journalførte utgående brev	5.011	5.083	4.341	4.091	4.621	5.428
Talet på interne notat/brev	2.176	1.909				
Talet på borgarlege vigslar	7	12				

¹ Talet inkluderer mottekne førehandsrøyster til andre kommunar

* Tenester merka med * skal det ikkje vere ventetid på. Det betyr at svar blir gjeve same dag eller dagen etterpå. Denne målsetting er oppfylt.

**Statistikken for 2014 og 2015 viser kor mange som har fått innvilga bustøtte, ikkje kor mange som har søkt.

ARKIVTENESTA

Frå 1. august 2014 er arkivtenesta organisert som ei eiga fageining i stab og støtte med arkivleiar som fagleg ansvarleg. Arkivtenesta har to tilsette. Talet på journalførte brev er ikkje dekkande for kommunen sin korrespondanse. Mykje av korrespondansen i dag går føre seg på e-post direkte til og frå kommunen sine tilsette. Saksarkivet er no fullelektronisk med unnatak av personalarkivet som berre er på papir.

IKT-AVDELINGA

Frå 1. august 2014 er ikt-avdelinga organisert som ei eiga fageining i stab og støtte med ikt-sjefen som fagleg ansvarleg. Eininga har tre tilsette (2,9 årsverk). Eininga har ansvar for enkel brukarstøtte, innkjøp av ikt-utstyr og ikt-opplæring i kommunen. Driftsansvaret for ikt-løysingane og brukarstøtte er overført til Nordfjordnett i Måløy.

PERSONALAVDELINGA

Frå 1. august 2014 er personalavdelinga organisert som ei eiga fageining i stab og støtte med personalsjefen som fagleg ansvarleg. Eininga har ein tilsett (1 årsverk).

SKATTEOPPKREVJAREN

Gloppen har no felles skatteoppkrevjar med Eid kommune. Vi har arbeidsgjevaransvar for ein tilsett (0,7 årsverk).

ØKONOMIAVDELINGA

Frå 1. august 2014 er økonomiavdelinga organisert som ei eiga fagavdeling i stab og støtte med økonomisjefen som fagleg ansvarleg. Eininga har ni tilsette (7,7 årsverk).

Oppgåvane/-funksjonane som ligg til økonomiavdelinga er

- kommunen si lønnsavdeling
- fakturabehandling
- fakturering og innkrevjing av kommunale avgifter, gebyr og andre uteståande fordringar
- økonomisk planlegging (budsjett/økonomiplan)
- økonomisk kontroll og oppfølging av drift og anlegg
- fastsette økonomiske rutinar i etatane og syte for at desse vert enkle og oversiktleg
- føre kommunen sine rekneskap
- syte for god og sikker plassering av kommunen sine likvide midlar
- innkjøp og elektronisk handel

I tillegg til kommunerekneskapen er avdelinga ansvarleg for føringa av rekneskapen til fellesrådet og har dei same oppgåvane på lønn, fakturering og innkrevjing for fellesrådet som for kommunen, og leiger ut dagleg leiar til Gloppen Energi AS.


PLAN- OG UTGREIINGSAVDELINGA

Avdelinga er organisert som ei eiga fageining, og har tre tilsette (2,6 årsverk). Tilsette i eininga har følgjande faste ansvarsområde:

- Fagleiar for eininga er leiar for rådmannen sitt planforum og er koordinator for kommunen sitt skade og ulukkesførebyggjande arbeid gjennom «Trygge lokalsamfunn» og «Trafikksikker kommune» satsinga.
- Rådgjevar/ folkehelsekoordinator har hovudansvar for utarbeiding av kommunen sitt kunnskapsgrunnlag i lag med ei tverrsektoriell fokusgruppa, er leiar for kommunen sitt rusfaglege forum og koordinator for «Av og Til» - satsinga. I 2019 har ho også hatt ansvaret for spelemiddelsøknadane i Gloppen.
- Rådgjevar/ planleggjar i eininga har hovudansvar for å koordinere kommunen sitt arbeid innan klimaomstilling og tettstadutviklingsarbeid.
- To av dei tilsette er sekretær for *eldrerådet* og *rådet for menneske med nedsett funksjonsevne*

Kommunalt planforum har i løpet av 2019 hatt 14 møte. Eit av desse var eit fellesmøte med styret i Gloppen næringsorganisasjon om ny område-reguleringsplan for Sandane sentrum. I tillegg har delar av planforum hatt 8 arbeidsøkter knytt til arbeidet med arealdelen. Leiar av planforum har delteke på 10 månadleg møte med rådmann si leiargruppe, der plan og utvikling står på agendaen.

Arbeidet i plan og utgreiingsavdelinga er omtala i eige kapittel på side 71.



Klart for førehandsstemming i servicetorget august 2019. Foto Siv Kvalsvik Haugen.

Samarbeid og interkommunale tenester

Gloppen kommune er medlem av ei lang rekke interkommunale samarbeidsordningar som har vorte til fordi vi er for små på området til å løyse oppgåvene åleine. I oversikta som følgjer er berre formaliserte samarbeid tekne med:

Namn	Formål	Organisering	Årlege kostnader/inntekter				
			2019	2018	2017	2016	2015
Nordfjordrådet	Regionalt samarbeid	§ 27-samarbeid	237	235	116	75	75
Nordfjord Miljøverk*	Innsamling, transport og deponering avfall	Interkommunalt selskap (IKS)	0	0	0	0	0
Nordfjord Havnevesen	Hamnesamarbeid	Interkommunalt selskap (IKS)	-312	-275	-281	-172	-461
Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS**	Brann- og tryggleiks-alarmvarsling	Interkommunalt selskap (IKS)	926	832	761	749	749
Vestland Revisjon KOF***	Revisjon	Kommunalt oppgåvefellesskap	534	661	676	707	632
SEKOM-sekretariatet KOF***	Sekretariat for kontrollutvalet	Kommunalt oppgåvefellesskap	205	174	178	155	180
Trivselshagen IKS****	Drift av idretts- og kulturbygget	Interkommunalt selskap (IKS)	12.365	11.973	11.472	11.317	10.937
Nordfjordnett KOF***	Drift av felles IKT-løysingar	Kommunalt oppgåvefellesskap	3.381	3.249	2.958	2.902	2.454
Kommunearkivordninga i Vestland KOF***	Arkiv- og deponitester	Kommunalt oppgåvefellesskap	200				

Tal i 1.000-kroner.

* Kostnadene med drift av Nordfjord Miljøverk IKS blir dekkja inn av NoMil sine abonnementar.

** Endra organisering, mellom anna endring frå §27-samarbeid til interkommunalt selskap i 2019

*** Endra organisering, mellom anna endring frå §27-samarbeid til kommunalt oppgåvefellesskap i 2019

**** Den kommunale kostnaden med drift av anlegga i Trivselshagen kjem fram som husleige.



Landsbylaurdag. Foto: Birte Fossheim.

Samfunnsutvikling og overordna planarbeid



Frå Mobilitetsveka 2019: Markering av trygg sykkelveg. Foto: Beate Kornberg.

Overordna planlegging

Kommuneplan – Samfunnsdel med handlingsprogram og ny arealdel

Planprogram for ny arealdel vart vedteke 25. april 2018, og hadde som mål å få den ferdigstilt og lagt på høyring hausten 2019. Planen er framleis under utarbeiding. Dette skullast avgrensa ressursar til planarbeid i ein lenger periode våren og sommaren 2019, forseinkingar i anna planarbeid og stor pågang av andre prioriterte oppgåver.

Hausten 2019 vart det gjort eit arbeid for å forenkle og strukturere arbeidet med Handlingsprogram 2020 – 2023 i samarbeid med sektorleiarane, som i 2019 vart lagt som vedlegg til økonomiplanen og vedteken ilag med den.

Planstrategi 2020 – 2024 – Evaluering og oppstart av arbeidet

Kommunestyret fekk i sitt siste møte i førre periode Planstrategi 2016 – 2020 til evaluering, og allereie i sitt første møte i nytt kommunestyre vart det vedteke plan for framdrift, gjennomføring av prosessen og å varsle oppstart av arbeidet. I samband med opplæring av politikarar og råda vart planstrategi sett på agendaen.

Kommunedelplanar vedteken i 2019

Kulturminneplan for Gloppen 2019-2029 vart vedteken av kommunestyret august 2019.

Planen skal gjere oss meir bevisste på verdifulle kulturminne i kommunen. Den skal hjelpe oss å prioritere og få til ei god forvaltning av kulturminna. Mange av kulturminna i kommunen er i privat eige, og det er difor viktig med eit godt samspel med grunneigarar om bevaring.

Planen er tilgjengeleg på kommunen si heimeside, som innbunde hefte og kulturminna vil også bli vist i eit kartgrensesnitt. Det at planen er tilgjengeleg på ulike format, gjer at fleire kan bli kjent med innhaldet og kulturminna som er trekt fram i planen. Det gjer det også lettare å bruke planen i formidlingssamanhang inn mot skular, reiselivsaktørar, lag- og organisasjonar. Det å kjenne historia til folk som har levd før oss, skaper nysgjerrigkeit, identitet og stoltheit blant innbyggjarane.

«Kulturminna våre fortel oss kven vi var – og minner oss på kven vi er», Ove Eide, lektor og forfattar frå Gloppen.

Kulturminneplan 2019-2029



Skilting av historiske bygg i Sandane sentrum

I eit samarbeid med Gloppen sogelag og for tettstadmidlar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, er det gjennomført eit prosjekt med skilting av historiske bygningar i Sandane sentrum. Til saman 14 hus har fått glasskilt med bilde og historia til bygget på. Vidare arbeid i prosjektet er å lage ei brosjyre for kulturvandring i sentrum med utgangspunkt i dei historiske bygga.

GLOPPEN HERADSHUS

Byggeår: 1956
Arkitekt: Erlend Tryti, Bergen
Byggkostnad: kr 850 000
Byggstil: Nyempire
Sartrekk: 4-vegs klokketårn

Innhold ved opninga:

- ◊ Offentlege kontor
- ◊ Møterom
- ◊ Bibliotek
- ◊ Skuletannlækjar
- ◊ Eigen kommunestyresal
- ◊ Rettssal med 100 sitteplassar
- ◊ Husvære for vaktmeister

I august 2016 vart store deler av heradshuset skadd i brann. Huset stod ferdig restaurert i august 2018. Gloppen Kunstlag nyttar trappene oppgangen til galleri.

Gloppen heradshus 1958. Foto utlånt av Ola Nyhagen

Gloppen kommune GLOPPEN SOGELAG

Klimaomstilling



Elsyklar til utlån. Foto: Siv Kvalsvik Haugen.

Kommunestyret vedtok i august 2019 å starte opp arbeid med klimaplan for Gloppen. Hausten 2019 har vi jobba med kunnskapsbygging for arbeid med klimaplanen. Gloppen har delteke i eit klimanettverk med Jølster, Gular, Førde, Naustdal og Flora (no Sunnfjord og Kinn kommune) Arbeidet i nettverket har hatt fokus på kunnskapsbygging innan klimarekneskap og klimabudsjett. Dette vil kome til nytte i klimaplanen og for Gloppen kommunen sitt arbeid med reduksjon av klimagassutslepp.

Gloppen kommune søkte og fekk kr 165 000 i tilskot frå Miljødirektoratet til ei utlånsordning for elsyklar. 10 elsyklar og 2 transportsyklar er til gratis utlån for innbyggjarane i kommunen. Målet med prosjektet er å stimulere til miljøvennleg transport. Mange som prøvar elsykkel merkar at dette er ei positiv oppleveling for humøret, helsa og miljøet.

Gloppen deltok i Mobilitetsveka for andre gong i 2019. Dette er ein Europeisk kampanje med fokus på å få fleire til å gå og sykle. Hovudfokuset dette året var «Aktiv transport». Det var ulike arrangement i løpet av veka. Kommunen bruker kampanjen til å sette fokus på manglende gang- og sykkelvegar.

Dette året var det gå- og sykkelaksjon på strekninga frå Myklebustkrysset til Breim skule. Mobilitetsveka vart avslutta med Bilfri dag i Sandane sentrum, der alle som gjekk, sykla eller samkjørte til sentrum denne fredagen vart premiert med god gjørbakst og refleks.

Tettstadutvikling

Det har også dette året vore jobba med områdereguleringsplan for Sandane sentrum. I mai leverte Norconsult sin rapport om mogleg sikring av sentrum mot havnvåstigning og stormflo.

Rapporten er delfinansiert av Miljødirektoratet. Det var gjennomført høyring av justert planframlegg sommaren 2019, og vegna vidare var drøfta i

planutvalet rett etter kommunevalet. NVE har varsle motsegn mot planen, og på hausten vart difor Norconsult engasjert for å sjå nærmare på mogleg kvikkleireproblematikk i sentrum. Det er forventa planvedtek i løpet av første halvår 2020.

I 2017 fekk vi tildelt 740.000 frå Sogn og Fjordane fylkeskommune sine tettstadmidlar til gangveg langs Holvikselva/Fargarelva i samband med NVE og kommunen sitt flaumsikringsarbeid. Dette arbeidet vart starta på i 2018, og eit flott anlegg sto ferdig sommaren 2019.

I 2016 vart det etablert ein midlertidig leikeplass på Heradspllassen. Våren 2019 vart det bestemt at leikeapparata skulle bli permanent på Heradspllassen, og stein og grus blei bytta ut med myuke fallmatteunderlag.

I 2019 har landsbyrådet arrangert 12 landsbylaurdagar på Sandane – ein laurdag i månaden. Målet har vore å skape ein meir levande og inkluderande møteplass i kommunensenteret for ulike aldersgrupper. Lag- og organisasjoner har vore invitert til å delta for å vise fram og profilere sine aktivitetar. Det har vore eit godt samarbeid med festivalane og kulturskulen i kommunen, som har gitt flotte kulturbidrag på landsbylaurdagar. Etter eit år, ser vi at møteplassen landsbylaurdag er blitt populær. Dette er eit samskapingsprosjekt der kommune, næringsliv, kulturaktørar og frivillige løftar i lag for fellesskapet. Landsbylaurdagar bygger verkeleg opp om Gloppen sin posisjon – «Ein rikare kvardag – midt i verda».

Næringsutvikling

Gloppen viser igjen. Det ser vi på alle dei som er nysgjerrige på korleis vi gjer det og korleis vi klarer å få det til. Heisekranene og høg byggeaktivitet vitnar om framtidstru i kommune.

Det grøne skiftet er over oss. Gjennom Strukturplast og Br. Aa er arbeidet med å etablere NCMT, Norsk senter for materialteknologi, godt i gang. Ei spennande satsing som nettopp vil finne ut korleis ein framover skal finne framtidas produkt og samtidig sjå sirkulærøkonomien i det vi har produsert. I tillegg jobbar Nomil vidare med sitt biogassprosjekt som ein har forventningar til blir realisert.

Ein kritisk faktor i Gloppen er mangel på næringsareal. Vi har ikkje klart å legge til rette for nye areal i 2019. Mange ventar spent på traseaval på E-39 ved Byrkjelo. Med denne beslutninga på plass, vil og plassering av framtidig næringsareal på Byrkjelo bli tydlegare.

I 2019 opna fleire spennande reiselivsprodukt og opplevelingar som vil sette Gloppen på turistkartet framover. Fosseteateret i Træselsskogen og Nordfjord stisenter på Vereide vil vere viktige i

reiselivssatsinga i kommunen framover. Fase 2 av stisenteret er tenkt oppstarta i 2020. Prosjektgruppa bak Eggenipa har og starta arbeidet med forventning om ferdigstilling i 2022. I tillegg vert det jobba med vandrerutene «Nordfjord-ryggen» og «Nordfjorddegg» som begge vil vere med å forsterke Gloppe sin aktive posisjon som natur og friluftsliv destinasjon.

Dei unge finn vegen til Gloppe. Dei tar med seg jobben frå byen og etablerer seg med hus og familie. Dette er ei gledeleg og ønska utvikling. Det er kjekt å registrere at det vil bli mykje barnelatter og familieaktivitet i dei kommunale byggefelta i Hetlebakkane og Valborgkleiva framover.

Vi er heldige som har eit variert og spennande næringsliv som kvar dag tilbyr spennande, utfordrande og variert arbeidsmuligheter for oss som bur her eller pendlar inn.

Bustadpolitikk

I løpet av 2019 er det i følgje SSB (tabell 06266) oppført 53 nye bueiningar i Gloppe som fordeler seg på: 14 einebustadar, 9 i tomannsbustadar, 12 nye bueiningar i bustadblokk og 12 nye bueiningar i andre bygningstyper (t.d. næringsbygg, garasje o.l.). Dette er ei svak auke i tal bueiningar frå året før (49 bueiningar der hovudveksten kom som bueiningar i blokk).

Bustader til vanskelegstilte

I løpet av det siste året har kommunen kjøpt ein tomannsbustad med 3 soverom i Røysatunet. Ved utgangen av året hadde kommunen 53 kommunalt eigde og 26 innleigde bustader til disposisjon. Tomleige er ei utfordring då behovet til ei kvar tid endrar seg. Vi prøver likevel å halde tomleiga på eit minimum.

I siste halvdel av 2019 starta arbeidet med fire nye leilegheiter i Valborgkleiva. Dei skal vere klare for overtaking i mars 2020. Kommunen har inngått leigeavtale for desse leilegheitene med Fjellstad stiftelse.

Trygge lokalsamfunn

Gloppe kommune er godkjent som eit trygt lokalsamfunn, og i løpet av 2019 har det vore arbeidd med følgjande satsingsområde

Trygg i trafikk

Vi har også i 2019 hatt fokus på å spreie kunnskap om viktige trafikktryggingstiltak til ulike målgrupper. Gjennom servicetorget har vi nytta oss av Trafikksikker kommune sine månadlege nyheitsplakatar, og lagt dei ut på informasjonsskjermar i kommunen (til dømes i Trivselhagen, legekontor o.l.). I samband med Mobilitetsveka 2019 planla vi og gjennomførte ein gå- og sykkelaksjon langs FV 60

på Byrkjelo, med stor oppslutnad. I etterkant av aksjonen deltok planleggarar og varaordførar i ein time ved Breim skule.

Gjennom ulike fasar av planprosessen rundt områdereguleringsplan for Sandane og arealdelen, har det vore jobba med «Trygge skulevegar» og auke forståinga for kor viktig det er å legge meir til rette for gåande og syklande i omkring tettstadane våre.

I slutten av august sto eldrerådet i Gloppe som arrangør av den årlege fellessamlinga for eldreråda i Nordfjord. Her var hovudtema eldre i trafikken – der Torbjørn Brosvik frå trafikkseksjonen i Statens vegvesen, region vest orienterte om kurset «Bilførar 65+».

Rus- og kriminalitetsførebyggande arbeid

Gloppe kommune er ein «Av og til» – kommune, og rusfagleg forum har i 2019 hatt eit spesielt fokus på av-og-til sin kampanje retta mot foreldre. Den heiter "Kor mange glas toler barnet ditt?" og har blitt markert med stand med 3D-brillefilm på landsbylaurdag, i sosiale media, med plakatar og med ei storstilt utdeling av informasjon og materiell på countryfestivalen i Breim i juli. Før jul fekk alle barnehagebarn i kommunen ein pose med fine effektar frå av-og-til og informasjon til foreldra om alkohol i samvær med barn og unge.

Vi har også markert fleire kampanjar: Båt og badeliv, livskriser, idrettskampanjen og alkovett-kampanjen, men i mindre grad enn hovudkampanjen.

Psykisk helse

«Verdsdagen for psykisk helse» vart også i 2019 arrangert som eit stort, ope og dugnadsprega arrangement. Rundt 100 deltok i markeringa på tvers av aldersgrupper og nasjonalitet. I 2019 vart det sett eit ekstra fokus på mobbing og grensesetting i Gloppe. Alle FAU var samla til eit felles møte der dei diskuterte felles køyreregler for barn og unge når det gjelder mellom anna skjermbruk, språkbruk og aldersgrenser på spel og sosiale media. Arbeidet skal fortsette i 2020, og det kjem til å bli fleire felles møter for alle FAU. Breim skule hadde eit foreldremøte i november der elevane deltok. Også her var tema mobbing.

I 2019 fekk Gloppe kommune 250 000 kr frå ordninga "prosjekt-skjønn" i regi av fylkesmann, til eit prosjekt som dreier seg om auka tverrfagleg satsing på psykisk helse. Ungdom var ei viktig målgruppe i søknaden, og Firda VGS er ein samarbeidspart. Kommunen fekk også midlar til eit prosjekt der vi skal etablere ungdoms-los og meistringstreff for ungdom som står i fare for å droppe ut frå skulen. Desse prosjekta kom ikkje i gang i 2019, men det vart tilsett ein felles prosjekteiar frå årsskifte.

Arbeidsmarknaden

Ved utgangen av 2019 var arbeidsløysa 0,7 % i Gloppe. Til samanlikning var arbeidsløysa i Sogn og Fjordane på 1,4 % og i landet på 2,3 %. I gjennomsnitt hadde Gloppen ei arbeidsløyse på 1,0 % i 2019. Arbeidsløysa i Gloppen har over tid vore stabilt låg.

Mottak og integrering av flyktninger

Vi busette 18 ordinære flyktningar i 2019. 9 vaksne og 9 barn. I tillegg busette vi 4 barn og 1 voksen på familiegjenforening.

Resultatet i 2019 enda på 66,7% i vidaregåande utdanning og 33,3 % over på anna. 2 av dei på anna gjekk på grunnskule og 1 på lønnstilskot frå NAV.

Han gjekk i 2020 over på lærling i bedrift og skal ta fagbrev. Dette var avtalen då vedkomande gjekk over på lønnstilskot. 33 personar var på introduksjonsprogram i løpet av 2019. 9 av desse gjekk ut av programmet.

Vi har busett ei ny gruppe menneske og dette har gjort at vi no tenkjer nytt og endrar arbeidsmetodikk. Vi har så stort sprik i gruppa at vi har laga ein todelt bustadskule for å kunne tilby tilpassa opplæring.

Vi har og hatt utskifting i personalgruppa. I perioden august 19 – februar 20 sto vi utan programrådgjevar. Desse oppgåvene vart delt på andre i flyktningtenesta.



Siste kommunestyremøte for valperioden 2015-19. Foto: Siv Kvalsvik Haugen.

Kven representerer Gloppen kommune?

Gloppen kommune deltar i ei lang rekke samarbeid både interkommunalt og i andre samanhengar. I nokre av desse har kommunestyret, og unntaksvis andre kommunale organ, peika ut spesielle personar som skal representer Gloppen i styrande organ. Viss ikkje det er peika ut eigne representantar, er det ordføraren som er kommunen sitt medlem i organet. Her er ei oversikt over kommunalt valde eller utpeika representantar i ulike samarbeidsorgan ved årsskiftet 2019/2029 (representasjon i aksjeselskap der kommunen er aksjonær, er ikkje med i oversikta):

Nordfjord Miljøverk (NoMil) IKS

Kommunale medlemmer i representantskapet:
Leidulf Gloppestad (Sp), med vara Laila Frøystad Falck (Ap) – Roar Henden (H), med vara Jostein Arne Røyrvik (Sp) – Marièl Eikeset Koren (MDG), med vara Gro Vereide (SV). Kommunen sin representant i styret (valt av representantskapet): Gunnvor Sunde (SD), med vara Jeffrey Thomas (Sp).

Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS

Kommunalt medlem i representantskapet: Per Jarle Myklebust (Sp), med vara Anne Grete Hoddevik (SD). Magni er leiar av representantskapet.

Nordfjord Havn IKS

Kommunal representant i hamnerådet: Ordføraren Leidulf Gloppestad (Sp), med Venke Kollbotn (KrF) som vara. Kommunen sin representant i styret (valt av hamnerådet): Solveig Lien Gusdal (Sp), med Per Rune Vereide (Sp) som vara.

Trivselshagen IKS

Kommunen sine medlemmer i representantskapet: - Per Jarle Myklebust (Sp), med vara Bjarte Gangeskar (V) - Katrine Anita Haugerøy Heggelund (SV), med vara Marit Reikvam (Ap). Trond Ueland og Kjersti Rønningen er kommunale representantar i styret der førstnemnde er styreleiar.

Stiftinga Frivillegsentralen i Gloppen

Kommunal utsending til årsmøtet i stiftinga: Arnfinn Brekke (KrF), med var Marit Straume. Kommunal representant i styret: Per Ståle Husevåg (KrF).

Stiftinga Karnilstunet

Kommunen sin representant i styret for stiftinga: Olaf Sigurd Gundersen (Sp) med vara Venke Kollbotn (KrF).

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

Leidulf Gloppestad (Sp) sit i rådet med vara Olaf Sigurd Gundersen (Sp).

Stiftinga Norsk Countrytreff

Kommunen sitt medlem på generalforsamlinga: Vidar Sandal (Sp), med vara Frode Fagerli (KrF). Kommunale representantar i styret:

Stiftinga Norsk Fjordhestgard

Kommunal representant til rådet i stiftinga: Jostein Arne Røyrvik (Sp), med Sivert Jan Ommedal (KrF) som vara.

Vestland Revisjon KOF

Kommunen sitt medlem i representantskapet: Solveig Lien Gusdal (Sp), med Sivert Jan Ommedal (KrF) som vara.

Kommunearkvordninga i Vestland KOF

Kommunen sitt medlem i representantskapet: Ordførar Leidulf Gloppestad (Sp). Kommunal representant i styret: Rådmann Jan Kåre Fure.

SEKOM sekretariat KOF

Kommunen sitt medlem i representantskapet: Beate Dybendal Nordvik (H), med Bjarte Gangeskar (V) som vara. Kommunale representantar i styret: Per Rune Vereide (Sp).

Gloppen kyrkjelege fellesråd

Kommunen sin representant rådet: Bernt Reed (Sp), med Liv Petra Holme (Ap) som vara.

Nordfjord Folkemuseum

Kommunen sin representant i rådet: Magni Aa Berge (Sp), med Anders Rinde (KrF) som vara.

Jostedalsbreen Nasjonalpark

Kommunen sin representant i nasjonalparkstyret (peika ut av Miljødirektoratet): Marièl Eikeset Koren (MDG) med Vidar Sandal (Sp) som vara.

Naustdal-Gjengedal landskapsvernombård

Kommunen sin representant i styret (peika ut av Miljødirektoratet): Karoline Bjerkeset (Sp), med Olav Fuglestrand (V) som vara.

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

Kommunen sin representant: Gunnvor Sunde (SD) med Eivind Reed (Sp) som vara. Det er Miljødirektoratet som peikar ut nemnda.

Ålfotbreen landskapsvernombård

Kommunen sin representant i styret (peika ut av Miljødirektoratet): Karoline Aldis Bjerkeset (Sp), med Jan Ove Rygg (H) som vara.

Utviklingsfondet for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombård

Kommunen sine medlemmar i styret er Magni Aa Berge og Olav Fuglestrand.

Årets prisvinnarar i 2019

Kulturprisen til Ola Nyhagen



Prisvinnar Ola Nyhagen saman med ordførar Leidulf Gløpestad (til venstre) og leiaren i teknisk-, miljø og kulturutvalet Olav Klungre (til høgre).

Foto: Jan Kåre Fure.

Kulturprisen for 2019 vart tildelt Ola Nyhagen. Ola Nyhagen har lang fartstid i kulturlivet i Gloppe, og grunngjevinga vart derfor tilsvarende lang:

Æresmedlem i STIL

Ola Nyhagen er æresmedlem i Sandane turn- og idrettslag. På 1950-talet var han aktiv fotballspelar, og fekk spelarmerket i bronse for 61 kamper på laget. Nyhagen var med i STIL si veteran-tropp i turn, både i veteran menn og veteran mix. Begge gruppene var gode ambassadørar for STIL og Gloppe, både regionalt og på landsturnsteme. Som veteran-turnar deltok Nyhagen under «Verdens Gymnaestradaen» i Berlin i 1995.

I STIL har Ola Nyhagen ikkje berre vore ein aktiv idrettsutøvar, men også ein særskilt tradisjonsforvaltar. Han samla inn og bygde opp eit omfattande lagsarkiv, med protokollar, årsmeldingar etc. Dette arkivet var heilt avgjerande for at det vart mogeleg å skrive lagssoga for STIL i 2002. Han var også ei drivande kraft då medlemsbladet for STIL vart tatt oppatt tidleg på 1970-talet, etter å ha lege nede sidan 1941. Og han var med i gruppa som laga den populære «STIL-kalenderen» frå slutten av 1980-åra, fram til 2009. Mellom desse finn vi «Fredskalenderen» frå 1995, med fotografi frå krigsåra.

Lokalhistorie

Ola Nyhagen har vore spesielt interessert i lokalhistorie. Han var ein av initiativtakarane til skipinga av Gloppe Sogelag i 1998, og har vore medlem av redaksjonen i sogelaget sitt lokalhistoriske årsskrift Ljøren sidan starten i 1999. Han er, etter 20 år, framleis ein sentral person i redaksjonen.

Fylkesbiblioteket sin database for «Lokalhistoriske artiklar Sogn og Fjordane» viser at Ola Nyhagen har vore forfattar eller medforfattar til 46 artiklar i Ljøren. I tillegg til artiklane i Ljøren, har Ola Nyhagen vore medforfattar på jubileumsbøker for Sandane

ungdomslag og STIL, i samband med hundreårsjubilea deira, og han har i årevis vore medredaktør for spalten «Før i verda» i Firda Tidend.

Bildearkiv

Ola Nyhagen har ei stor privat samling med fotografi og postkort. Denne samlinga har vore ei uvurderleg kjelde for mange som har arbeidt med den lokale historia – og Nyhagen har delt både bilde og kunnskapar med dei mange som har tatt kontakt. Bilde frå denne samlinga har han også delt i populære fotokåseri, som har gjeve tilhøyrarane fine opplevingar – og kunnskap om tidlegare tider i Gloppe. I regi av Gloppe Sogelag har han delteke i fleire sentrums-vandringar med orientering om det gamle Sandane sentrum. Han var også medlem i sogelaget si arbeidsgruppe «Særprega hus på Sandane», som har fått laga skilt med informasjon om 14 eldre hus i Sandane sentrum.

Viktig kjelde og rettleiar

I arbeidet med kommunen sin kulturminneplan (ferdig 2019) var Nyhagen ei verdfull kjelde og ein god rettleiar. Den same rolla har han hatt i fleire bokprosjekt, som t.d. Ivar Andenæs Gloppe og glopparane (2019), Ove Eide: Laks, lordan og lokalmat. Sivertsens og Gloppe hotell gjennom 150 år (2016) og Jon Tvinneireim m.fl. Nordfjordboka (2016).

Verdig vinnar

Med si store bildesamling og sine omfattande kunnskapar om Sandane og Gloppe si fortid, er Ola Nyhagen som ein eigen institusjon å rekne. Mange er dei som har tatt kontakt med Ola Nyhagen og fått framifrå hjelpe i arbeidet med lokalhistoriske spørsmål. Og han er ein som deler raust med andre, både fotografi og kunnskapar. Ola Nyhagen er påliteleg i alt han tek seg til, nøyaktig og presis. Han er ikkje av dei som søker merksemeld i media og forsamlingsar, men det er få som har hatt så stor betydning for å sikre kunnskapar om fortida vår som han.

Det er ei ære å tildele kulturprisen for 2019 til Ola Nyhagen.

Det er teknisk-, miljø og kulturutvalet som tildeler kulturprisen.

Ungdomens kulturpris til Frida Bjørnereim



Prisvinnaren Frida Bjørnereim. Foto: Juni Margrete Solbakk Flølo.

Ungdomens kulturpris for 2019 vart tildelt Frida Bjørnereim. Gloppen ungdomsråd grunngav tildelinga med det store engasjementet hennar:

Frida har vore aktiv med å arrangere bLAN og UKM i fleire år, dette er store arrangement som krev godt overblikk og organisering. Ho har delteke aktivt i elevråd og Ungdomsråd. Som medlem i Natur og ungdom har ho teke stor del i både streikeaksjon og byttedag.

Frida har eit sterkt engasjement for miljøet og er eit inspirerande forbilde for andre. Ho er prinsippfast i sin kvar dag og har eit bevisst forhold til kva ho kjøper og bruker for å unngå unødvendig plast. Ho har shoppe-stopp, og skal ikkje kjøpe seg nye kle i 2019, i staden kjøper ho brukta og syr om kleda.

"Vi har berre ein planet, og eg ser kor mykje som står på spel, og då vil eg sjølvsagt gjere noko med det" seier Frida Bjørnereim

Frida brukar sin Instagramkonto aktivt for å dele viktig informasjon og nyttige tips til andre slik at dei kan få ein meir berekraftig og miljøbevisst kvar dag. Frida har heile 1200 Instagram-følgjarar og når difor ut til eit stort publikum.

Ungdomsrådet avsluttar si grunngjeving med "vinnaren av årets ungdomskulturpris er det berre å ta av hatten for".

Byggeskikkprisen til Firda Tidend-bygget



Aadne Gloppestad tok i mot prisen på vegne av huseigar Firda Tidend. Her saman med Katrine Anita H. Heggelund, nestleiar i teknisk-, miljø og kulturutvalet. Foto: Jan Kåre Fure.

Byggeskikkprisen for 2019 var tildelt Firda Tidend-bygget i Sandane sentrum. Nestleiar i teknisk-, miljø og kulturutvalet Katrine Anita H. Heggelund grunngav prisen slik:

Byggeskikkprisen har som formål å medverke til auka forståing for verdien av god byggeskikk, både ved nybygg og ved renovering eller endringar av eksisterande bygningsmiljø samt uteanlegg i kommunen. Det er teknisk-, miljø og kulturutvalet som delar ut denne prisen, og utvalet har lagt særleg vekt på at tiltakshavar i denne rehabiliteringa har valt å behalde stilten på huset slik det var opphaveleg både i forhold til fasade, vindauge og fargeval på huset. Utvalet vil også påpeike at det er veldig positivt at tiltakshavar og prisvinnar i stor grad har valt å nytte lokale bedrifter under rehabiliteringa. Restaureringa er gjort på ein framifrå måte, og til etterfølging for andre. Eit viktig prosjekt som løfter fram og forskjønner Nordstrandsvegen som ei fin handelsgate.

Firda Tidend-bygget eller også omtalt som Skarsteinhuset er frå 1884. Avisa Firda Tidend kjøpte huset i 1998, og gjorde ei omfattande restaurering både utvendig og innvendig i 2018 og 2019.

I forhold til retningslinjene for prisen, er arbeidet som er gjort absolutt med på å løfte fram verdien av god byggeskikk og den viktige historiske betydninga bygget har for Sandane sentrum. Restaureringa av Firda Tidend-bygget er eit forbilde og til inspirasjon for andre som vurderer å sette i stand bygningar i sentrum. Dei siste to åra har fleire bygg i sentrum blitt pussa opp eller fått eit etter lengta målingsstrøk. Det er også bygd mange leilegheiter i sentrum. Dette er ei veldig positiv og ønska utvikling for kommunesenteret

Det at bygga våre i sentrum er fine og godt vedlikehaldne, er med å gjøre kommunesenteret Sandane meir attraktiv for besökande. Dette er også viktig for stadkjensla og bruken av sentrum som møteplass for våre eigne innbyggjarar.

Vi gratulerer Firda Tidend-bygget med velfortent pris!

Det er teknisk-, miljø og kulturutvalet som tildeler byggeskikkprisen.

Arbeidsmiljøprisen til Ivar Arne Skeistrand



Prisvinnar Ivar Arne Skeistrand saman med ordførar Leidulf Gloppestad. Foto: Jan Kåre Fure.

Arbeidsmiljøprisen vart i år tildelt Ivar Arne Skeistrand. Arbeidsmiljøprisen omfattar ein diplom, ein gåvesjekk på kr 5.000 og ein blomster-bukett. Ordføraren ordla seg slik ved utdelinga:

Ivar Arne Skeistrand er driftsleiar for uteseksjonen - kommunalteknikk.

Ivar er ein person som står på stort sett kvar det skulle vere behov, uansett tid på døgnet, og legg ned ein stor arbeidsinnsats for kommunen. Han opptrer som eit godt forbilde for alle.

Han er alltid i godt humør og godt forberedt i høve arbeidsfordeling. På kommunalteknisk er det alltid mykje som skjer og som driftsleiar har Ivar ei stor evne til å fordele arbeidet slik at alle på uteseksjonen har meiningsfylt arbeid å gå til til ei kvar tid. Han er inkluderande og er ein berebjelke for alle.

Han er også oppteken av at alle skal ha utstyr og verktøy til å gjøre ein trygg og god jobb for Gloppe Kommune, og i så måte ein viktig bidragsytar for trivselen på jobb.

Det er arbeidsmiljøutvalet i Gloppe kommune som vedtek kven som skal få denne prisen, og det er ein verdig vinnar som fekk tildelt prisen i dag.

Gratulerer Ivar!

Det er arbeidsmiljøutvalet som tildeler arbeidsmiljø-prisen.

Årets gloppar for 2019

Prisen vart delt ut etter at årsmeldinga vart ferdigstilt og prisvinnaren vert presentert i årsmeldinga for 2020.